

Merete Haddal Bjåstad

## Frå kupp til kompromiss – kabeltrekking om kraft frå land

Ein casestudie om beslutningsprosessen fram mot  
tvungen elektrifisering av Utsirahøyden frå 2022.

Masteroppgåve i statsvitskap

Trondheim, juli 2015

Rettleiar: Espen Moe

Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet – NTNU

Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse

Institutt for sosiologi og statsvitenskap



Kunnskap for ei betre verd



## Abstract

Kor hardt står eigentleg klimaargument i møte med sterke næringsinteresser? Denne oppgåva utforskar forholdet mellom klima- og petroleumpolitikk, med vedtaket frå 2014 om tvungen elektrifisering av Utsirahøyden som case, for å finne ut kvifor vedtaket kom. Noreg har gjennom Klimaforliket vedtatt å kutte to tredjedelar av sine klimagassutslepp nasjonalt innan 2020, og petroleumssektoren står her for ein fjerdedel av utsleppa. Elektrifisering av oljeplattformer har sidan 1996 vore halde fram som ein superkur for å få ned CO<sub>2</sub>-utslepp frå oljeproduksjonen på norsk sokkel, men berre fire av 63 felt har sidan då fått kraft frå land. Tiltaket er kostbart, krev stabil kraftforsyning og er lite lønnsamt for petroleumssektoren.

Frå 2007 til 2011 fann ein nye store mengder petroleum på Utsirahøyden, vest for Rogaland. Oljebubelen steig, men baksida av medaljen var altså enda større utslepp, som ein allereie sleit med å kutte. Gigantfeltet Johan Sverdrup ga likevel trua på at ein no endeleg kunne få til å elektrifisere, men striden blei hard. Veggen mot vedtaket er prega av politisk spel og sterke interessekonfliktar, der både oljebransjen, fagbevegelsen, kraftbransjen og miljøbevegelsen er tunge premissleverandørar. Ein enda til slutt på eit kompromiss om elektrifisering innan 2022, to år etter måla i Klimaforliket skulle vere oppnådd.

Kvifor kom vedtaket om tvungen elektrifisering av Utsirahøyden innan 2022? Casestudien analyserer beslutningsprosessen for å sjå på årsakene som førte til vedtaket. Utgangspunktet er Johan P. Olsen (1989) sine fire perspektiv på utforming av petroleumpolitikk; politikk som rasjonell planlegging, institusjonelle rutinar og normer, forhandlingar og interessehevding og situasjonsbestemte tilfeldigheter. Datamaterialet er ein større dokumentstudie og intervju med sentrale aktørar.

Analysen viser at vedtaket ser ut til å ha kome på bakgrunn av eit situasjonsbestemt moglegheitsvindu, med eit regjeringsskifte og Klimaforliket som avgjerande faktorar, som igjen har mogleggjort interessehevding, politisk spel og forhandling mellom dei politiske partia og næringsinteressene.



## **Forord**

«...anten er eg tom eller full av faenskap»

(Tor Jonsson)

Ei mastergrad og ei lektorgrad – livet er fint.

Takk til alle informantane mine for tid og tankar.

Takk til Trondheim, Noregs beste studentby.

Takk til NTNU og «kunnskap for ei betre verd».

Takk til ISFiT og FN-studentene for statsvitskap i praksis – slik eg likar det best.

Takk til lektorjentene – dykk er kraftkvinner.

Takk til rettleiar Espen for skarpt blikk, og tolmod trass svak helse og utsetjingar.

Takk til kiropraktor Glenn.

Takk til min andre heim i Magnus Den Godes for at eg har gått frå sunnmøring til sosialist.

Takk til mi aller kjæraste familie.

Takk til tolmodige, gode Ola.

*Kva no?*

***Merete Haddal Bjåstad***



## Innholdsliste

<b>1</b>	<b>Innleiing .....</b>	<b>1</b>
1.1	Problemstilling.....	2
<b>2</b>	<b>Teori .....</b>	<b>3</b>
2.1	Tidlegare forskning og plassering i ein beslutningsteoretisk tradisjon.....	4
2.2	Fire perspektiv på petroleumspolitikkk .....	4
2.2.1	Politikk som rasjonell samfunnsplanlegging.....	5
2.2.2	Politikk som institusjonelle rutinar og regelfølgging .....	6
2.2.3	Politikk som interessehevding og forhandling .....	6
2.2.4	Politikk som tolking av situasjonsbestemte hendingar .....	7
2.3	Forventingar til funn i Utsirsaken.....	8
<b>3</b>	<b>Metodisk tilnærming .....</b>	<b>9</b>
3.1	Case som metode .....	9
3.2	Operasjonalisering, fokusområder og intervjuguide .....	9
3.3	Datainnsamling - triangulering.....	10
3.3.1	Dokumentstudie .....	10
3.3.2	Intervju og informantar .....	11
3.4	Validitet og reliabilitet.....	13
3.5	Generalisering.....	14
<b>4</b>	<b>Empiri .....</b>	<b>15</b>
4.1	Bakgrunn og kontekst.....	15
4.2	Vegen mot tvungen fullelektrifisering av Utsirahøyden innan 2022 .....	19
4.3	Empirioppssummering .....	46
<b>5</b>	<b>Analyse .....</b>	<b>49</b>
5.1	Politikk som rasjonell samfunnsplanlegging .....	49
5.2	Politikk som institusjonelle rutinar og regelføring .....	50
5.3	Politikk som interessehevding og forhandling .....	53
5.4	Politikk som tolking av situasjonsbestemte hendingar .....	61
<b>6</b>	<b>Diskusjon og konklusjon .....</b>	<b>65</b>
6.1	Kvifor kom vedtaket? .....	65
6.2	Oppsummering og konklusjon.....	68
6.3	Vidare forskning .....	69
<b>7</b>	<b>Litteraturliste .....</b>	<b>71</b>
	<b>Vedlegg .....</b>	<b>79</b>





## 1 Innleiing

I 2007 var det klart at ein for lengst hadde nådd peak oil i Noreg. Oljeproduksjonen gjekk nedover, og ein hadde ikkje funne nye store oljefelt på mange år. Det svenske oljeselskapet Lundin Oil sette likevel i gang prøveboring på Utsirahøyden, vest for Rogaland eit område mange trudde var gjennombora. Dei trefte blink, og oljefeltet Edvard Grieg var det største som var gjort i Noreg på 13 år. Og oppturen heldt fram. I 2008 fann Det Norske Oljeselskap feltet Ivar Aasen, før to funn av Lundin og Statoil i 2010 og 2011 viste seg å vere eitt kjempesfunn. Johan Sverdrup-feltet var eit av dei største funna på norsk sokkel på fleire tiår. Oljebubelen steig, men medaljen hadde likevel ei baksida. Produksjonen av dei nye funna ville sleppe ut store mengder CO<sub>2</sub> – og Noreg sleit allereie med å nå måla i Klimaforliket om å kutte to tredjedelar av våre klimagassutslepp nasjonalt. Petroleumssektoren stod for over ein fjerdedel av utsleppa i Noreg, med utslepp av nærmare 14 millionar tonn CO<sub>2</sub> i året (Miljødirektoratet 2015a). Dei nye felta ville gi store, nye store utslepp, og skulle vere i produksjon i opptil 50 år.

Elektrifisering av felta blei halde fram som løysinga. Med fornybar kraft frå land kunne ein redusere utsleppa med opp til 24 millionar tonn over levetida, 800.000 tonn per år (Olje- og energidepartementet 2014a). Men skulle det verkeleg skje no? Sidan Stortinget i 1996 hadde vedtatt at alle nye utbyggingar på norsk sokkel skulle vurderast for kraft frå land, hadde berre fire av 63 felt blitt elektrifisert. Elektrifisering var kostbart, og hadde tidlegare anslagsvis lege over summen av dei verkemidla petroleumssektoren var pålagt for å kutte utslepp, CO<sub>2</sub>-pris og kvotekjøp. Med ei samordna utbygging av kraft frå land, hadde ein her håp om at det denne gangen kunne vere lønnsamt.

Striden blei hard. Ti selskap måtte bli einige om kraft frå land-utbygginga, og Statoil konkluderte til slutt med at dei av økonomiske grunnar berre ville elektrifisere Johan Sverdrup aleine i fyrste fase og vente med avgjersla for resten av felta til fase to av utbygginga av Sverdrup-feltet. Dette fekk dei støtte frå regjeringa og Olje- og energidepartementet for. Ein stor politisk kamp starta, med sterke interessekonfliktar, der både oljebransjen, fagbevegelsen, kraftbransjen og miljøbevegelsen var sterkt inne. Mindretalsregjeringa Høgre og Frp blei fyrst kuppet av opposisjonen, inkludert det industrivennlege Arbeidarpartiet, med krav om fullelektrifisering av alle felta på Utsirahøyden, frå oppstartsfasen av Sverdrup-utbygginga i 2018. Grunngevinga var nettopp å nå dei nasjonale utsleppsmåla i Klimaforliket innan 2020. Regjeringspartia og oljebransjen meinte at ein ikkje burde tvinge dette gjennom ut frå dei

rammene og verkemidla som låg til grunn for petroleumssektoren, og Statoil sa vidare at ei fullelektrifisering ville utsette Sverdrup-utbygginga med eitt år, noko som betydde 20 milliardar i tapte inntekter. Dette ville også bety tap av kontraktar og arbeidsplassar for fagbevegelsen, som også protesterte. Ville verkeleg Arbeidarpartiet gå med på dette? Til slutt landa Arbeidarpartiet på tvungen fullelektrifisering i fase 2, innan 2022, to år etter Klimaforliket sine mål skulle vere nådd. Kva skjedde?

I denne oppgåva analyserer eg beslutningsprosessen fram mot vedtaket, for å sjå på årsakene som førte til vedtaket. Oppgåva er ein casestudie basert på ein dokumentstudie og intervju med involverte aktørar frå politiske parti, forvaltning, Statoil og interessegrupper frå fag- og miljøbevegelsen. Eg plasserer meg i ein beslutningsteoretisk tradisjon, med utgangspunkt i Johan P. Olsen (1989) sine fire perspektiv på utforming av politikk overfor petroleumsindustrien. Han peikar på at politikk ofte blir utforma i eit samspel mellom rasjonell planlegging og problemløysing, institusjonelle rutinar og normer, forhandlingar og interessehevding og situasjonsbestemte tilfældigheiter. At eg brukar alle perspektiva gjer meg i stand til å sjå på alle desse trekka, og korleis dei eventuelt har verka saman i utforminga av vedtaket.

Analysen viser at vedtaket ser ut til å ha kome på bakgrunn av eit situasjonsbestemt moglegheitsvindu, med eit regjeringsskifte og Klimaforliket som avgjerande faktorar, som igjen har mogleggjort interessehevding og forhandling mellom dei politiske partia og næringsinteressene. Vedtaket om tvungen fullelektrifisering innan 2022 ber klart preg av å vere eit kompromiss.

## **1.1 Problemstilling**

Med bakgrunn i dette er problemstillinga mi følgjande:

*Kvifor kom vedtaket om tvungen fullelektrifisering av Utsirahøyden innan 2022?*

## 2 Teori

Problemstillinga tek utgangspunkt i å forstå kvifor ein kom fram til vedtaket om tvungen elektrifisering, og er av eksplorerande karakter. Eg vil finne årsakene som ligger bak avgjersla. Beslutningsteori dannar difor det teoretiske bakteppet for analysen, fordi ein her finner forskjellige perspektiv som forsøker å forklare kvifor beslutningar kjem. Ein finn ofte beslutningsteori innan organisasjonslitteraturen, til å forklare åtferd og utfall i organisasjonar, gjerne endringsprosessar. Johan P. Olsen har her vore ein føregangsmann i utviklinga av feltet, saman med teoretikarar som James G. March, Michael Cohen og Herbert A. Simon, og blir framleis brukt i dag (jf. Jacobsen og Thorsvik 2013).

Olsen blir likevel mest aktuell for mi oppgåve, ved hans kombinasjon av beslutningsteori og statsvitskap, gjennom politisk organisering. Eg brukar i det følgjande hans fire beslutningsteoretisk perspektiv på petroleumspolitikken som analyseramme, frå boka *Petroleum og politikk* (1989). Her stilte Olsen spørsmål ved om folkevalte organ hadde vore styrande for petroleumsvirksemda i Noreg, eller om Noreg var prega av petrolisering, altså at oljeverksemda har hatt tilbakeverknad på den politiske organisasjonane. Han konkluderte med at institusjonsutviklinga i Noreg ikkje hadde blitt petrolisert og at petroleumspolitikken var blitt tilpassa det etablerte institusjons- og konfliktmønsteret i norsk politikk. Norsk forvaltingspraksis, etablerte konfliktlinjer og skiftande politiske styrkeforhold og tilfeldigheter hadde hatt gjennomslagskraft.

Mitt mål med oppgåva er ikkje ei større, generell analyse av politisk styring av petroleumsvirksemda. Oppgåva er veldig casespesifikk på eitt vedtak, og ser altså fyrst og fremst på beslutningsprosessen for å forklare kvifor ein fekk tvungen fullelektrifisering av Utsirahøyden. Olsen peikar på at politikk ofte blir utforma i eit komplisert samspel mellom rasjonell planlegging og problemløysing, institusjonelle rutinar og normer, forhandlingar og interessehevding og situasjonsbestemte tilfeldigheter. Graham Allison (1999) brukar mykje av det same rammeverket, og kunne også vore aktuell som teoretikar, men han brukar det i ein utanrikspolitisk kontekst. Det at Olsen har tilpassa dette rammeverket av beslutningsteori til norsk petroleumspolitik, gjer han dermed meir relevant for meg, sidan oppgåva mi tek føre seg eit vedtak som rettar seg mot nettopp petroleumindustrien.

Dei fire perspektiva til Olsen er politikk som rasjonell samfunnsplanlegging, politikk som institusjonelle rutinar, politikk som interessehevding og forhandling og politikk som tolking av situasjonsbestemte hendingar. Dei fangar opp ulike aspekt ved politisk åtferd. Det rasjonelle

perspektivet tek utgangspunkt i økonomisk planleggingsteori der staten som planleggingsmyndigheit optimaliserer fellesformuen og driver fornuftig ressurspolitikk. Det institusjonelle perspektivet rettar merksemda mot roller, reglar og rutinar og mot korleis institusjonell plassering av beslutningar påverkar deira innhald. I interesse- og forhandlingsperspektivet er dei viktigaste forklaringsfaktorane knytt til interesser og ressursar, og til dei koalisjonar som blir danna for forhandling. Det situasjonsbestemte perspektivet tek føre seg uføreseielege hendingar og samanfall som kan påverke utfall for vedtaka (Olsen 1989: 29). Ut frå dei fire perspektiva utleiar eg fire tilhøyrande hypotesar, som kan forklare ulike sider av den politiske beslutningsprosessen, og til saman dermed vise kvifor vedtaket vart som det vart.

## **2.1 Tidlegare forskning og plassering i ein beslutningsteoretisk tradisjon**

Valet av mine analyseperspektiv, gjer at eg plasserer meg i den ovanfor nemnte tradisjonen innanfor beslutningsteori, då særleg knytt til politiske beslutningar. Når det gjelder forskning på elektrifisering, er det skrive ein del generelle samfunnsøkonomiske analyser om elektrifisering av petroleumsutbyggingar generelt. Desse konkluderer med at elektrifisering ikkje medfører reduksjon i globale utslepp, og dermed ikkje er eit godt verkemiddel for å kjempe mot global oppvarming (Sandberg 2011, Osmundsen 2013, Rosendahl 2014). Sidan Utsiravedtaket er relativt nytt, frå 2014, er det ikkje skrive noko forskning om saka, som analyserer dei politiske mekanismane bak vedtaket. Vi skal også sjå i empirien, at det er gjennomført svært få elektrifiseringar i Noreg, og her fins det dermed ikkje noko forskning å bygge vidare på. Ein konklusjon som likevel er interessant for mitt tema, er av statsvitar og professor Sjur Kasa (2013). Han konkluderer i sin artikkel om utviklinga norsk klimapolitikk, at Noreg ønskjer å vere eit klimapolitisk føregangsland, men at høge kostnadar og politiske dilemma knytt til utsleppskjeldene i Noreg, gjer det kostbart og vanskeleg å gjennomføre desse tiltaka nasjonalt. Kasa hevdar at ein innanlandsk klimapolitikk med meir radikale ambisjonar om kutt, vil kome i konflikt med tunge næringsinteresser innanfor den utsleppsintensive industrien og oljenæringa i Noreg, sidan desse er av så vital økonomisk tyding for Noreg og vår sysselsetjings- og velferdspolitiske kontekst. Dette ser eg også igjen i mi oppgåve, der kravet om elektrifisering møter motstand både i oljeindustrien og i den kraftkrevjande industrien.

## **2.2 Fire perspektiv på petroleumpolitikk**

I det følgjande tek eg føre meg Johan P. Olsen sine fire perspektiv på utforming av petroleumpolitikk og utleiar fire tilhøyrande hypotesar om kvifor Utsiravedtaket kom.

### **2.2.1 Politikk som rasjonell samfunnsplanlegging**

Dette perspektivet tek utgangspunkt i økonomiske planleggingsteoriar om korleis ein mest rasjonelt kan utnytte ressursar, og føreset at ein profittmaksimerande privat eigar, her selskapa på Utsirahøyden, vil bruke ressursar slik at ein maksimerer forventna noverdi av investeringane, og at staten oppfører seg på same måte. Staten, som er planleggingsmyndigheita, skal sørge for at landet optimaliserer fellesformuen og driver fornuftig ressurspolitikk (Olsen 1989: 22-24).

Politikk blir forstått som prosessar for å oppnå bestemte mål, og beslutningane er resultat av analytiske vurderingar av ulike moglege alternativ. Politikk er altså rasjonell samfunnsplanlegging. Oppgåva er å vise, ut frå samfunnsøkonomiske lønnseskalkylar, kva val som er dei optimale. Dette blir oppfatta som eit reint analytisk problem, og dermed som ei oppgåve for ekspertar. Styringsevna blir altså eit spørsmål om kunnskap, om å ha god informasjon og gode analysemodellar.

Ein tek for gitt at politikken er eit resultat av individuelle, rasjonelle val uansett kompleksiteten i institusjonelle strukturar og prosessar og dermed dei reglar og incitament politikarar og byråkratar verkar innanfor. Beslutningsprosessane er her avpolitisert, og politikken blir sett som eit hierarkisk kontrollsystem, ikkje som ein open prosess med eit mangfald av aktørar med motsetningar og konflikt. I eit slikt instrumentelt perspektiv vil ein forvente ei tett kopling mellom mål og middel, og at måla er utvitydige og a priori gitt. Planleggingsmyndigheitene sin autoritet, interesse- og maktforhold og vilkår for at konflikter skal bli løyst gjennom politiske fleirtalsvedtak, blir ikkje problematisert. Samfunnets velferd blir oppfatta som identisk med det samfunnsøkonomisk beste resultat (Olsen 1989:22-24).

I tilfellet elektrifisering av Utsira vil det seie at det har vore klart definerte mål med elektrifiseringa, og at det er samfunnsøkonomisk lønnsamt. Ein kan forvente at det har vore drive grundig og analytisk arbeid for å kome fram til valte løysingsalternativ, og at ulike ekspertar har vore trekt inn for å finne fram til løysingane. Når det gjelder dei ulike aktørane si deltaking, kan ein forvente at prosessen har vore leiarstyrt og at vedtaket om elektrifisering er initiert av regjeringa og godtatt av Stortinget, og at underliggende nivå og etatar hierarkisk har følgt opp under. Ein kan altså forvente å finne ein beslutningsprosess som har vore avgrensa og stabil, prega av brei einigheit om mål og verkemiddel i tilknytning til saka, basert på analyser av den beste løysinga. Politikken blir sett som rasjonell samfunnsplanlegging, og vedtaket blir berre vedtatt om det er lønnsamt samfunnsøkonomisk.

*H1: Elektrifiseringsvedtaket kom som følge av rasjonell samfunnsplanlegging - å elektrifisere sokkelen er samfunnsøkonomisk lønnsamt.*

### **2.2.2 Politikk som institusjonelle rutinar og regelfølgning**

Det institusjonelle perspektivet vektlegger korleis politiske institusjonar har ei sjølvstendig betydning i politikken, der standard handlingsprogram og rutinar verkar som bufferar mot påverknad frå omgivingane og i medlemmane sine eigeninteresser. Åtferda til aktørane blir sett som regelstyrt, påverka av bestemte institusjonelle identitetar. Ein handlar slik ein pleier, gjer det ein er vant til og kan godt. Institusjonar har sin eigen logikk og dynamikk bygd på normer for kva som er akseptabelt, rimeleg og rettferdig – kva som er riktig åtferd og gode resultat. Beslutninga blir altså påverka av saka si institusjonelle tilknytning og av eksisterande handlingsprogram.

Politikkutforminga er her prega av eksisterande rammer og regelverk, heller enn rasjonell analyse av kva løysingar som best vil bidra til å ivareta politiske mål og føreliggjande moglegheiter. I likskap med det førre perspektivet, tek også dette perspektivet autoritetsforholda som gitt, og ser også her vekk frå interesser og forhandlingar. Institusjonar er motstandsdyktige mot endringar, og vil ofte heller forsøke å endre sine omgivingar enn å tilpasse seg dei. Tidlegare beslutningar kan dermed skape bestemte stiar som binder framtidige beslutningar, og legger band på endringsforsøk. Om ulike institusjonar samarbeider vil dei vere opptekne av eigen overleving og egne verdiar (Olsen 1989:24-26).

Frå eit institusjonelt perspektiv kan ein forvente at utfallet for Utsiravedtaket vil finnast innanfor eksisterande handlingsprogram og rutinar hos behandlande departement.

*H2: Elektrifiseringsvedtaket kom som følge av eksisterande institusjonelle rutinar, reglar, rammeverk eller handlingsprogram hos behandlande departement.*

### **2.2.3 Politikk som interessehevding og forhandling**

I dette perspektivet føreset ein at aktørar i beslutningsprosessen kan vere ueinige om mål og kva verkemiddel ein skal bruke for å realisere desse. Ein ser på politikk som ein prosess der aktørane i utgangspunktet har ulike interesser, oppfatningar, krav og ressursar, og gjerne kjem frå ulike politiske parti, organisasjonar og forvaltningsnivå. Interessekamp mellom aktørar vil prege prosessen, og kan forskyve maktgrunnlaget. Perspektivet stiller ingen krav om at beslutningstakarane har felles mål eller informasjonsgrunnlag. Det føreset at deltakarane, både offentlege og private, har ulike identifikasjonar og lojalitetar, og at dei vurderer politikken ut frå forskjellige kriterium. Politikk er dermed ein prosess der ein gjennom forhandlingar og

overtaling kjem fram til bindande, kollektive beslutningar, utan at einigheit nødvendigvis er oppnådd.

Ressursar, i form av engasjement, tid eller pengar, er nøkkelfaktorar i forhandlingsprosessar, fordi det er nødvendig for å halde eit høgt aktivitetsnivå over lange periodar. Grupper som ikkje arbeidar med eit saksområde på heiltid blir sjeldan aktiverte dersom dei ikkje blir påverka på umiddelbare og vesentlege måtar, for eksempel ved at det oppstår kriser. I slike situasjonar aukar talet av deltakarar, og grada av offentlegheit aukar, og det blir meir nødvendig å argumentere ut frå heilskapsinteresser. Dermed aukar også moglegheitene for at grupper som ikkje høyrer til strategisk viktige organisasjonar kan få innflytelse. Dersom det skjer ei mobilisering av deltakarar som til dagleg ikkje er knytt til petroleumssektoren, aukar også sjansane for at premissar frå andre politikkområder vil få gjennomslagskraft. Politikktutforminga blir då altså eit resultat av deltakarane sine ressursar, interesser og alliansar (Olsen 1989: 26-27).

Med utgangspunkt i dette perspektivet kan ein forvente at beslutningsprosessen fram til vedtaket har vore prega av politisk forhandling, der aktørane har ulike oppfatningar rundt mål, problem og eigna løysingar. Prosessen er prega av aukande og forskjellige typar av aktørar som meiner dei har rett til å delta og involvere seg i beslutningsprosessen. Den aukande deltakinga vil skuldast at aktørane ser sine interesser og realitetsoppfatningar utfordra i saka. Kva oppfatningar som vinn gjennom og kva problem og løysingsforslag som blir gjeldande, er regulert av ressursane som blei satt bak dei ulike synspunkta. Det kan forventast ein tendens til at det utkrystalliserer seg ei gruppe av tilhengjarar og motstandarar i saka. Prosessen vil vere prega av maktkampar og forhandlingar, og resultatet vil vere eit kompromiss mellom deltakarane sine ressursar og preferansar.

*H3: Elektrifiseringsvedtaket kom som følgje av ulike interesser, maktkoalisjonar og forhandlingar, der aktørane har inngått kompromiss for å oppnå resultatet.*

#### **2.2.4 Politikk som tolking av situasjonsbestemte hendingar**

Politikk kan også vere uføresett og situasjonsbestemt. Hendingar kan få ein eigendynamikk som gjer at politikken blir eit biprodukt av hendingar og beslutningar som tilfeldig fell saman i tid, men som ikkje er planlagt. Hendingane har ein temporal meir enn ein norm- eller interessebasert struktur. Dersom kompleksiteten aukar ved at a) mange deltakarar aktiverast, men vandrar inn og ut av beslutningsprosessane, b) mange, inkonsistente, uklare og ustabile mål blir formulert, c) mål-middel samanhengane er dårleg forstått og problema er komplekse i forhold til

analysekapasiteten og den tid ein har til rådighet og d) det ikkje fins rutinar eller presedensar, synker også sjansane for at politikkkutforminga skal ta form av planlegging, rutinar eller koalisjonsbygging. Ein har avgrensa kontroll.

Vedtak blir i dette perspektivet sett som eit resultat av saker og hendingar som blir kopla saman ved at dei feller saman i tid, eller av uføresette eller situasjonsbestemte hendingar. Samanfall i tid med andre saker og hendingar kan også gjere at beslutningar og løysingar blir oppfatta annleis enn tidlegare. Vedtak vil skje på bakgrunn av om eller når andre saker og hendingar oppstår, og korleis desse blir kopla saman, og kjem altså på bakgrunn av eit moglegheitsvindu (Olsen 1989:27-28).

Ut frå dette perspektivet forventast det at Utsiravedtaket kom på bakgrunn av uføresette, aktuelle hendingar eller at det fell saman med andre vedtak. Beslutningsprosessen kan vere prega av at mange deltakarar blir involvert, men vandrar inn og ut av beslutningsprosessen, og at ein har mange, uklare, ustabile og lite konsistente mål. Eg fokuserer mest på den fyrste delen, og formulerer følgjande hypotese:

*H4: Elektrifiseringsvedtaket kom som følgje av eit moglegheitsvindu, med samanfall med aktuelle hendingar eller andre vedtak*

### **2.3 Forventingar til funn i Utsirsaken**

Ut frå teorien og eit fyrste blick på saka før eg gjekk i gang med oppgåva, forventa eg særleg at Utsiravedtaket ville kunne forklarast av H3, interessekamp og forhandlingar. Sakene i media har vist usemje mellom opposisjonspartia Ap, SV, KrF og Venstre på den eine sida, og regjeringspartia Høgre og FrP på den andre. I tillegg har også Klimaforliket og det å nå Noreg sine nasjonale mål for utsleppskutt, vore halde fram. Dette gir også grunnlag for å tru at H4, samanfall med andre aktuelle saker, vil stemme. Vi ser også at kostnadseffektivitet har vore halde fram som eit overordna prinsipp i norsk verkemiddelpolitikk, og ein kan dermed i utgangspunktet forvente at H1, med vekt på samfunnsøkonomisk lønnsemd, også passar. Når det gjelder H2, er Olje- og energidepartementet og Oljedirektoratet behandlande departement. Som vi skal sjå av tidlegare utredningar av elektrifisering frå 1996 og framover, har deira stemme vore avgjerande for at elektrifisering ikkje har vore satsa sterkare på tidlegare, og det er dermed naturleg å forvente at det no passar inn i deira utredningar og handlingsprogram.



### **3 Metodisk tilnærming**

I dette kapittelet presenterer eg mitt metodiske framgangsmåte for oppgåva, som er ein casestudie basert på ein dokumentstudie og intervju med involverte aktørar. Eg gir fyrst ei grunngeving for kvifor eg har valt casestudie, deretter grunngir og diskuterer eg valet av dokumentstudie og intervju som datainnsamlingsmetode, før eg viser korleis eg har operasjonalisert problemstillinga og hypotesane og til slutt vurderer oppgåvas reliabilitet og validitet.

#### **3.1 Case som metode**

At eg har valt å sjå på elektrifiseringa av den norske oljesokkelen, Utsirahøyden spesifikt, gjer at dette blir ein casestudie, som er

the study of a single instance of a decision, policy, institution, event, process etc.– the study of a single case, in short – in which the case is differentiated from other cases by having a single value in terms of either the outcome that you are interested in or the explanation that you are exploring (Hancké 2009: 62).

I mitt tilfelle er caset eit vedtak, og er avgrensa til Noreg i tidsperioden 2011-2014. Det er interessant fordi det har vore ei stor og konfliktfylt sak, der utfallet blei at ein stilte eit klimakrav til petroleumssektoren, den mest inntektsbringande sektoren i landet, i ei tid då global oppvarming og klimagassutslepp blir eit stadig meir aktuelt politisk spørsmål. Hancké stiller vidare spørsmålet «what is my case a case of?» (ibid: 62-63). Hos meg er det fyrst og fremst om forholdet mellom petroleums- og klimainteresser i Noreg, men vi ser også at fagbevegelsen sine næringsinteresser er innblanda, fordi leverandørindustrien, arbeidsplassar og den kraftintensive landindustrien også blei råka av utfallet. Hancké seier også at caset bør kaste lys på ein breiare teori eller argument, og oppgåva mi bidreg her til den ovanfor nemnte tradisjonen av beslutningsteori. Sjølv om det ikkje er ei større analyse av styring av petroleumssektoren, er caset eit aldri så lite bidrag til det feltet også, sidan ein her fekk eit vedtak der ein politisk påla oljeselskapa å elektrifisere, og dermed gjekk utanfor rammevilkåra som har vore gjeldande for dei.

#### **3.2 Operasjonalisering, fokusområder og intervjuguide**

I innhentinga av data, har eg altså tatt utgangspunkt i Olsen (1989) sine fire teoretiske perspektiv om politiske beslutningar. Intervjuguiden min (vedlegg 1) består dermed av spørsmål knytt til rasjonell samfunnsplanlegging og samfunnsøkonomi, ulike interesser og forhandlingar, institusjonelle faktorar og andre aktuelle hendingar eller vedtak som kan ha påverka vedtaket. Meir spesifikt har eg spurt om synet på elektrifisering som klimatiltak, ulike parti/politikarar, oljeindustrien, miljøbevegelsen, kraftbransjen og fagbevegelsen (LO) sine

roller og haldningar i prosessen, institusjonane Stortinget, Olje- og energidepartementet (OED), Oljedirektoratet (OD), Klima- og miljødepartementet (KMD) og Miljødirektoratet (MD) sine roller og forhold til kvarandre, kva som har vore dei største problema og ueinigheitene i prosessen, kva aktørar som har vore viktigast, og om ein ser tidlegare vedtak eller aktuelle hendingar i samfunnsdebatten som kan koplast til vedtaket. Dette er også det eg har fokusert på i dokumentstudien. Eg har i hovudsak altså sett etter kva ulike aktørar som har vore aktive, kva problemstillingar og løysingar som har blitt tatt opp og føreslått, korleis den institusjonelle behandlinga av saka har føregått og hendingar i samfunnsdebatten som kan ha påverka.

### **3.3 Datainnsamling - triangulering**

For å gi svar på problemstillinga, brukar eg både dokumentstudie og intervju, altså triangulering. Triangulering inneber i denne samanheng bruk av ulike datakjelder, med den hensikt å skapte eit heilskapleg og utfyllande bilete av problemstillinga. Fleire kjelder gir fleire mål av det same fenomenet, og vil difor redusere moglegheita for skeivheiter i datamaterialet. Eg samlar innsikt og bitar av informasjon frå fleire kjelder, som til saman kan utgjere ei truverdig historie. Dette understrekar også Hancké:

Avoid having to rely on interview data alone. Triangulate the insights you obtained during the interview with material that supports what you found. If you do interviews with officials or company managers, there are usually public sources against which you can check what someone told you [...] You corroborate your interviews with other, independent, material: other interviews, research reports, annual reports, newspaper articles, etc.” (Hancké 2009: 104).

Eg gjorde den fyrste kartlegginga av beslutningsprosessen gjennom dokumentstudien, før eg deretter intervjuar dei sentrale aktørane eg hadde funne gjennom det. I analysen blir funna frå begge deler brukt likeverdig, og fletta inn i kvarandre. Intervjua mine har i stor grad stadfesta og utdjupa informasjonen eg fann i dokumentstudien, og har i tillegg hjelpt meg å velje ut kva eg skal fokusere på, i presentasjonen av dataa. Dei har vore ei stor hjelp i å orientere seg i det enorme havet av ulike medieartiklar og offisiell informasjon som er skrive om saka. Alle informantane er dermed ikkje brukt like mykje direkte i oppgåva; det varierer i kor stor grad eg brukar sitat frå dei ulike.

#### **3.3.1 Dokumentstudie**

Den fyrst kartlegginga av prosessen, gjorde eg ved hjelp av ein dokumentstudie. Dette blei gjort gjennom nyhendearkivet ATEKST, levert av Retriever. Prosessen med å utgreie Utsirahøyden for kraft frå land starta i 2011. Eg har difor gått gjennom alle funna frå då til og med juni 2014, då vedtaket kom i Stortinget. Til saman har eg gått gjennom 4220 medieartiklar, fordelt slik: 2011: 231, 2012: 666, 2013: 208 og 2014: 3115. 963 av artiklane var i papiraviser, 3240 på

web. Saka har vore dekkja i ei rekkje av aviser, og dei som har skriva mest om den har vore NTB, Stavanger Aftenblad, Dagens Næringsliv, Teknisk Ukeblad og Aftenposten, i tillegg til Adresseavisa og Klassekampen. Artikkane kjem også frå dei ulike aktørane og partia sine nettsider, i tillegg til Stortinget og regjeringa. Søket har altså gitt ei brei innsikt i saksgangen. Dokumentstudien fungerte både som eit førebunde studie, slik at eg fekk sette meg inn i saka, men vil altså også utgjere ein del av analysen. På bakgrunn av funna i dokumentstudien, har eg vidare intervjuet dei aktørane som har vore mest framstående med meiningar i saka. Meir om dette i neste kapitlet.

Ei utfordring med å basere seg på dokumentstudie, er nyhendeartiklar sitt format, som gjerne er konfliktprega og satt på spissen. Dette kan gjere at journalistar gjerne overdriver, og vektlegger skeivt. I tillegg vil dei aktørane som uttaler seg i media kanskje gjerne sjølve spissformulere seg og kome med ein tydeleg budskap. Det er dermed ikkje alltid at nyansar kjem fram i ein nyhendeartiklar. Samtidig har eg fått sjekka mykje av dette gjennom at eg har intervjuet dei mest framstående informantane i djupna, utan det same konfliktpresset som ein journalist kanskje vil ha. Ein kan likevel stille spørsmål ved om dei har stilt seg på ein annan måte til meg som forskar, enn dei ville gjort overfor ein journalist.

### **3.3.2 Intervju og informantar**

Eg enda til slutt på tolv informantar, som eg gjennomførte intervju på mellom 30 og 60 minutt med. Alle intervjuet blei tekne over telefon, og blei tatt opp med opptakar. Fleire av dei innleiande intervjuet hjelpte meg til å få kontakt med dei andre aktørane eg ville ha tak i. Eg hadde også kontakt med aktuelle aktørar i saka, som ikkje sjølv ville stille til intervju, men som ga meg kontaktinformasjon vidare til folk dei meinte eg burde prate med. Dei tolv eg intervjuet, var følgjande:

**Tord Lien** (FrP), olje- og energiminister (2013-d.d); **Svein Sundsbø**, politisk rådgivar for tidlegare olje- og energiminister Ola Borten Moe (2011-2013), Senterpartiet; **Kjell Ingolf Ropstad**, tidlegare energi- og miljøpolitisk talsmann, Kristeleg Folkeparti; **Amund Vik**, politisk rådgivar for energi- og miljø, Arbeidarpartiet; **Audun Rødningsby**, politisk rådgivar for miljø, Venstre; **Oskar Grimstad**, energi- og miljøpolitisk talsmann, Fremskrittspartiet; **Kari Elisabeth Kaski**, tidlegare nestleiar for Zero; **Elen Richter Alstadheim**, fagdirektør Klima- og miljødepartementet; **Leif Sande**, leiar av LO Industri Energi; **Geir Nordvik**, tidlegare Electrical Lead, Statoil (2007-2013); **Hans Jørgen Samuelsen**, prosjektleiar i Statoil for studien om kraft frå land til Utsirahøyden og **Ivar Aasheim**, Statoil sin sjef for feltutvikling i Norge.

Det er sjølvsagt svært mange aktørar som er involvert i elektrifisering av oljesokkelen, og eg kan ikkje nå alle. Eg har difor eit strategisk, heller enn eit representativt, utval av informantar basert på dei eg har sett som har vore sterkt involverte i saka gjennom dokumentstudien, og dei ein kan forvente har noko å seie. Politikarane, Statoil og informantane frå miljø- og fagbevegelsen har vore sterke stemmer i debatten, og er plukka ut på bakgrunn av det og fordi dei representerer dei motståande sidene av konflikten. Klima- og miljødepartementet har ikkje vore ei sterk stemme her, men er naturleg å ha med fordi vedtaket er eit klimavedtak. Det at dei, som representant for institusjonaliseringa av klimapolitikken ikkje har hatt ei sterk stemme, er også ein grunn i seg sjølv til å ta dei med. Meir om dette i analysen. Miljøpartiet De Grønne og Senterpartiet var med på opposisjonssida i konflikten, men har ikkje vore sterke stemmer, og er dermed ikkje intervjuar eller vektlagt. Det er likevel fleire eg ideelt sett ville hatt med, meir om dette i kapitlet om reliabilitet og validitet.

Intervjua mine har på bakgrunn av sakas kompleksitet vore semistrukturerte. Eg har spurt alle om dei same standardspørsmåla, men også tilpassa samtalen rundt desse til informantens sin bakgrunn. Dermed har vi hatt moglegheita for å gå utanom, å utdjupe og prate vidare om ting som kjem opp undervegs. Ei anna viktig utfordring her, er at informantane er valt ut på grunnlag av deira haldning, stilling eller posisjon. Dette gjer dei til eliteinformantar. Eliteintervju kan føre til at eg som intervjuar vil hamne i eit maktposisjon, underordna dei eg intervjuar, sidan dei er meir kunnskapsrike enn meg på området. Samtidig såg eg at eg med den omfattande dokumentstudien på førehand, hadde ei svært god oversikt over saka på då eg intervjuar, og dermed var i stand til å utfordre mykje av dei hovudargumenta som informantane kom med.

Ei anna moment er at dei fleste av informantane mine er leiarar, eller personar som har sete på toppen i sine roller i beslutningsprosessen. Dette har vore eit bevisst val frå mi side, fordi det er desse som har vore framståande i saka, og dermed sit med fyrstehandserfaring frå handteringa og har oversikt over omfanget av saka. Samtidig betyr dette igjen at moglegheita til å få «juicy sladder» frå tenestemenn av lågare grad, blir mindre. Her ligger det igjen absolutt ein sjanse for at eg har fått den offisielle versjonen av historia. Eit unntak her, er her Statoil. Geir Nordvik jobbar ikkje lenger jobbar i selskapet, og kan dermed truleg snakke friare. Hans utsegn er ikkje ei offisiell meining på vegne av selskapet. Eg saknar også informantar frå forvaltningsetatane Miljødirektoratet og Oljedirektoratet, meir om dette i neste kapittel. Det at så mange med relativt høge stillingar har stilt opp, understrekar også at dette er ei sak som har vore viktig og betent for mange.

### 3.4 Validitet og reliabilitet

Moses og Knutsen (2012) deler validitet i ekstern og intern validitet.

Internal validity means control – it refers to a control of variables so tight that we can confidently say that correlation equals causation. External validity means generalizability, or the degree to which we can trust the lessons learnt from experiments “in the laboratory” are extendable to the real world.

Den eksterne validiteten tek eg føre meg under kapitlet om generalisering. Når det gjelder intern validitet, er det heilt klart at eg ikkje kan ha kontroll over alle variablar som kan ha påverka vedtaket. Likevel ser vi at teorien min dekker eit vidt spekter av moglege årsaker til at vedtaket kom. Dette er vel anerkjent og mykje brukt teori, noko som styrkar grunnlaget for å bruke den. I tillegg er det ein styrke at datamaterialet er basert både på dokumentstudie og intervju, fordi det som nemnt gjer at eg kan kryssjekke, og kombinere informasjon frå ulike kantar. Dokumentstudien gjorde at eg kunne gjere eit strategisk utval av informantar, som samla sett både har bekrefta og avkrefta mine hypotesar.

Likevel manglar eg nokre informantar, som eg ideelt sett ville hatt med. Desse har enten ikkje ville stilt opp, eller ikkje svart meg. Dette er partia Høgre og SV, oljeselskapa Lundin og Det Norske, kraftbransjen, tidlegare olje- og energiminister Ola Borten Moe, Oljedirektoratet og Miljødirektoratet. Høgre ville eg ha med fordi dei er i regjeringa, og var i mot forslaget om fullelektrifisering frå fase 1, samtidig som dei ikkje har vore så avvisande til det som regjeringskollega FrP. Høgre, ved tidlegare energi- og miljøpolitisk talskvinne Siri A. Meling, sa at ho vanlegvis stilte opp på slike førespurnadar, men ikkje ville denne gangen, fordi saka enda ikkje var ferdig behandla og vedtaket implementert. SV var dei som føreslo representantforslaget om å fullelektrifisere Utsirahøyden frå fyrste dag, og som har vore mest aggressive mot og hatt liten tillit til dei tala som oljeselskapa har presentert. Lundin og Det Norske ville eg ha med fordi dei er dei to andre største aktørane på Utsirahøyden, i lag med Statoil, og fordi det har vore spekulasjonar om samarbeidsproblem mellom selskapa. Kraftbransjen har også hatt ei rolle som pådrivar her, men eg har heller ikkje lukkast å nå tak i dei. Samtidig har miljøbevegelsen Zero uttalt at dei jobba tett saman i denne saka, og at deira syn samsvarar her. Meir om dette i analysen. Tidlegare olje- og energiminister Ola Borten Moe som ikkje har svart på mine gjentekne henvendelsar, har også hatt ei viktig rolle her, sidan han satt som minister då prosessen starta, og dei fyrste utredningane oljeselskapa gjorde, blei satt i gang. Han hadde her nært kontakt med oljeselskapa, som kunne gitt interessante funn. Alle desse er likevel representerte gjennom dokumentstudien, i tillegg til at informantar frå begge sider ofte har kommentert deira syn. Miljødirektoratet, på den andre sida, ville ikkje stille til

intervju. Vi ser av empirien at dei ikkje fekk tilgang til talgrunnlaget til Statoil av OED, og var sterkt kritiske til ei tofasa elektrifisering. Hanne Marie Øren, seksjonsleiar i petroleumssesksjonen der, ville ikkje uttale seg om saka, og skreiv at dei var positive til beslutninga som var tatt, men at dei vidare ikkje ville kommentere prosessane og samarbeidet med andre departement og etatar.

Reliabilitet betyr i kor stor grad studien er påliteleg, i måten den er gjennomført på og i handteringa av datamaterialet. «Reliability means that if you apply the same procedure for measuring something, you will end up with the same result if nothing else has changed that could influence that» (Hancké 2009:90). I og med at studien både baserer seg på både intervju og dokumentstudie, meiner eg at reabiliteten i oppgåva er høg. Særleg det at eg har ein svært omfattande dokumentstudie, som har tatt føre seg heile prosessen og alt som er skrive om saka i norsk media, gjer at eg har god innsikt i heile saka. Intervjua eg har gjennomført har vidare utdjupa funna frå dokumentstudien og ting som har vore uklare for meg.

Likevel er det eit viktig poeng her at informantane mine har stor makt til å seie det dei vil, utan eg eg nødvendigvis har moglegheit til å sjekke om det er sant, eller om nokon andre ville ha sagt det same. Vidare er det som tidlegare nemnt kanskje ting ein har munnkurv om å snakke offisielt om. Dette gjelder alle informantane mine, og det gjelder også for medieopplaga, men særleg gjelder det kanskje for dei eg har intervjua som jobbar i departementa. Både olje- og energiminister Tord Lien, Elen Richter Alstadheim frå klima- og miljødepartementet og tidlegare rådgivar for Ola Borten Moe, Svein Sundsbø, uttalte at det ikkje var kultur for å gå inn på korleis departementa førebudde og følgde opp sakene sine, og korleis regjeringskollegiet jobba saman i dei ulike sakene. Det betyr at eg her for eksempel ikkje veit akkurat korleis olje- og energidepartementet og klima- og miljødepartementet har følgd opp oljeselskapa i saken.

### **3.5 Generalisering**

Sidan dette er eit case som aldri har blitt analysert før og med relativt få informantar, kan konklusjonen ikkje generaliserast til å seie noko om kva som vil skje i eit kvar sak der det er snakk om elektrifisering. Likevel er dette eit historisk vedtak, sidan Stortinget aldri før har gått så detaljert inn og styrt ei oljeutbygging med så stor vekt på det klimapolitiske. Analysen kan dermed vere ein indikasjon på kva retning klimapolitikken går i, i styring av petroleumssektoren. Analysen bidrar også som tidlegare nemnt til ein generell teoretisk diskusjon om politisk beslutningsteori, og inneber dermed ein generaliseringsdimensjon i form av det. Alle teoriane gir fruktbare og uventa funn i datamaterialet, og det teoretiske grunnlaget kan dermed seie å bli forsterka.

## 4 Empiri

I dette kapitlet tek eg føre meg dei største hendingane og stridspunkta fram mot vedtaket om tvungen elektrifisering. Konklusjonen om kvifor vedtaket kom, er avhengig av heile beslutningsprosessen, som av Jacobsen og Thorsvik definerast som «hele rekke av handlinger eller vurderingar som fører fram til vedtak og iverskjetting av en beslutning» (2007:279). Empirien er difor arrangert kronologisk og tematisk, heller enn reint etter variablar, fordi dette vil vise fram gangen i prosessen betre. Den har tidvis vore kaotisk og uoversiktleg, mange interessantar har vore innblanda og ein ser tydeleg at aktørane har handla under press. Difor passar den kronologiske framstillinga godt, for å fange nettopp denne dynamikken, som altså også har hatt noko å seie for vedtaket. Vi ser likevel at ein del av dei tema og hendingane eg legg fram, blir brukt direkte som variablar i analysen.

Eg tek fyrst føre meg bakgrunnen og konteksten knytt til elektrifisering; stortingsvedtak, tidlegare mislukka forsøk på elektrifisering og dei politiske posisjonane før vedtaket, med tilhøyrande vedtaksforventingar. Vidare skisserer eg gangen i saka frå 2010 fram til konflikten starta for alvor hausten 2013. Her vil vi sjå at det i byrjinga var lite politisk konflikt rundt saka, og at ein hadde ei tru på at dette ville vere lønnsamt, men at det gjekk rykte om koordineringsutfordringar mellom dei ulike oljeselskapa. Hovuddelen av empirien er sakens vidare gang frå hausten 2013, til endeleg vedtak kom i Stortinget i juni 2014. Her ser vi at frontane står mellom regjeringspartia Høgre og Frp og opposisjonen på Stortinget, med Ap som avgjerande aktør. I tillegg har oljebransjen, kraftbransjen, miljøbevegelsen og fagbevegelsen sterke roller på kvar sine sider. Stridspunkta er i hovudsak tillit til oljeselskapa sine tall og motivasjon for å elektrifisere, olje- og energidepartementet si institusjonelle oppfølging av saka, om det skal vere ei fullelektrifisering frå fase 1 for å nå måla i Klimaforliket eller om ein skal godta løysinga frå Statoil om at berre Johan Sverdrup skal elektrifiserast i fase 1, og resten av felta vurderast vidare i fase 2, om elektrifisering er eit godt klimatiltak og om kor mykje ein skal pålegge oljesektoren å betale for elektrifisering. Vi ser at det endelege vedtaket til slutt blei eit kompromiss, der Ap til slutt gjekk inn for elektrifisering frå fase 2.

### 4.1 Bakgrunn og kontekst

Elektrifisering av oljeplattformer inneber å erstatte gassturbinar som produserer elektrisk kraft med kraft frå land. I Noreg kjem 99% av kraftproduksjonen frå vasskraft, som ikkje medfører CO<sub>2</sub>-utslepp (Statkraft 2015). Ideen om å bruke elektrifisering som klimatiltak byrja for snart 20 år sidan, i 1996, då Stortinget vedtok at alle nye feltutbyggingar på norsk sokkel skulle vurderast for kraft frå land, heller enn å bruke gassturbinar (St.meld. 41(1994-95), 1996).

Bakgrunnen var at ein i hadde vedtatt å stabilisere norske klimagassutslepp på 1990-nivå innan år 2000 (St.prp.1 (1990-91), 1990), men at utsleppa berre auka og målsetjinga verka umogleg å nå. Årsaka til auka låg i stor grad hos petroleumsverksemda, som på grunn av ny teknologi og dermed lengre levetid og uttak på oljefelt auka utsleppa. Petroleumssektoren hadde i 1991 også blitt underlagt CO<sub>2</sub>-avgift, men denne var altså ikkje nok for å få ned utsleppa (Klima- og forurensingsdirektoratet 2013).

Det blei likevel ingen elektrifiseringsstorm, fordi tre utredningar i dei komande åra av ulike grunnar ikkje meinte det var grunnlag det. I 1997 konkluderte Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og OD med at elektrifisering på ei rekke olje- og gassfelt både i Nordsjøen og Norskehavet ville vere ulønnsamt, fordi dei antok at ein ville få fall i oljeproduksjon og energiforbruk på sokkelen i åra framover (Oljedirektoratet og NVE 1997). Etter tusenårsskiftet auka igjen merksemda rundt klimarekneskapen, men OD og NVE konkluderte no med at Noreg gjekk mot eit stort kraftunderskot, og antok at kraft til elektrifisering måtte importerast frå utanlandsk kullkraft, noko som dermed ville gi auka utslepp i Europa (Oljedirektoratet og NVE 2002). Det var dermed ingen gevinst ved å elektrifisere, og planane blei lagt til side igjen. Dei neste fem åra vaks klimagassutslepp enda meir, og elektrifisering blei for tredje gang tatt opp og avlyst, fordi ein i mellomtida hadde innført kvotesystemet til EU, med eit utsleppstak på CO<sub>2</sub>. Kvotepliktige verksemdar, derav petroleumssektoren, må her levere kvoter for det dei har sloppet ut av CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Elektrifisering blei då avlyst fordi ein antok at klimakutt i EU berre kunne kome gjennom høge kvoteprisar, noko som ville gi ei stor auke i prisen på europeisk kraft. Dermed blei det veldig dyrt å elektrifisere (Oljedirektoratet, NVE, Statens Forurensingstilsyn og Petroleumstilsynet 2008). Eit viktig punkt er at alle dei tre avlysingane av elektrifisering viste seg å vere basert på feil antakelsar, noko som har ført til at berre seks av 63 utbyggingar på norsk sokkel sidan 1996 (Tollaksen 2014b). Ein fekk ikkje det fallet i oljeproduksjon og energiforbruk på sokkelen ein trudde i rapporten frå 1997, snarare tvert i mot. Vidare fekk ein ikkje kraftunderskotet, men overskot med lave kraftprisar og kvoteprisane har tvert i mot forventingane vore veldig lave.

I 2008 blei viktigheita av å kutte i klimagassutslepp understreka nok ein gong, og Klimaforliket blei inngått som eit politisk kompromiss om Noregs miljø- og klimapolitikk, mellom dei dåverande regjeringspartia SV, Ap og Sp, og opposisjonspartia Høgre, KrF og Venstre. FrP var ikkje med. Partia blei einige om at det var realistisk å få reduksjonar i dei norske klimagassutsleppa på mellom 15 og 17 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar innan 2020, og vedtok



at 2/3 av Noregs totale utsleppsreduksjonar skulle bli tatt nasjonalt. Dette skulle seinare bli av stor tyding for elektrifisering av Utsirahøyden. Partane var vidare einige om at klimapolitikken måtte innrettast slik at den ga mest mogleg utsleppsreduksjon for innsatsen, altså kostnadseffektive tiltak (Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre 2008).

Dei to neste åra kom det sterkare verkemiddel for kraft frå land. I petroleumsmeldinga som Stoltenberg II-regjeringa la fram i 2011, skreiv dei at dei haldt på at den beste måten å redusere CO<sub>2</sub>-utslepp i petroleumssektoren, var å etablere verkemiddel som gjer at selskapa hadde eigeninteresse av å avgrense sine utslepp. «På kontinentalsokkelen gjør en dette ved at selskapene må betale CO<sub>2</sub>-avgift og kjøpe klimagasskvoter for å dekke sine utslipp» (Meld. St. 28 (2010-2011), 2011). I Klimameldinga året etter auka dei CO<sub>2</sub>-avgifta med 200 kroner per tonn CO<sub>2</sub>-utslepp, med mål om å få fleire elektrifiserte felt (Meld. St. 21 (2011–2012), 2012). Prinsippet om kostnadseffektivitet låg framleis til grunn, både i petroleumsmeldinga og klimameldinga, og dette skulle seinare bli eit stridspunkt i debatten om elektrifisering av Utsirahøyden.

Samtidig som ein kjempa for å få ned klimagassutsleppa, fekk ein også ein ny oljeboom i Noreg. I oktober 2007 sette det svenske oljeselskapet Lundin Oil i gang prøveboring på Utsirahøyden, utanfor Rogaland i Nordsjøen, sjølv om mange trudde området var gjennombora. Men Lundin skaut blink og funnet var det største gjort i Noreg på 13 år. I 2008 fann også Det Norske Oljeselskap olje på Utsira, før Statoil og Lundin gjorde to funn i 2010 og 2011 som viste seg å vere eitt kjempefelt. I løpet av tre år hadde dei tre selskapa funne olje verdt hundrevis av milliardar (Martiniussen og Løvås 2014). Dette ga ny giv for håpet om å få til kraft frå land, fordi ein kunne få til ei samordna utbygging, som kunne gjere det billigare enn å elektrifisere enkeltfelt.

Når det gjelder dei politiske posisjonane knytt til elektrifisering, ser vi eit ønskje om å elektrifisere, men at kostnadsaspektet er forskjellig. Vi ser også forskjellige ønskjer når det gjeld klimapolitikk overfor petroleumssektoren generelt, som elektrifisering er ein del av. Denne oppgåva har ikkje omfang for ei større analyse av dette, men gir kjapt innblikk i dei ulike partiprogramma: *Arbeiderpartiet* vil legge til rette for framleis høg aktivitet og verdiskaping frå petroleumsverksemda, og understrekar at det er i kvotesystemet ein må arbeide for å styrke for å få ned dei globale klimautsleppa (Arbeiderpartiet 2013). Dei la likevel til rette for auka

bruk av kraft frå land gjennom å styrke CO<sub>2</sub>-avgifta som verkemiddel i Klimameldinga frå 2012, men understrekar at dette berre må vere økonomisk ansvarleg, truleg altså ikkje så langt utanfor dei verkemidla ein har for utsleppskutt på sokkelen, som er summen av CO<sub>2</sub> og kvotekjøp. *SV* meiner at fornybar energiforsyning skal vere ein føresetnad for å byggje ut større nye felt på norsk sokkel, og står også klart for å redusere utvinningstempoet i petroleumssektoren. Dei er dermed for sterkare verkemiddel overfor petroleumssektoren, for å nedjustere utvinningstempoet, og argumenterer for ei auka skattlegging og sterkare styring av oljesektoren, med auka innsyn og politisk kontroll, inkludert auka CO<sub>2</sub>-avgift. (Sosialistisk Venstreparti 2013). *KrF* vil at alle nye utbyggingar skal basere seg på kraft frå land, og ønskjer ei sterkare styring gjennom vilkår for tildeling av letetillatingar (Kristeleg Folkeparti 2013). *Venstre* vil at klimapolitiske omsyn må inngå som ein sterkare del av beslutningsgrunnlaget når nye petroleumsprosjekt blir planlagt, og vil setje krav om elektrifisering ved nye utbyggingar og store ombyggingar på norsk sokkel. Dei vil også gjennomgå petroleumsskattlegginga med sikte på å gjere skatteregimet meir miljøriktig (Venstre 2013). *Frp* understrekar viktigeita av langsiktige, føreseielege og konkurransedyktige rammevilkår for petroleumssektoren. Dei meiner at miljøutfordringane må løysast gjennom internasjonale avtalar, og er kritiske til å bruke klimapolitikken til å auke skattar, avgifter og utgifter (Fremskrittspartiet 2013). *Høgre* seier at produksjonen på norsk sokkel har relativt låge klimagassutslepp, men vil elektrifisere der det er forsvarleg med tanke på miljø og økonomi. Dei vil vidare styrke konkurransen på sokkelen, og jobbar generelt for eit lågare skatte- og avgiftsnivå (Høyre 2013). *Senterpartiet* vil auke bruken av kraft frå land på sokkelen (Senterpartiet 2013). *Miljøpartiet De Grønne* vil avvike all subsidiering av petroleumsindustri, og stoppe all vidare leiting etter olje og gass på norsk sokkel (Miljøpartiet De Grønne 2013).

Ut frå denne bakgrunnen og konteksten, er det liten grunn til å tru at det skulle bli elektrifisering av Utsirahøyden, om tiltakskosten<sup>1</sup> for å elektrifisere gjekk mykje over prisen for dei verkemidla ein hadde for utsleppsreduksjon. CO<sub>2</sub>-avgifta var etter den siste petroleumsmeldinga på 410 kroner (Statsbudsjettet 2013) og gjennomsnittsprisen på kvoter under 40 kroner (Miljødirektoratet 2015b), til saman altså ein pris på rundt 450 kroner for å sleppe ut CO<sub>2</sub> for petroleumssektoren. Dette fordi Arbeidarpartiet, Høgre og FrP i den stortingsperioden dette skulle vedtakast, hadde klart fleirtal på Stortinget, med høvesvis 55, 48 og 29 mandat, mot KrF 10, Sp 10, Venstre 7, SV 7 og MDG 1 (Kommunal- og

---

<sup>1</sup> Viser kor mykje det kostar å redusere eitt tonn CO<sub>2</sub>. Blir rekna ut ved å dele netto investeringskostnad for eit klimatiltak på netto klimagevinst.

moderniseringsdepartementet 2013). Høgre og FrP er, som vi ser, begge vært opptatt av lågare skattar og avgifter. Høgre vil berre elektrifisere om det er økonomisk lønnsamt, FrP nemner ikkje elektrifisering i det heile, og Arbeidarpartiet vil truleg heller ikkje gå mykje utanfor dei rammevilkåra dei sjølve har vedtatt for petroleumssektoren, altså CO<sub>2</sub>-avgift og kvotekjøp. Alle tre partia har ønskjer om å auka verdiskaping på sokkelen, og då er det vanskeleg å pålegge oljeselskapa store utgifter utanfor rammevilkåra. Og dermed blir resten av partia som ønskjer sterkare krav for elektrifisering, i mindretal. Likevel ser vi at ein fekk eit stortingsvedtak med krav om fullelektrifisering av Utsirahøyden innan 2022, med Arbeidarpartiet som avgjerande aktør.

#### **4.2 Veggen mot tvungen fullelektrifisering av Utsirahøyden innan 2022**

I dette kapitlet kjem hovuddelen av datamaterialet mitt, frå intervjuet og dokumentstudien, med hovudlinjene og stridspunkta fram mot det endelege vedtaket i Stortinget i juni 2014, frå saken starta i 2011. Eg tek fyrst føre meg ei kortare oppsummering fram til striden om vedtaket starta for alvor, hausten 2013, før eg utgreier for veggen vidare fram mot juni 2014.

##### Elektrifisering av Utsirahøyden, 2011-hausten 2013

Før ein kjente til det store Sverdrup-funnet, bad OED operatørane for felta Edvard Grieg (Lundin), Ivar Aasen (Det Norske Oljeselskap) og Gina Krog (Statoil) på Utsirahøyden om å vurdere ei felles kraft frå land-løysing. I april 2011 konkluderte selskapa med at ei slik teknisk løysing var realiserbar, men at tiltakskosten ville bli så høg at selskapa ikkje ønskja å vidareføre prosjektet (Olje- og energidepartementet 2014a). Bellona offentleggjorde i september 2011 ein tidlegare hemmelegghaldt rapport, som viste at kostnaden ved å elektrifisere plattformane då var utrekna til 700 kroner per tonn CO<sub>2</sub>. Dei tre selskapa skreiv i ein felles e-post til OD at ikkje alle aktørane ville gå vidare med det, og Lundin trakk seg frå samarbeidet (Bellona 2011).

Hausten 2011 blei størrelsen på Johan Sverdrup-funnet klart, og OED oppmoda Statoil om å vidareføre og leie ein vidare studie av ei felles kraft frå land-løysing på Utsirahøyden, saman med Lundin og Det Norske oljeselskap, i tillegg til selskapa Petoro, Maersk Oil, Total, OMV, Wintershall, Bayerngas, E.ON, Bridge Energy, VNG, som også hadde andelar i felta. Sverdrup-feltet var så stort at det skulle byggast ut i to fasar, fase 1 i 2018 og fase 2 antakeleg tre år seinare. Ei eventuell elektrifisering blei sett i samanheng med Sverdrup-utbygginga. I samhøve til den føreslåtte tidsplanen skulle Sverdrup-prosjektet ta konseptval for fase 1 i fjerde kvartal 2013, og investeringsgrunnlag fjerde kvartal 2014. (Olje- og energidepartementet 2014a).

Våren 2012 la Stoltenberg II-regjeringa fram den ovanfor nemnte Klimameldinga, med mål om å auke bruken av kraft frå land, og også konkret at det var eit mål at Utsirahøyden skulle forsynast med kraft frå land. Verkemidlet for å få til dette var altså å auke CO<sub>2</sub>-avgifta med 200 kroner (Meld. St. 21 (2011–2012), 2012). Ein såg her altså eit mål om at Utsira skulle elektrifiserast, men ingen krav om kraft frå land. Oljeindustriens landsforbund (OLF) var usikre på kor mange nye tiltak i oljebransjen auken i CO<sub>2</sub>-avgifta ville gi, fordi tiltak for å få ned CO<sub>2</sub>, inkludert elektrifisering, var svært dyre (Tjelta 2012). Både SV og Zero etterlyste meir makt til Miljøverndepartementet i meldinga, i følgje sistnemnte fordi departementet ikkje hadde egne verkemiddel i klimapolitikken. Dei meinte olje- og energidepartementet hadde for stor makt, og at det var problematisk at det var OED som behandla den endelige avgjersla om elektrifisering (Gjerstad og Skarv 2012). I etterkant av Klimameldinga gjorde OD også ei eiga utredning for Utsirahøyden, og konkluderte med at investeringskostnaden ville vere på 9,2 milliardar, og at tiltakskosten ville vere 412 kroner per tonn CO<sub>2</sub> (Oljedirektoratet 2012), og det kunne sjå ut til at det endeleg var grunnlag for å få til elektrifisering.

I juni 2012 godkjente OED og Stortinget plan for utbygging og drift (PUD) for Edvard Grieg med gassturbinar, men med vilkår om at dei la til rette for elektrifisering dersom det blei ei samla løysing for kraft frå land på Utsirahøyden (Innst. 356 S (2011-2012), 2012). Lundin skulle også delta vidare i utredninga av kraft frå land-løysinga samt vere med å betale for den. Sommaren 2013 blei også PUD for Ivar Aasen og Gina Krog godkjent og gitt same vilkår som Edvard Grieg om kraft frå land (Innst. 305 S (2012-2013), 2013 og Inst. 306 S (2012-2013), 2013).

Ein møtte likevel tidleg skjer i sjøen. I oktober 2012 skreiv Dagens Næringsliv (DN) at Statoil hadde informert olje- og energiminister Ola Borten Moe om at elektrifisering av Utsirahøyden tok lengre tid. Årsaka var ikkje at kostnaden var for høg, men at oljeselskapet Lundin allereie hadde fått godkjent utbygging med gassturbinar til Edvard Grieg, og at Gina Krog og Ivar Aasen i løpet av hausten kunne få same løysing. Heile føresetnaden for elektrifisering var ei samordna utbygging, og dette vanskeleggjorde prosessen. Ei veke seinare meldte DN at Statoil i ein ikkje offentleggjort rapport meinte det var fare for at kraft frå land enten kunne bli utsatt eller aldri realisert for utbygginga av Gina Krog. Dei meinte at det var "betydelige usikkerheter knyttet til tidsplan, kostnader og gjennomføring" av prosjektet (Bertelsen, Endresen og Gjerstad 2012b). SVs miljøpolitiske talsmann, Lars Egeland, reagerte kraftig på signala. «Dette skal ikke Statoil få gjennom. Dette er en sak vi skal vinne med klimameldingen i ryggen» (ibid).

I november 2012 såg det lysare ut, men framleis utfordrande for selskapa å bli einige. Då meldte Statoil at Utsirahøyden likevel kunne vere egna for elektrifisering. Kraftbehovet for dei fire felt var foreløpig utrekna til 250 MW, og ville gi investeringar på 9-10 milliardar, med ein tiltakskost på mellom 300-600 kroner per tonn CO<sub>2</sub>. Utrekningane var gjort på same måte som studien OD utarbeida i 2012. Det blei påpeika at det var stor usikkerheit rundt kostnadsestimata (Olje- og energidepartementet 2014a). «Bedriftsøkonomisk er prosjektet svakt ulønnsomt, mens samfunnsøkonomisk er det svakt positivt», uttalte Hans Jørgen Samuelsen i Statoil (Myrset 2013). Statoil var positive til ein felles distribusjonsplattform, men understreka at det var ein kompleks situasjon med mange selskap involvert. «Her gjelder: En for alle, alle for en. Det er ti forskjellige selskaper som er involvert og det er relativt krevende å få til en enighet», uttalte selskapet vidare (Bertelsen 2012). Dei understreka at det var snakk om fire ulike felt med geografisk spreing og ulik modenhet, med oppstartstidspunkt i perioden 2015–2018. «Det ville vært helt ideelt å bygge ut alle feltene samtidig, men slik er det ikke. Vi må derfor forvente at noen allerede har turbiner» (ibid). Utredninga fortsette vidare.

Samtidig kom det også ut at Edvard Grieg ikkje var førebudd på elektrifisering, og dei fekk skarp kritikk frå Oljedirektoratet. Designet som låg til grunn for utbyggingsplanen, ville ikkje gjere det mogleg å få dekkja heile kraftbehovet med kraft frå land. Frå det hemmelege møtetreferatet mellom OD og Lundin som Teknisk Ukeblad hadde fått tilgang til, kom det fram at Lundin på eit tidleg tidspunkt var klar over at vilkåret ikkje kunne oppfyllest, i tilfelle måtte plattformen teiknast om. Dei meldte ikkje frå om dette til OD, for å ikkje forstyrre framdrifta i prosjektet. OD meinte at Lundin hadde skapt vanskar for myndighetene fordi kraft frå land no vil bli svært dyrt, med ekstra omkostningar på 4 milliardar. Ei anonym kjelde sa også at dette var grunnen til at Utsirakonklusjonen hadde vore forsinka, fordi Lundin og dei andre partnerane trenerte prosessen på bakgrunn av at dei ikkje var interesserte i elektrifisering, og ville sleppe å betale. Fleire politikarar, Kjell Ingolf Ropstad (Krf), Siri Meling (H) og Per Rune Henriksen (Ap) uttalte at det var eit klart brot på det Stortinget hadde vedtatt (Qvale, Ramsdal og Taraldsen 2013a). Lundin avviste nokre dagar seinare at dei hadde lyge til Stortinget og at plattformen var hundre prosent klart til å køyre på straum frå land om det kom, men OD stod framleis på sitt (Qvale, Ramsdal og Taraldsen 2013b).

#### Den nye regjeringa blir anklaga for å spå usikkerheit om Utsira-elektrifiseringa

Striden om elektrifisering av Utsirahøyden byrja for alvor etter regjeringsskiftet hausten 2013. Då utgjorde FrP og Høgre ei mindretalsregjering, med ein samarbeidsavtale med Venstre og

KrF. Tord Lien (FrP) var olje- og energiminister, og Tine Sundtoft (H) klima- og miljøminister. Sistnemnte blei i desember 2013 anklaga av Venstre og SV for å spreie usikkerheit om saka, etter å ha uttalt at det pågjekk forhandlingar om elektrifisering. Dette hadde ikkje kome ut før. Begge understreka at ein måtte elektrifisere heile Utsirahøyden for å nå måla om CO2-reduksjonar i Klimaforliket (NTB 2013). Regjeringa fekk også klar beskjed om å følgje opp saken om at Edvard Grieg kanskje mangla tilgang til straum. SV meinte at Lundin prøvde å skru opp kostnadane for elektrifisering for å sleppe unna (Tollaksen 2013).

#### Statoil: Elektrifiseringskonklusjonen er forseinka

20. desember 2013 sendte Statoil ut pressemelding om forseinkingar i elektrifiseringskonklusjonen, som egentleg skulle vere klar før jul. Det verserte igjen rykte i media om at det var usemje mellom oljeselskapa, og at striden var om korleis forsyninga av straum skulle vere (Stenberg og Oppedal 2013). Statoil avviste at det var krangling. «Dette er et felt som betyr mye for mange, og det er klart at det er mange diskusjoner. Diskusjonene som oppstår er med på å gi en bedre løsning. Slik det står nå, er det full enighet i partnerskapet» (Taraldsen 2013). Hans Jørgen Samuelsen (2015), prosjektleiar i Statoil for studien om kraft frå land til Utsirahøyden seier ein av diskusjonane var det kommersielle.

Kva ville tiltakskosten bli og kva skulle trekkast inn som grunnlag for å beregne den. Korleis skal kostnadar fordelast, både under byggefase og under driftsfase, korleis skal du etablere eigarskap, korleis skal du etablere prioritering i tilfelle det skal vere mangel på kraft. Sånne type ting

Geir Nordvik (2015), tidlegare Electrical Lead i Statoil, uttaler seg ikkje på vegne av selskapet, men seier at han fram til han slutta i 2013, sjølv opplevde at prosessen var vanskeleg, nærmast umogleg frå byrjinga av fordi dei var så mange selskap. Han avviser at nokon av selskapa skal ha skulda for ueinigheitene.

Då vi forstod at det var sann prosjektet kom til å bli køyrt, altså at vi fekk, ni eller ti oljeselskap, som då skulle bli einige om alt, om den her kraft frå land-løysinga, då tenkte nok eg og det sa eg for så vidt til OED også, i nokon møter, at då blir det ingenting av [...] Nokon seier det er Statoil si skyld eller Lundin si skuld. Men det er jo ikkje det, det er fullt lov for eit oljeselskap og for kven som helst, og ha ei meining om ting. Når ein har eit system som krev at alle skal vere einige om alt, så blir det fryktelig vanskeleg å få det til i praksis.

Også Ivar Aasheim (2015) i Statoil bekreftar at det var diskusjonar, men seier at slik vil det alltid vere i slike saker.

Om du er ti stykk og alle har lyst til å betale minst mogleg, blir det alltid ein diskusjon. Men at det er mykje diskusjonar rundt mange slike forhandlingar i oljeindustrien, det er ikkje noko nytt. Det er alltid slike diskusjonar. Er det ti selskap er det litt verre enn om det er fire selskap.

### Regjeringa krev ikkje fullelektrifisering – Stortinget varslar tvungen inngripen

15.januar 2014 skreiv Tord Lien i ein e-post til NTB at OED ikkje ville krevje at oljeselskapa forsynte alle felta på Utsirahøyden med kraft frå land, og at oljeselskapa blei gitt anledning til å vurdere alternative løysingar som gir moglegheiter for ei best mogleg kraftløysing basert på kost-/nyttevurderingar for Sverdrup og området som heilskap. Årsaka var at «en områdeløsning for kraft til land til Sverdrup og de andre nye feltene i nærheten, har vist seg å bli flere milliarder kroner dyrere enn tidligere antatt» (Tollaksen 2014a). Det gjekk rykte om at anslaget frå oljeselskapa no var på 2000 kroner per tonn CO<sub>2</sub>, mot 400 kroner som OD hadde anslått i 2012, og 300-600 kroner som dei sjølve sa same året (Qvale, Ramsdal og Taraldsen 2014). Reaksjonane let ikkje vente på seg, og både Venstre, Arbeidarpartiet og SV at dei ville jobbe for å tvinge fram ei områdeløysing i Stortinget, om ikkje Tord Lien ga beskjed om at fullelektrifisering måtte på plass (Ramsdal 2014). Ap sin energi- og miljøpolitiske talsperson, Terje Aasland sa at deira utgangspunkt og mål var elektrifisering av heile Utsira-området (Arbeiderpartiet 2014). Samarbeidspartia Venstre og KrF minna om at regjeringa ikkje hadde fleirtal i Stortinget utan dei. Ola Elvestuen (V) meinte at dette ville gjere det krevjande å nå målsetjingane i klimaforliket og bad regjeringa setje krav om elektrifisering av heile Utsirahøyden (Taraldsen 2014a). Zero var også svært kritiske (Lewis 2014a). FrP og Høgre var heilt ueinige, og meinte at om talla stemte, noko dei ikkje hadde nokon grunn til å mistru, var det uklokt å elektrifisere heile området. FrP kalla det «meningsløs symbolpolitikk og ressursbruk» (ibid.).

### Statoil: Berre Johan Sverdrup får straum i fase 1, resten blir avklart til fase 2

13.februar 2014 bekrefta Statoil at berre Johan Sverdrup ville bli forsynt med elektrisk kraft i fyrste omgang, med ei kabelløysing på 80 MW, som dermed utelukka å dekke heile kraftbehovet for Utsirahøyden. Situasjonen for felta Ivar Aasen, Gina Krog og Edvard Grieg var ikkje avklart, ein skulle vidare sjå på om dei også skulle elektrifiserast, eller om ein skulle bruke gassturbinar på felta. Den avgjersla skulle bli klar i løpet av starten av 2015, i forbindelse med fase to av Sverdrup-utbygginga (Blindheim og Lode 2014). Statoil meinte at ved å gjere dette som ei fasa utbygging, reduserte ein risikoen for Johan Sverdrup-utbygginga isolert sett og det blei ein betre investeringsprofil:

Dersom vi velger en løsning der vi får kraft fra land i fase to også, så får vi to kabler i stedet for én slik at regulariteten blir bedre gjennom 50 år. Vi får i tillegg en investeringsprofil som ser annerledes ut gjennom at vi utsetter en del av investeringene (ibid).

Selskapet sa vidare at «skal Johan Sverdrup bidra med en områdeløsning fra dag én betyr det utsettelse» (Løvås 2014a). Det ville då bli eitt års utsettjing og eit noverditap på 20 milliardar kroner før skatt.

### Fase 1 eller fase 2 – strid om kostnader og tillit til oljeselskapa og Tord Lien

Etter dette fortsette striden, som no handla om kva elektrifiseringsløyising ein skulle gå for, fullelektrifisering i fase 1, for å nå måla i Klimaforliket innan 2020, eller løysinga Statoil føreslo, med elektrifisering av Johan Sverdrup i fase 1, og ei seinare vurdering om fullelektrifisering frå fase 2, som då gjorde det vanskeleg å nå Klimaforliket. Ueinighetene var basert på tala til Statoil som hadde endra seg så mykje, og selskapa på Utsirahøyden blei ankлага for å ha skrudd opp tala for å sleppe å elektrifisere. Tord Lien blei også ankлага for å ha late seg presse av oljeselskapa.

Terje Sten Tveit, som tidlegare hadde jobba med elektrifiseringsprosjekt som Gjøa, Goliat og Martin Linge i Statoil, uttalte at det at Statoil berre ville elektrifisere Johan Sverdrup i fyrste fase, ville bety kroken på døra for fullelektrifisering, fordi å utvide til dei andre plattformane seinare ville bli betydeleg meir kostbart. Opposisjonen på Stortinget var heller ikkje fornøgd. Kjell Ingolf Ropstad (KrF) etterlyste fakta på bordet for kostnadgrunnlaget for beslutninga, og Ola Elvestuen (V) meinte at «[d]ette er ikke godt nok og ikke i tråd med Stortingets ønske og vilje». (Løvås 2014a). Heikki Holmås (SV) sa at om ein skulle få ned norske klimagassutslepp, måtte det skje no, men at «oljeselskapene prioriterer egen profitt foran klima i dette spørsmålet» (ibid.). Han meinte framleis at olje- og energiministeren no måtte tvinge selskapa til fullskala elektrifisering frå dag ein. «Det opplegget Statoil har lagt fram i dag, er altfor svakt. Det vil svekke klimaforliket og vi vil får økte utslipp nasjonalt og dermed globalt», sa Terje Aasland (AP). Tord Lien sa at beslutninga betydde ein reduksjon på 60-70 prosent av CO<sub>2</sub>-utsleppa på Utsirahøyden, samanlikna med ei tradisjonell løysing med kraftturbinar. Han understreka at regjeringa ville jobbe vidare for å realisere kraft frå land til dei tre andre felta etter kvart. «Vi forventer også at selskapene jobber for å kunne realisere dette» (ibid).

Opposisjonen mistenkte at talla var skrudd opp for å sleppe å elektrifisere. Oljedirektoratet hadde gjort nye utrekningar for kostnadsestimater på elektrifisering av Utsirahøyden, men Tord Lien ville ikkje offentliggjere dei når opposisjonen bad om innsyn. Teknisk Ukeblad skreiv at dei hadde kjelder som sa at desse var langt lågare enn oljeselskapa sine tall (Qvale, Ramsdal og



Taraldsen 2014). Lien sa at talla var innhenta for bruk i departementets interne saksbehandling og unntatt offentlegheit for å sikre forsvarlege interne beslutningsprosessar (Dokument nr.15:372 (2013-2014), 2014).

Etter offentleggjeringa til Statoil publiserte OED berre ei oppsummering av arbeidet på Utsirahøyden, basert på Statoil sine tall, men utan grunnlaget for utrekningane. Her stod det at anslaget på 9-10 milliardar i 2012 hadde vore utrekna med stor usikkerheit, og at gjennom heile 2013, hadde svært mykje ha endra seg, både på pris, og på kraftbehov for Utsirahøyden, som hadde gått frå 250, til 220 til 190 MW. I desember 2013 var den endelege prisen på investeringane oppe i 16 milliardar, pluss 4,8 milliardar i usikkerheit, altså ein mogleg total prislapp på 21 milliardar.

Som følge av dette såg selskapa seg nøydt til å utsette planlagt konseptval og studere fram ei billegare løysing. Dei såg fyrst på eit 200 MW-alternativ, som kunne dekkja heile området, der kostnaden blei på 13 milliardar. Statoil gjekk likevel til slutt for ei 80 MW-løysing, der reservegasturbinen på Sverdrup blei erstatta med eit mottaksanlegg for kraft frå land på den eine Sverdrup-plattformen, heller enn ein eigen hub som var tenkt før. Denne ekskluderte i fyrste omgang resten av Utsirahøyden. Prisen var 5,5 milliardar, samt usikkerheit på pluss/minus 40 %. Ifølge OED var det med denne løysinga for fase éin også rekna inn moglegheit for å elektrifisere resten av Utsirahøyden i fase to. Dette ville i så fall skje tre år etter fase éin, og innebar eit tillegg på 120 MW, til ein pris på 8,1 milliardar kroner i tillegg - med usikkerheit pluss/minus 50 %. Til saman blei altså prisen på å bygge ut ein omgang eller i to, cirka den same, rundt 13 milliardar. I utredninga blei framleis ikkje OD sine utrekningar nemnt (Olje- og Energidepartementet 2014a).

Statoil uttalte vidare om valet at «i tillegg blir dette nå et prosjekt vi styrer, og har mer kontroll over. Vi styrte ikke huben. Der ville vi vært avhengig av enighet mellom fire forskjellige felt med ni forskjellige eierselskaper» (Løvås 2014a). Dette meinte Kjell Ingolf Ropstad (KrF) viste at det eigentleg ikkje var kostnadar, men ueinigheit mellom selskapa som var forklaringa på at det ikkje blei fullelektrifisering frå fase 1. «Mye tyder på at kostnadene er blåst opp. Et anslag på rundt 17 milliarder kroner er hinsides det andre prosjekter koster», sa Ropstad (NTB 2014a), og peika på talet på 6 milliardar som Oljedirektoratet hadde anslått i 2012. Han sa vidare at «alt tyder på at selskapene ønsker å konkludere med å skrinlegge elektrifisering som områdeløsning» (ibid.). Ola Elvestuen (V) meinte at «[h]er er vi i en situasjon hvor de som utreder ikke har interesse av å elektrifisere, fordi det vil medføre økte kostnader» (ibid.). Dei forlanga framleis å få sjå grunnlaget som talla var utrekna på.

To veker seinare publiserte OED Statoil sin rapport om underlagsmaterialet for talla, men store delar av dokumentet var sladda (Olje- og energidepartementet 2014b). I eit møte med Statoil bad energi- og miljøkomiteen Statoil direkte om dei kunne få den usladda versjonen. Det sa Statoil då at ikkje ville vere noko problem. Ei veke seinare ga selskapet kontrabeskjed, og skreiv til energi- og miljøkomiteen at dei beklaga at det blei gitt ein munnleg lovnad om at dei skulle dele talla med offentlegheita og komiteen. Dei bad også om forståing for at dei ikkje kunne dele forretningssensitive tall med offentlegheita. Ropstad (KrF) meinte då at Statoil feilinformerte Stortinget, og. «[d]ette styrker mistanken om at kostnadene er blåst opp. Det er et demokratisk problem at de ikke offentliggjør tallene» (Qvale og Taraldsen 2014). I møtet med energi- og miljøkomiteen sa Statoil at dei måtte hatt beskjed frå OED éin månad tidlegare om dei skulle kome med ei løysing som ville sikra fullelektrifisering frå fase 1. Holmås (SV) mistenkte då Tord Lien for å ikkje gjere jobben sin.

Det er åpenbart at Statoil *kan* velge en løsning for Utsira som sikrer fullelektrifisering fra dag én. Det er også Stortingets ønske. Likevel har Statoil lagt fram dette forslaget. Jeg skulle gjerne likt å vite hva olje- og energiminister Tord Lien har sagt til Statoil.

Ropstad seier også i intervjuet (2015) at han hadde lite til det selskapet sa.

Eg har fått mykje kunnskap gjennom personar i Statoil, og dermed visst ein del ting om har vore diskutert internt også, så i mine møter med Statoil så er mi oppleving ut frå det eg veit og har blitt fortalt, at det ikkje har stemt. Eg har til og med sitte med powerpoint frå føredrag, og så seier dei «nei, det er ikkje diskutert, det har vi ikkje utreda.

I den allereie usikre situasjonen rundt kostnadar, publiserte nærings- og arbeidsgivarpolitisk organisasjon for norsk kraftnæring, Energi Norge, ein ny rapport som viste ein tiltakskost på berre 40 kroner per tonn redusert CO<sub>2</sub>, med ein samla investeringspris på rundt 3 milliardar (Add Energy 2014). Denne ga ny næring til striden om tall. Rapporten var basert på eit konseptval med overføring av 200 mW kraft i kabel frå Kårstø til eine plattformen på Johan Sverdrup i ei fase, altså ei samla utbygging og fullelektrifisering frå fase 1. Kraftprisen var satt til 30 prosent lågare enn i Statoil sitt anslag, noko forfattarane av rapporten, Add Energy, meinte var eit rettare anslag. Administrerande direktør i Energi Norge, Oluf Ulseth, uttalte at det hadde vore krevjande å forstå korleis talla som Statoil hadde lagt fram var så høge. Kraft- og automasjonsteknologiselskapet ABB, som hadde vore med i utredningane på Utsira, meinte også at elektrifisering av Utsirahøyden kunne koste langt mindre enn dei talla Statoil hadde lagt fram (Lie 2014a).

Statoil sjølv avviste dei nye talla, og sa at hovudforklaringa til det var at rapporten hadde plassert mottaksstasjonen for kraft på ein av Sverdrup-plattformene, mens Statoil

fullelektrifiseringsløyning var basert på ein sjølvstendig plattform, for å spare plass på plattformen, for å kunne få ut nok olje. I tillegg meinte dei at rapporten basert seg på gamle tall, både for landanlegget og kabelen, som begge var over 1 milliard dyrare i deira nye tall (Lie 2014b). Både Aasheim (2015), Nordvik (2015) og Samuelsen (2015) understrekar i intervjuet at Statoil brukar dei same talla i alle prosjekta dei jobbar med, og seier at eit så seriøst og stort selskap som Statoil ikkje tullar med talla. Når dei får tall frå andre, seier Aasheim at

Då ristar vi litt på hovudet, og så seier vi, «herlighet, korleis klarer folk å lage såne tall?» Det er jo vi som sitter på kostestimeringa. Og vi veit jo at vi treffer. Det jo ingen som er like god som oss. Dei kan vere like god, men dei blir i alle fall ikkje noko betre enn oss.

Statoil-informantane seier vidare at andre ikkje reknar med drift, vedlikehald og ikkje minst risiko for overskridingar. Aasheim (2015) peikar også på at talla som blei lagt fram, var av eigeninteresse for oppdragsgivarane. «Du må i alle fall reflektere rundt kven det er som skal selje desse produkta da. Kven er det som tener mest pengar på at desse rapportane kjem?» Oskar Grimstad i Frp (2015) peikar også på at Energi Norge hadde ei eigeninteresse i rapporten.

Det har etter kvart blitt ei betydeleg overproduksjon av straum og den vil bli større framover, og spesielt framover mot opninga av Utsirafeltet og Johan Sverdrup. Det var ein form for eigeninteresse på at man skulle få ein storforbrukar.

Heikki Holmås (SV) meinte at «tallene i den nye rapporten er en direkte mistillit mot tallene som Statoil har utregnet og som olje- og energiministeren hemmeligholder. Nå krever jeg at statsråden pålegger fullelektrifisering fra dag én på feltet» (Lie 2014b). Også Kjell Ingolf Ropstad (KrF) meinte at studien var spennande og nyttig og viste at 200 MW var den mest fornuftige. I intervjuet (2015) seier Ropstad at han ikkje kan forstå kvifor kostnadane blei så høge når ein inkluderte Johan Sverdrup som stod for så mykje av kraftbehovet, sidan tala viste det var billigare når ein skulle elektrifisere Edvard Grieg, Gina Krog og Ivar Aasen aleine. Også Audun Rødningsby (2015) seier at det var utfordrande med talla, fordi ein ikkje visste om selskapa unngjekk å offentliggjere dei for å unngå kostnadar.

Dette var usedvanlig vanskelig. For alle tall eller kostnader og såne ting var jo hemmelegstempla, bedriftshemmeligstempla, så det var jo umulig å få ut sånn informasjon. Så det er umogleg for ein politiker i komiteen å dobbeltsjekke om det eit oljeselskap seier held vatn eller ikkje. Eller kva slags premisser - er dette noko dei seier for å unngå kostnadar, eller er dette noko dei seier fordi det er reelt?

Terje Aasland (Ap) meinte Tord Lien fråskreiv seg ansvar og i alle fall no måtte avklare kostnadane ved å forsyne Utsira med kraft fra land, ved å offentliggjere utrekningane som OD hadde gjort (NTB 2014b). Olje- og energiminister Tord Lien (FrP) fann ingen grunn til å tvile på oljeselskapa sine utrekningar (Lewis 2014b). Dette gjentek han også i intervjuet (2015), at

det er selskapa som veit best, og at rammevilkåra til Stortinget seier at det er operatørselskapet som skal stå for desse talla. Oskar Grimstad (FrP) (2015) er einig i det. «Vi kan ikkje kan mistru oljeselskapa, og om ein går inn i reknestykka deira, vil ein mistru dei, indirekte» sidan det er utbyggjar som sitter på kunnskapen om kva dette vil koste. Sjølv om Terje Aasland (Ap) pressa på for å få offentleggjort talla, meiner Amund Vik (Ap) (2015) at det er utbyggerane sine tal som må leggjast til grunn.

Det er jo Statoil som på vegne av lisenshavarane skal cashe ut 117 milliardar i investeringar her. Ein kan vere ueinige om pris, men ein kan ikkje politisk vedta kva noko kostar. Då har vi kome eit stykke utanfor kursen, så vi må ta høgde for at operatøren justerer sine tall.

Statoil er veldig overraska over at politikarane tvilte på talla deira. Samuelson (2015) peikar på at OED heile tida var involverte i framdrifta og beslutningsprosessane, og at selskapa har gitt fullt innsyn. Aasheim (2015) seier at

ein kan ikkje skyte på oss og seie at vi overestimerer, for det er faktisk ikkje sant. Vi har ingen prosjekt som har gått dramatisk under i kost. Vi treffer. Vi går inn i ei estimering med pluss/minus 20 prosent. Det er det vi brukar. Men vi har jo treft med pluss/minus 3 prosent dei siste åra.

Han seier vidare at ein i slike utbyggingssaker må stole på selskapa sine tall, «på same måten som ein stoler på dei som planlegger vegutbyggingar i Noreg». Han seier vidare at grunnen til at dei valte å dele elektrifiseringa i to, berre var kostnadane, og at det var ingen grunn til å tru at det ikkje skulle bli elektrifisering i fase to.

Vi ville ta det i to bitar, og ikkje bruke opp alle pengane i starten. Vi rekna jo fortsatt med at vi måtte ha elektrifisert i fase to. Og det er absolutt ingen grunn til å tru at det ikkje skulle skje.

Når det gjelder kritikken om at Tord Lien var blitt pressa av oljeselskapa, og makta til selskapa til å legge fram tall, stiller tidlegare rådgivar i OED, Svein Sundsbø, seg tvilande. Han meiner at Oljedirektoratet gjer ein god jobb i å sjekke talla til selskapa.

At for eksempel OED er i lomma på oljeselskapa, samsvarar ikkje med mitt bilde. Oljeselskapa blei utfordra ganske tøft og ubarmhjertig på dette punktet, at dei ikkje berre skulle komme og få det som dei ville.

Men han peikar likevel på den andre sida på at «så er det jo ikkje veldig lett å finne tilstrekkeleg tung motekspertise på dette». Tord Lien (2015) seier også at det er krevjande for myndigheitene å rekne ut desse talla, fordi systemet ikkje er tiltenkt det.

Vi har jo ikkje laga eit system som er basert på at kommersielle beslutningar skal tas av Olje- og energidepartementet. Dei kommersielle beslutningane skal jo tas av dei kommersielle aktørane som har føresetnadar for å gjere denne typen vurderingar. Det har jo vi ikkje. Altså, vi driver ikkje butikk, vi driver ressursforvaltning. Det er Stortinget som har vedtatt petroleumsløva, ikkje OED.

Samuelson (2015) i Statoil seier at «i utgangspunktet har haldninga til OED vore at ein av dei viktige parameterane for å avgjere om dette skulle gjennomførast eller ikkje, var tiltakskost.»

Når vi la ned kraft frå land-prosjektet som eit eige prosjekt og introduserte dette med å vidareutvikle fase 1 på Johan Sverdrup, og sånn sett avvente kva som vil skje med fase 2, så var jo det gjort sånn sett i samråd med OED.

Dette bekreftar også Ivar Aasheim. «Ja, dei må jo i grunnen halde seg til petroleumsmeldinga med CO<sub>2</sub>-avgift pluss kvoter på 400-500 kroner. Det er jo det som er dei politiske føringane for dei.» Tord Lien (2015) seier også at han haldt seg til rammevilkåra

Statoil visste kva Stortinget hadde vedtatt, og at det er myndigheitene si rolle er å følgje opp Stortingets vedtak, og det meiner jo eg at vi gjorde heile vegen, og då i dei vedtaka så ligg det at det er rammene for verksemda som er myndigheitene si rolle å fastsetje ikkje styre, gjere kommersielle beslutningar på vegne av selskapa [...] Og så får eg berre anerkjenne at dei aller fleste industrielle aktørane som var involvert i dette, meinte at med dei rammene som ligg, som er nokon av dei strammaste politiske rammene som ligger til grunn nokon stad i verda, så var det ikkje lønnsamt å elektrifisere.

Audun Rødningby (V) (2015) seier at dei på bakgrunn av dei mange talla, var sikre på at vedtaket var innanfor.

Eg trur liksom at dei rapportane var viktige dei, men det som var utslagsgivande var at Stortinget, eller alle dei som var involvert på Stortinget, følte ein trygghet på at Stortinget kunne vedta ei områdeløysing, tvungen områdeløysing som var innanfor rimelegheitas grenser. Det var ikkje eit uansvarleg vedtak å ta da. For det hadde ein trygghet på etter alle desse rapportane, som opererte med veldig mange tall. Men det var ingen av disse tallene som var helt i, helt utafor.

### Debatt om elektrifisering som klimatiltak

Samtidig gjekk debatten vidare i norsk media, om elektrifisering eigentleg var eit godt klimatiltak, eller om det berre var symbolpolitikk for å vise at Noreg gjorde noko på klimafrenten. Debatten starta med at Heikki Holmås skreiv at Noreg måtte ta sin del av ansvaret for klimaendringane nasjonalt, og «da kan ikke oljebransjen få styre norsk klimapolitikk. Oljeselskapene kjemper for å maksimere sin profitt på bekostning av klimaet» (Holmås 2014). Administrerende direktør i Norsk Olje og Gass<sup>2</sup>, Gro Brækken (2014) svarte med at på grunn av kvotesystemet, ville ikkje elektrifisering føre til at dei totale, globale utsleppa gjekk ned. Ho meinte det frå opposisjonen verka som

om elektrifisering må finne sted uavhengig av samfunnsøkonomiske og bedriftsøkonomiske vurderinger. Vi må våge å snakke om hva dette koster målt mot klimaeffekten disse milliardene kunne hatt ved å velge andre tiltak (ibid).

---

<sup>2</sup> Interesse- og arbeidsgivarorganisasjon for oljeselskap og leverandørbedrifter knytt til utforsking og produksjon av olje og gass på norsk kontinentalsokkel.

Leif Sande, forbundsleiar i Industri Energi, var einig. «Elektrifisering høres tilforlatelig ut, men det har ingen miljøeffekt å elektrifisere norsk sokkel med kraft fra land. Gassen som spares, sendes uansett til Europa og forbrennes der» (Sande 2014). Dei fekk støtte frå Aasheim i Statoil.

Å kreve elektrisk drift av norske oljefelt for å løse globale klimaproblemer er en type lokal ekstremport. Vi argumenterer sterkt for globale CO2-priser. At vi skal løse et globalt problem med å elektrifisere alle feltene, er en form for ekstremport lokalt (Løvås 2014b).

I intervjuet seier Aasheim (2015) at Statoil heile tida jobba for og strakk seg langt for å få til ei fullelektrifisering. «Du må ikkje gløyme at vi har foreslått vi, å elektrifisere Johan Sverdrup, til tross for at det var dobbelt så dyrt som føresetnadane Stortinget la, og då gjekk vi faktisk inn for å gjere det.» Kaski (2015) i Zero meiner derimot at dei som var på prosjektutbyggingssida i Statoil, på Johan Sverdrup-prosjektet, var veldig lite interesserte i å få til elektrifiseringa, og at argumentet om at ein flyttar utslepp er vikarierende. «Eg hugsar eg møtte blant anna Øyvind Reinertsen, som jo liksom sa til meg direkte at dette var noe dei ikkje ville ha, at han meinte at elektrifisering var noe tull». Ho trur at den eigentlege grunnen var at oljeselskapa var redde for rammevilkåra på sokkelen.

Men det er jo eit argument i mot å gjere nokon slags tiltak, for same prinsippet gjelder om du legger ned et kullkraftverk i Polen. Men der seier oljeindustrien «la oss legge ned kullkraft i Polen og heller bygge gasskraftverk». Så det er klart at det er eit vikarierende argument. Eg trur jo at det som er fundamentalt og det som utgjør den reelle motstanden, er at Stortinget, politikarar og myndigheiter skal bestemme sånne ting.

Vidare seier ho at tidsperspektivet manglar i diskusjonen, sidan kvotesystemet ikkje fungerer per i dag, på grunn av eit stort overskot av kvoter og dermed lave kvoteprisar.

Det er jo fullstendig ueigna til å gi eit signal til industrien om at dei ikkje skal investere i nye store utslepp. Johan Sverdrup vil vere i produksjon til 2070, så du må ha ei politisk styring inn i der som sikrar at ein ikkje låser fast utsleppa på eit høgt nivå i mange, mange tiår.

Dette får ho støtte frå både Ap og Venstre på. Dei meiner at desse utsleppa kom i tillegg til dei ein allereie hadde. «Johan Sverdrup og elektrifisering av Utsira var jo ikkje snakk om å reinse eit utslepp som allereie stod, og dermed frigjere kvoter, det var jo snakk om å ikkje sleppe ut CO2», seier Amund Vik (2015) i Ap i intervjuet. Audun Rødningsby (2015) i Venstre seier også at han «trur dei aller fleste partia syns dette var problematisk å kunne forsvare publikumsmessig, opinionsmessig og klimamessig». Olje- og energiminister Tord Lien (2015) seier også at elektrifisering fører til at nasjonale klimagassutslepp går ned, men at han ikkje har veldig trua på at elektrifisering på norsk sokkel fører til utsleppsreduksjonar

Men gassen vil jo bli brent uansett, og noko av denne gassen vil jo bli, altså gassen som brennast på Utsira den vil jo gå rett inn i den europeiske klimakvoten. Det er ikkje berre flytting av utslepp, veit du, fordi absolutt all gassen som går til kraftproduksjon på Utsira vil jo vere per se

innanfor klimavoteregimet, mens av den gassen som faktisk blir eksportert frå Johan Sverdrup vil jo cirka... En betydeleg del av norsk gass går til varmeproduksjonen i Europa, og vil jo vere utanfor klimavoteregimet.

### Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet refsar Statoil

I mars, etter Statoil sitt konseptval, lanserte Miljødirektoratet ein rapport over kva kutt Noreg må ta for å nå klimamålet innan 2020. 8 millionar tonn måtte kuttast fram mot 2020, og oljesektoren var ein viktig aktør på lista med tiltak som måtte gjerast. «Skal vi nå åtte millioner CO<sub>2</sub>, må store deler av de nye prosjektene i Nordsjøen elektrifiseres», sa direktør i Miljødirektoratet, Ellen Hambro (Haugan 2014). Rapporten blei mykje brukt av opposisjonen vidare, for å fastslå at ein måtte gjennomføre fullelektrifisering frå fase 1.

Då høyringsrundane for konseptvalet til Johan Sverdrup kom, fekk heller ikkje KMD eller MD innsyn i grunnlagsmaterialet for talla Statoil hadde presentert. I eit hemmelegaldt høyringsinnspel, offentleggjort av Teknisk Ukeblad, refsa dei selskapet, fordi dei dermed ikkje vite kva føresetnadar som var lagt til grunn for å velje vekk konseptet med fullelektrifisering frå fase 1.

Vi mener det er svært uheldig at miljømyndighetene ikke gis innsyn i opplysninger som er vesentlige for å forstå valget av løsning når denne vil ha store konsekvenser for norske klimagassutslipp. Dette gjelder bl.a informasjon om kraft- og gasspriser og elementer i investeringskostnadene. Vi mener at Statoil i det videre arbeidet bør se videre på ulike konsepter for kraft fra landløsning og legge fram nødvendig bakgrunnsinformasjon (Lie 2014b).

MD viste også til at det i den fyrste statusrapport frå desember 2012, var tiltakskostnadane vesentleg lågare enn det som var presentert no, og meinte difor at dei måtte få innsyn. Dei var redde for at ei områdeløysing ikkje ville gjennomførast i fase 2 fordi dette kravde ei ny stor investering, og at det låste konseptvalet med omsyn til elektrifiseringsløysing lenge før Stortinget fekk PUD til godkjenning. KMD skreiv at

For å kunne vurdere tiltakskostnad, utslippskonsekvenser og hvilken løsning som er best i et samfunnsmessig perspektiv, er det nødvendig å ha tilgang til dette underlaget. Program for KU [konsekvensutredning] gir ikke dette underlaget, og det har derfor ikke vært mulig for departementet å gjøre en vurdering av ulike mulige alternativer for oppdekning av energibehov, verken tiltakskost eller utslippskonsekvenser. Det kan ikke tas endelig konseptvalg med så stor betydning for norske klimagassutslipp før miljømyndighetene har kunnet vurdere ulike alternativ

Begge meinte at vala selskapa gjorde hadde store konsekvensar for Noreg sine CO<sub>2</sub>-utslepp i lang tid framover, og Miljødirektoratet understreka igjen at elektrifisering var avgjerande for å nå Noreg sine klimamål for 2020.

Fleire av informantane mine meiner det verkar som både MD og KMD har hatt lite å seie i elektrifiseringssaka, og at det er Olje- og energidepartementet som er det «eigentlege

klimadepartementet». Svein Sundsbø (2015), tidlegare politisk rådgivar i OED, seier at det klart er OED som er den sterke part her.

Når spørsmåla blir «kva trur du, kva skal du regne med av framtidig kraftpris, kva er energitapet i å flytte fornybar energi ut på sokkelen kontra å flytte den same krafta til kontinentet, kva er kostnadane ved den og den løysinga på den og den plattformen», så er det klart at miljøverndepartementet har ikkje apparat på same måte som OED. OED har eit oljedirektorat som sitter med og reknar på slike tekniske og økonomiske føresetnadar heile tida, slik at det er nok rimelig å seie at OED blir den sterke part i desse forhandlingane.

Vidare peikar han på at slik han kjenner systemet, så trur han at «både forvaltninga i OD og OED tenderer nok til å sjå på dette ut frå kostnadseffektivitet. Er det eit veldig dyrt klimatiltak, så bør vi heller gjere noko anna med pengane. Det er den rådande tenkinga i det systemet». Kari Elisabeth Kaski (2015) i Zero meiner at KMD har lite å stille opp med i slike saker, og at dei ikkje jobba opp mot dei eller MD i det heile i saka.

Olje- og energidepartementet sitter på heile definisjonsmaka og makta for den saks skuld. Det er veldig lite eigarskap til elektrifisering som klimatiltak hos Klima- og miljødepartementet. Det er få folk som kan det, og sånn reint kompetansemessig, så sitter OED og OD på mykje meir kompetanse på det. Klima- og miljødepartementet har aldri vore involvert av den delen av oljeforvaltninga. Miljødirektoratet er lite på tiltakssida når det kjem til klima og klimagassutslepp.

Audun Rødningsby (V) meiner at OED er god på ressursforvaltning, men ikkje har ei sterk nok rolle klimamessig. Amund Vik (2015) i Ap seier at KMD har vore «veldig lamma av at petroleumspolitikkk ikkje er deira ansvarsområde, sjølv om dei burde tatt ei mykje pådrivarrolle, ettersom klima tross alt er deira ansvarsområde». Elen R Alstadheim (2015), fagdirektør i KMD, kan ikkje snakke spesifikt om Utsira, berre generelt korleis dei behandlar saker.

Det her var ei stor sak som på ein måte fulgte vanlege prosessar i departementa med program for konsekvensutredning og høyring av det, der vi og underliggande etat, Miljødirektoratet avgir høyringsuttalelse, og det same med konsekvensutredninga, så det er jo på en måte vår rolle i utbyggingsaker generelt, også Sverdrup.

Ho seier vidare at selskapa sit nærmast beslutningane.

Vi, altså, Miljødirektoratet har jo fagkompetanse på utslepp og utsleppsreducerande tiltak, også på elektrifisering, men generelt så er det jo klart at selskapa sitter jo generelt mest med den inngåande kunnskapen, men det er jo på en måte et sånt generelt fenomen da.

MD ville som nemnt ikkje svare på mine spørsmål om korleis dei har følgd opp selskapa mellom departementa i saka, men sa dei var «nøgde med utfallet av Utsirasaken». Tord Lien ville heller ikkje kommentere korleis dei har behandla saka mellom departementa.

Representantforslag om fullelektrifisering av Utsira og kupp av saksbehandlinga i Stortinget



10.april fremma Heikki Holmås og Audun Lysbakken (SV) eit representantforslag<sup>3</sup> om at Stortinget skulle be regjeringa sørgje for at PUD for Johan Sverdrup-feltet sikra ei kraft frå land-løysing for heile kraftbehovet for heile Utsirahøyden frå fyrste dag i Johan Sverdrup-feltet si operasjonstid (Dokument 8:58 S (2013-2014), 2014). Bakgrunnen for forslaget var også at ein ikkje fekk sett OD sine vurderingar av Statoil sin kostnadsutrekningar, og hensikta var også å tvinge fram fleire svar frå olje- og energiministeren, gjennom saksbehandlinga av forslaget (NTB 2014c). Kari Elisabeth Kaski (2015) i Zero seier sjølv at dei var svært langt inne i formuleringa av dette forslaget, og at dei allierte seg med kraftbransjen, ABB og samarbeidspartipolitikarane Ropstad (KrF) og Rødningsby/Elevestuen (V), i tillegg til opposisjonspolitikarane Heikki Holmås og Terje Aasland i Ap. Dei tre fyrste jobba tett saman for å formulere forslaget.

Leiar Gro Brækken i Norsk Olje og Gass meinte forslaget ville skape ytterlegare usikkerheit om rammevilkåra på norsk sokkel. Ho understreka at kostnytteprinsippet burde ligge til grunn, og at fram til i dag hadde oljeselskapa forhalde seg til CO2-avgift og kvotekjøp, i tillegg til at dei har vore pålagt å utgreie for elektrifisering «Det har aldri vært slik at elektrifisering er overordnet bedrifts- og samfunnsøkonomiske vurderinger» (ibid.). Også petroleumseksperter meinte det ville vere eit radikalt inngrep frå Stortinget. No petroleumsrådgivar og tidlegare statssekretær i Olje- og energidepartementet for Høgre, Hans Henrik Ramm sa at

Det vil skape en meget alvorlig situasjon hvis PUD for Sverdrup blir avvist på et slikt grunnlag. Det vil bli oppfattet som et radikalt inngrep fra Stortinget i kommersielle forhold langt utenfor hva som er forventet i norsk forvaltningspraksis (Taraldsen 2014c).

Olje- og energiminister Tord Lien sa også at selskapa no ville oppleve ein ny type politisk risiko ved aktivitet i Noreg, og i tillegg at ringverknadane for verdiskapinga ville kunne bli betydeleg. Han gjentok Statoil sitt argument om eit noverditap på 20 milliardar kroner, og uttrykte bekymring for utdeling av kontraktar til norsk leverandørindustri (Taraldsen 2014b).

16.mai 2014 «kuppa» opposisjonen behandlinga av representantforslaget i energi- og miljøkomiteen og Stortinget, gjennom ei pressemelding. Dei var ikkje villige til å forhandle saka, og kom til å be regjeringa om å krevje kraft frå land til alle felta på Utsirahøyden, med krav om at kabelforbindelsen blei etablert i forbindelse med *oppstartsfasen* av Johan Sverdrup. I den felles pressemeldinga frå Ap, Sv, Sp, KrF, Venstre og Miljøpartiet De Grønne stod det:

---

<sup>3</sup> Stortingsrepresentantar kan på eige initiativ ta opp saker i Stortinget, desse blir kalla representantforslag. Dei blir behandla på same måten som saker frå regjeringa. Representantforslaget blir fyrst sendt til ein komité for behandling der. Komiteen avgir deretter ei innstilling til Stortinget. Er det behov for utredning, føreslår komiteen at forslaget blir sendt til regjeringa for utredning der. Blir også kalla Dok-8-forslag (Stortinget 2014a).

I all omtale av prosjektet hittil har Stortinget hatt klar forventning til at denne utbyggingen også skal gi en kraft fra land-løsning for hele Utsiraområdet. Norges ambisjoner om reduksjon av klimagassutslipp vil ikke realiseres om vi ikke får dette til. Etter at de involverte selskapene på slutten av fjoråret gikk bort fra planen om å forsyne hele Utsiraområdet har det blitt skapt uklarhet om hvorvidt Stortingets forventning om kraft fra land-løsning vil bli innfridd. Statsråden og regjeringen har ikke bidratt til klargjøring (NTB 2014d).

Marit Arnstad (Sp) sa det var «nødvendig ut ifra den debatten som har vært de siste tre-fire månedene, å få et flertall som i realiteten har vært der i lang tid, nedfelt i et vedtak i Stortinget» (ibid). Ho meinte oljeselskapa no hadde god tid til å rette seg etter kravet om full elektrifisering. Terje Aasland i Ap sa at «[v]i er veldig opptatt av å følge opp klimaforlikets forpliktelser om utslippsreduksjoner innen 2020, og er sikre på at dette ikke medfører risiko for utsettelse av prosjektet» (Krekling, Brekke og Sandvik 2014) «Opposisjonspartiene opptrer uansvarlig og uryddig og setter framtidige investeringer i oljesektoren i fare» (NTB 2014d), meinte FrP. «Når man skal fatte viktige beslutninger som dette, må grunnlaget være godt. Man må vite hva slags kostnader man påfører skattebetalerne. Det er ikke gjort» (ibid). Oskar Grimstad (2015) (FrP) seier i intervjuet at pressemeldinga kom som eit sjokk. «Det var eit aha, verkeleg eit aha då vi skjønnte at her har samarbeidspartnerane gått i lag med Arbeidarpartiet og skal pålegge elektrifisering av Utsirahøyden». Både Ropstad (2015) (KrF) og Rødningsby (2015) (V) bekreftar at regjeringa ikkje visste om at dei gjorde dette. Høgres energi- og miljøpolitiske talsmann, Nikolai Astrup, var skuffa og overraska over måten opposisjonen gjorde dette. «Jeg mener denne saken hadde fortjent at vi behandlet den i komiteen med alle partier - at den ikke ble kuppet av opposisjonen før vi hadde kommet i gang og satt oss til bordet» (NTB 2014d).

Statoil åtvare igjen mot at utsetjingar kunne bli dyrt, men la vekt på at saksordførar frå Ap, Terje Aasland «kommuniserer en intensjon om ikke å skape en situasjon som medfører utsettelse av Johan Sverdrup» (Lewis 2014c). Dei lurte også på kva kravet eigentleg betydde for det valte konseptet og framdrifta av prosjektet. Både Norsk Olje og Gass og Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) meinte at Stortingets framgangsmåte overstyrte eit velfungerande rammeverk og rokka ved forutsigbarheita til oljebransjen (Norsk Olje og Gass 2014, NHO 2014). NHO peika også på at dette var eit kostbart tiltak som berre bidrog til å flytte utslepp innanfor EU sitt kvotesystem. Fellesforbundet i LO åtvare mot at ei utsetjing av prosjektet ville vere svært negativt for norske arbeidsplassar og føre til nedbygging av norsk leverandørindustri, og sa at elektrifisering ikkje måtte gi utsetjing av prosjektet (Fellesforbundet 2014). LO sentralt meinte stortingsfleirtallet hadde funne fram til ei god løysing, så lenge «dette ikke betyr en utsettelse av Johan Sverdrup-utbyggingen» (NTB 2014e). Med tanke på LO Industri Energi

påpeika LO Sentralt at dei føresette at elektrifiseringa ikkje gjekk utover energiforsyninga til fastlandet

Olje- og energiminister Tord Lien (FrP) uttalte fyrst at han var einig i intensjonane og understreka at regjeringa heile tida hadde hatt elektrifisering som mål, men sa at regjeringa måtte sjå om opposisjonens forslag om elektrifisering ville føre til utsetjingar for Johan Sverdrup (NTB 2014f). Nokre dagar seinare uttalte han at dette sette framdrifta på spel.

Sammen med oljeselskapene som skal investere mellom 100 og 120 milliarder, samt fagbevegelse, leverandører og offshorerverftene, er jeg bekymret for om timeplanen kan holdes. Dette har skapt usikkerhet for prosjektet. Det vil ha store konsekvenser, både for statskassen og selskapene, men også for aktiviteten hos leverandørene og verftene. At denne usikkerheten er skapt, er problematisk (Taraldsen 2014d).

Han sa også at han i og for seg hadde venta seg dette frå SV, men at det var overraskande at Ap ville risikere utsetjingar for industrien. Ap seier i intervjuet at det var riktig å gripe inn, for å få vekk usikkerheita.

Det var riktig for Stortinget å gripe inn på det tidspunktet, meiner eg, for å avklare den ganske store usikkerheita som oppstod rundt kor vidt det blir områdeelektrifisering eller ikkje. For det var ei usikkerheit som ramma i og for seg både miljøbevegelsen, men også oljeselskapa. No har vi jo fått plan for utbygging og drift, men om vi skulle byrja å rydda og gjort endringar på det no, så hadde vi sannsynlegvis fått utsetjingar på heile prosjektet, og ein vanskeleg situasjon for dei som driv med næringsverksemd (Vik 2015).

Også Venstre meiner at opposisjonen ikkje var trygg nok på signala regjeringa sendte og difor måtte gripe inn.

Om regjeringa hadde garantert eller sagt at det kom til å bli ei områdeelektrifisering, så hadde jo... Men Tord Lien sa jo heilt motsett, og det sa jo Statoil også, dei var jo veldig tydelege på at det var berre sjølve Sverdrup-installasjonen som kunne elektrifiserast. Det hjalp veldig med eit politisk vedtak for å få på en måte avklart ting (Rødningsby 2015).

Vik (2015) understrekar likevel at det var eit eingongstilfelle å gripe inn for Ap .

Det å rydde opp i det på det tidspunktet, meiner eg har avklart usikkerheita for aktørane, og for så vidt, det har ein kostnad at ein greip inn på det tidspunktet, i og med at det ikkje er normal praksis i norsk petroleumsforvaltning, men det var riktig i det enkelttilfellet.

Samtidig understrekar han at Ap syns dette er eit godt klimatiltak, fordi ein har moglegheit til å ikkje sleppe ut så masse tonn CO<sub>2</sub>. Han seier at dei her har tona ned kostnadsaspektet, som dei altså tidlegare har lagt vekt på både i Klimaforliket, Klimameldinga og Petroleumsmeldinga.

Elektrifisering av Utsira er eit godt klimatiltak. Men ein har jo då vekta kostnad litt annleis i forhold til dei andre atterhalda som Stortinget her la inn i behandlinga av blant anna Klimaforliket, ikkje sant. Og same at når ein skulle elektrifisere oljeinstallasjonane på sokkelen, så fram det var teknisk mogleg, det var kraft tilgjengeleg på land og kostnadsmessig forsvarleg. Så har ein jo tona ned kostnadsfokuset, og tona opp dei andre atterhalda på teknisk

gjennomføring og tilgjengeleg kraft. Og det trur eg er fornuftig. Om ein ikkje nyttar seg av moglegheiter ein har til å ikkje sleppe ut ein million tonn, så blir det vanskeleg å nå klimamåla.

### Arbeidarpartiet avgjerande for vedtaket

Fleire understrekar at Arbeidarpartiet var avgjerande for at dette blei ei sak. Svein Sundsbø (2015), tidlegare rådgivar i OED (Sp) seier:

Eg er ikkje sikker på om det Tord Lien og OED var inne på og hadde i tankane var veldig ufornuftig, men det blei framlagt og handtert på ein slik måte at det kom heilt på tverke i Stortinget. Og eg vil tru at Ap som kanskje ville hatt stor forståing for realiteten til dette om dei satt i posisjon, no såg ei veldig kjærkommen anledning til å foreine seg med KrF og Venstre og ta regjeringa.

Som skrive innleiingsvis, var Ap var etter Stortingsvalet 2013 det største partiet på Stortinget med 55 mandat. Vidare er fordelinga Høgre: 48, Frp: 29, KrF: 10, Sp: 10, V: 7, SV: 7, Miljøpartiet De Grønne: 1 (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2013). Den borgarlege blokka med Høgre, FrP, KrF og Venstre har til saman 96 mandat, mot dei raudgrøne på 72 mandat. Det er her klart at om dei raudgrøne med Ap i spissen går på lag med nokon av partia i den borgarlege fløya, får dei fleirtal i ei sak. Kaski (2015) i Zero seier at dei jobba opp mot Ap med at partiet trengte fleire miljøraker, og kunne ta regjeringa.

Vi jobba opp mot Arbeiderpartiet, men fyrst og fremst opp mot at Arbeiderpartiet trenger fleire miljøraker, dei skal prøve å framstå grøne, dei har fått ny leidar og jobbar med å fornye seg sjølv. Og eg trur at det var liksom det og at vi hadde eit godt forhold til Terje Lien Aasland som gjorde at vi fekk dette her til da, for då såg dei at dette var ei type sak dei kunne vere klimavennlege på, og samtidig plage regjeringa med, om du kan seie det på den måten. Det blei jo fyrst ei slik type sak som medførte stortingsvedtak på grunn av Arbeidarpartiet og dei bestemte seg for å køyre den saka.

Ho seier vidare at aller viktigast var den nye dynamikken i Ap, med ein ny partileiar i Jonas Gahr Støre. Jens Stoltenberg offentleggjorde at han gjekk av som leiar i mars 2014, og allereie då var det klart at Jonas Gahr Støre skulle ta over som leiar, sjølv om han offisielt ikkje tok over før i juni.

Ap hadde jo fått ny partileiar, som er meir fleksibel eller pragmatisk til klimapolitikken enn det Jens Stoltenberg var. Han var jo ekstremt opptatt av og engasjert av klimaspørsmål, men på ein veldig samfunnsøkonomisk, dogmatisk måte. Han var jo kvotesystemets far, og kunne aldri gått inn for noko sånt som dette her, men Jonas har ikkje den legacyen, så han har større fleksibilitet.

Dette seier også Tord Lien (2015):

Dette var ein heime aleine-fest, trur eg vi kan seie. Det var eit Ap utan styring, altså Jens Stoltenberg hadde aldri..., om Jens Stoltenberg hadde styrt Ap då dette skjedde, så hadde ikkje det skjedd.

Også Ropstad (2015) seier Ap var viktig, og fortel om korleis saka byrja å rulle.

Mi oppleving av dette her, er jo at Ap ganske openlyst erkjente at dei tapte valet på grunn av truverdigheit på miljø. Dei tapte 100.000 miljøstemmer. Då eg ikkje fekk gjennomslag med

Tord Lien og regjeringspartia blei eg einig med Heikki om at han burde fremje eit representantforslag. Eg hadde eigentleg eit klart, men eg ville ikkje fremje det. Så fremja dei det, og eg hadde eit pressmiddel, vi fekk større moglegheit til å stille spørsmål i Stortinget. For komiten kan berre behandle ei sak viss det er ei sak som er der, og PUDen kom ikkje før i 2015. Og då byrja Ap å ta leiarskap, fordi Terje Aasland blei saksordførar. Eg nytta i alle fall at Ap var i opposisjon og at dei var villige til å strekke seg lenger i ei viktig miljørak, trur eg, også for at regjeringa skulle gå på et nederlag.

### Debatt om endring av maktstrukturen overfor oljesektoren

I etterkant av kuppet til opposisjonen, meinte Ropstad også at ein måtte endre maktstrukturen overfor oljesektoren.

Etter det vi har opplevd knyttet til det store CO<sub>2</sub>-renseprosjektet på Mongstad, og nå sist på Utsira, er det dessverre nødvendig å ta en debatt om det er riktig at Statoil og oljeselskapene i så stor grad skal sette premissene for utredninger i større saker med stor samfunnsmessig betydning, uten at myndighetene synes å ha en reell mulighet for å følge opp og kontrollere at Stortingets intensjon oppfylles (Haugan og Johnsen 2014)

Han meinte at heilskapen gjorde at ein var i ferd med å hamne i ein situasjon der Stortinget blei satt på sidelinja. «Hvilke andre utbyggere kan si at det er umulig å gjøre endringer ett år før søknaden er sendt inn for godkjenning?» (ibid), spurte han vidare, og meinte at systemet gjorde at det var oljeselskapa som i praksis bestemmer, og at Stortinget kun dreiv med sandpåstrøing. Dette seier Ropstad (2015) også i intervjuet, og meiner OED ikkje følgde opp saka bra nok.

Dette er ei av dei store svakheitene eg meiner ein har, med at Stortinget kjem for seint inn, det er difor det vedtaket kom i fjor. Og med at vi ikkje har kontroll nok med at det vi ønskjer blir fulgt opp. Vi har jo OED da, eller regjeringa som skal følgje opp det Stortinget vedtar, og OD som jobbar på vegne av OED. Men min oppleving er jo veldig tydeleg, at dei ikkje gjer jobben, og at oljeselskapa, og særleg Statoil, har så stor innflytelse, at dei stort sett får det som dei vil.

Han forstår likevel at det må vere slik at selskapa må ha mykje å seie, fordi det er dei som tek den økonomiske belastninga, men at dette likevel er svært problematisk.

Men det som er mitt hovudpoeng, er at eigentleg vil det normale vere at saken berre hadde gått og gått og gått og gått, og så kjem dei med PUD, og så seier Stortinget sitt. Men då er det jo alt for seint for nokon ting. Fordi då utsetter ein heile plattformen, og så reknar ein det her noverditapet heile tida, at om ikkje olja blir tatt opp i år, så taper vi mange milliardar, fordi då blir den tatt opp neste år. Så det er jo eigentleg ein spesiell måte å regne på også da. Men når ein fyrst gjer det sånn, så betyr det jo at Stortinget er bondefaga. Fordi Johan Sverdrup har jo allereie gjennomført mange kontraktar, det er jo fordelt og det er glede rundt omkring fordi du fordeler arbeidsplassar, det er for seint å velje annleis kraftløyning osv., osv. Det var jo for seint for eit år sidan, og så skal du seie at Stortinget er all makt, og så gjer vi beslutninga når alt eigentleg er vedtatt.

Audun Rødningby (2015) i Venstre seier også at ueinigheita om prosessen var eit av stridspunkta her, og at det fyrst og fremst var dei, SV, KrF og Miljøpartiet De Grønne som såg denne problemstillinga, også utanfor Sverdrup.

Ein har ikkje laga ein prosess i Norge som gjer at Stortinget er under involvering før alt er på plass. Og det var jo difor eit fleirtal på Stortinget fann det nødvendig å presisere at den løysinga som kom til Stortinget, skulle innehalde elektrifisering. Ap meiner at Sverdrup er eit så unikt eksempel, at dei forsvarer å gjere avvik frå normal saksbehandling, og normal prosess, fordi feltet er unikt. Men dei presiserte at dette ikkje skulle vere eit signal om at vi ønska endra oljeforvaltning i Norge.

Han meiner vidare at det eigentleg er rammene politikarane har lagt som er problemet. «Høgare CO2-pris for eksempel, hadde jo gjort at grunnlaget for dette hadde vore annleis. Eller hardare krav for eksempel. Tydlegare lovverk og den type ting» (ibid.).

Tord Lien ville ikkje endre maktstrukturane og meinte det var få saker der det hadde vore så mykje informasjon tilgjengeleg eitt år før saka skal leggjast fram i Stortinget.

Stabile rammer for petroleumspolitikken har hatt bred støtte i Stortinget i flere tiår. Det har sikret landet inntekter og velferd gjennom over 40 år. Jeg mener det bør være en målsetting at rammevilkårene på norsk sokkel oppfattes som attraktive og forutsigbare (Haugan og Johnsen 2014).

Det kritiserer han også opposisjonen for, i intervjuet med meg.

Eg noterer meg at mange parti gjekk bort frå det av politikk dei hadde stått for tidlegare, om at det nettopp er rammene vi skal setje, både regulatoriske rammer og fiskale og så skal kommersielle beslutningar takast av kommersielle aktørar (Lien 2015).

Både tidlegare OED-rådrivar Sundsbø (2015) og Grimstad (2015) (Frp) meiner vi har ei oljeverksemd i Noreg som er blant dei strengaste i verda. Kaski (2015) i Zero seier også at det er slik rammevilkåra og systemet alltid har vore.

Det er i alle fall slik dealen har vore, eg syns det er litt sånn, og miljøbevegelsen har klaga inn oljeforvaltninga for manglande innsyn, til Sivilombudsmannen. Det er så mykje ræl, det er så lukka, i tillegg til at beslutningar blir tatt før dei formelt sett skal takast og sånn. Så på ein måte trur eg det er mest slik at dette ligger litt institusjonelt i heile departementet og byråkratiet der.

Vik (2015) i AP meiner at Stortinget ikkje kan gå inn i detaljvurderingar i oljeselskapa sine utredningar, men seier det kan vere vanskeleg å vise tydeleg kva Stortinget ønskjer seg.

Stortinget legger jo dei generelle føringane for olje- og gasspolitikken i andre dokument enn plan for utbygging og drift, ikkje sant. Det er jo i petroleumsmeldinga og i petroleumsløva kva slags utredningsansvar og plikter dei ulike selskapa ein har, og at ein eigentleg legg rammene som regjeringa skal styre innanfor. Så eg syns ikkje det ville vore ei veldig god løysing på lang sikt at Stortinget skulle gripe inn i kvar enkelt utbygging og gjere detaljvurderingar om kraftløysingar eller kva det måtte vere.

Men han peikar vidare på at «men det er jo ei utfordring for Stortinget å vere konkret i kva ein faktisk ser føre seg, når ein vedtek dei heilskaplege rammene for petroleumsværksemda, eller anna værksemd, for den del». I denne saka meinte han at grunnen til at ein greip inn i eksisterande rammevilkår, blant anna var «at ein hadde ei oppleving av på Stortinget at

statsråden og for så vidt selskapa ikkje hadde tatt Stortingets vilje til følgje i det ein hadde skrive i dei generelle dokumenta og desse føringane».

Nordvik (2015), tidlegare Statoil, seier han aldri heilt har forstått den PUD-modellen ein har i Stortinget, og meiner det blir sandpåstrøing.

Det er klart at eit prosjekt som, ta Johan Sverdrup da. Det er eit prosjekt med enorme verdiar som investerast, og enorme verdiar som tenast, når det kjem i drift. Og det å stoppe noko slikt, det er så ekstremt kostbart, at det ser eg ikkje føre meg at nokon politikarar kjem til å gjere. Men då er det så rart at dei skal bestemme det her når alle detaljane er fastsatt. Om ein faktisk ønskjer å påverke tekniske løysingar og konseptval, då nyttar det ikkje å gjere det når alt er sånn 60-70 prosent klart da, eller 80-90 også, kanskje. Ein må gjere det mykje, mykje tidlegare.

I tillegg meiner han at å prate til politikarar er som å tale for døve øyrer av og til, som for eksempel då han sa til OED at det å få ti selskap til å bli einige om Utsira, aldri ville gå.

Eg kunne faktisk godt tenke meg at politikarane, det hadde vore veldig kjekt om dei forstod litt meir om korleis eit olje- og gassprosjekt utviklast, frå liksom ein starter og finner ein oljepytt i Nordsjøen og til ein har det i gang med drift. Der skortar det litt, og eg føler av og til dei er for lite lydhøre når då seriøse oljeselskap kjem og prøvar å forklare dei korleis dette her er.

#### Usemeje mellom opposisjonen om kva «oppstartsfasen» betyr og Ap går for fase 2

Vedtaket var likevel ikkje avgjort, og ein enda til slutt med at Ap gjekk inn for at elektrifisering ikkje måtte skje frå oppstarten i fase 1, men innan 2022, som i realiteten betydde i fase 2. Berre ei lita veke etter «kuppet» frå opposisjonspartia, oppstod det usemeje mellom dei om kva vedtaket deira eigentleg betydde - om når plattformane i Utsira-området matte vere kopla saman med straumkablar, altså når “oppstartsfasen” var.

Olje- og energiminister Tord Lien (FrP) meinte tidspunktet for når kablane skulle vere på plass var avgjerande for om Sverdrup-utbygginga blei forsinka eller ikkje.

Dette spriket kan bety forskjellen på utsettelse eller ikke. For regjeringen er det viktig at vi ikke får en utsettelse av det største industriprosjektet i Norge på flere tiår. En utsettelse vil sette tusenvis av norske arbeidsplasser i fare» (NTB 2014g).

Difor skreiv han i sitt høyringssvar til energi- og miljøkomiteen om representantforslaget at ein heller burde vente med fullelektrifisering til fase 2 av Sverdrup-utbygginga, 3-5 år seinare, tidlegast i 2022. SV, Venstre og KrF var ikkje nøgde med dette svaret frå Tord Lien, og sa at ein måtte få i gang ein områdeløysing snarare. Terje Aasland i Ap skreiv derimot i ei pressemelding at olje- og energiminister Tord Lien no for fyrste gang hadde hadde erkjent at det var mogleg å få til ei fullelektrifisering, utan utsetjingar, som var det Arbeidarpartiet hadde ville fått til.

Det er fullt mulig å få til en kraft fra land-løsning på Utsira uten risiko for utsettelse av produksjonsstart for Sverdrup-feltet, hvis det gjøres ved byggetrinn to i Sverdrup-feltets oppstartsfasen. Det bekreftet olje- og energiministeren i dag i et svar på spørsmål fra energi- og miljøkomiteen. Dette er fullt gjennomslag for det Ap har hatt som mål hele tiden og viser at forslaget som stortingsflertallet har samlet seg om, er riktig. Statsråden ser nå ut til å ha forstått hvilke muligheter forslaget gir og har inntatt en mer konstruktiv tilnærming. Lien viser til at hele områdetets kraftbehov med kraft fra land, kabler mellom feltene og landanlegget kan inntas med klare tidsangivelser i endelige konsesjonsvilkår, uten at oppstarten av Johan Sverdrup forsinkes. Det er i tråd med våre målsettinger (Gjerde 2014).

Kaski (2015) i Zero meiner at «det som ikkje var avklart den 16.mai, var jo liksom, er vi egentleg einig om at vi skal ha fullelektrifisering av heile området frå dag ein». Rødningaby (2015) i Venstre seier også at «Ap var ekstremt opptatt av at ein skal unngå forsinkelsar for leverandørindustrien og kontraktinngåelsar». Men Holmås (SV) meinte at også Ap hadde vore einige i at ein måtte sikre kraft før fase 2. «Det var bred enighet i at elektrifisering skulle bidra til å kutte utslipp før 2020 og oppfylle klimaforliket» (Viseth og Sandvik 2014). Ropstad (KrF) var også overraska over at Ap no såg fase 2 som oppstartsfasen, og kravde ei avklaring. Han meinte at regjeringspartia Høgre og FrP i realiteten alltid hadde vore villige til å godta ei fullelektrifisering i fase to, men at det ville vere mykje mindre økonomisk og miljømessig fornuftig enn å få fullelektrifisering frå byrjinga, fordi viss ikkje så måtte ein legge to kablar.

Nå skal vi sette oss ned og diskutere. Vi var tydelig på at det ikke skulle være elektrifisering fra dag én, men heller ikke fase to. Derfor er det viktig for KrF å få en avklaring på hvor Ap står i denne saken. Er de på miljøsidan, eller velger de å høre på oljeselskapene og Frp? (Viseth og Sandvik 2014).

Han og Holmås (SV) peika på at heile poenget med å ikkje vente med elektrifisering til fase 2, var at Klimaforliket var i 2020, og fase 2 ikkje ville byggjast ut før etter dette. Holmås sa at

Husk at hele vitsen med kabelforbindelse mellom feltene på Utsira er å sikre CO2-kutt før klimaforliket i 2020. Med dette opplegget kuttes det ikke ett ekstra gram CO2 før 2020. Da bidrar man ikke til å nå klimaforliket, og jeg mener det er litt av poenget (ibid).

Aasland avviste at AP hadde brote Utsira-einigheita med opposisjonen, og presiserte at det heile tida hadde vore viktig for dei å unngå forseinkingar. Han meinte det openbart var rom for å tolke omgrepet «oppstartsfasen».

Hva oppstartfasen som begrep innebærer skal vi ha på plass når plan for utbygging og drift kommer. Det vesentlige er ikke om det blir full elektrifisering i 2021, 2022 eller 2023. Det viktigste er ikke når, men at alle feltene skal forsynes med kraft fra land. Når det er sagt, er det klart at vi vil ha på plass en områdeløsning så fort som mulig (ibid).

### Press frå LO

Ropstad (2015) seier at det «plutseleg skjedde noko i Ap». Han, og mange av informantane mine peikar på at den eigentlege grunnen til at Ap gjekk tilbake på oppstartsfasen, var press frå LO. Vi skal i det følgjande sjå ei klar interessekonflikt med dei industrinæringane Ap



tradisjonelt har vore eit talerør for. Dette gjelder både den kraftintensive industrien og olje- og gassindustrien, særleg leverandørindustrien knytt til sistnemnte. Grimstad (2015) (Frp) seier at dei blei kontakta direkte av LO, «som frykta det at dette politiske spelet som dette var ein del av, ville føre til at heile saka vart utsatt», og at dei særleg pressa Ap. Kaski (2015) i Zero seier også at det blei eit voldsamt press på Ap. Leif Sande (2015), leiar i LO Industri Energi seier at både dei, LO sentralt og Fellesforbundet etter 16.mai-kuppet jobba tett opp mot saka. For LO sentralt og Fellesforbundet var saka at tildeling av kontraktar, og dermed arbeidsplassar, blei satt i fare ved ei utsetjing av prosjektet. Utbygginga av Johan Sverdrup var det største industriprosjektet i Noreg på fleire ti år. For LO Industri, var problemet at kraftbehovet elektrifiseringa trengte, ville kunne presse opp kraftprisane som gjekk utover deira kraftintensive industri på land. Dei er også ei fagforeining for tilsette innan olje- og gass, og ei utsetjing av Johan Sverdrup ville dermed føre til tap av arbeidsplassar knytt til fagforeininga der.

I intervjuet seier Sande (2015) at det kom som eit sjokk på dei morgonen den 16.mai, då dei vakna til nyhenda om at Ap hadde inngått kompromisset på Stortinget. «For vi trudde jo at slik som Ap hadde ei heilt anna holdning til dette, og var meir på parti med oss, og så plutselig over natta låg det ei einigheit mellom alle partia, sant». Han seier det er tre hovudargument for at dei var i mot elektrifisering på Utsirahøyden. 1) Tiltaket blei veldig dyrt og sette utbyggingsprosjektet i fare økonomisk, 2) det førte til auka kraftpris og kraftmangel i det området krafta blei henta frå. Her gjaldt det særleg konkurransen om kraftbehovet med Norsk Hydro si utbygging av aluminiumsverket på Karmøy, som ville bygge ut for å få større elektrolysekapasitet, og 3) dei meinte elektrifisering ikkje gir global klimagevinst, og dermed var det feil å bruke klima som argument for tiltaket. LO Industri køyrte hardt på argumentet om at gassen, saman med dei frigjorte kvotene som blir spart, berre blei sendt til Europa og brent der. Sande seier i intervjuet at om dette skulle vore eit klimaprojekt, burde ein starta oppatt gasskraftverket på Kårstø, og fått til CO2-reinsing. Han peikar vidare på at det som til sjuande og sist låg bak her, var at kraftselskapa og Statnett ivra for elektrifisering, fordi dei skulle få selt kraft.

Det er kraftselskapa som er den viktige drivaren her. Og dei har jo miljøbevegelsen på si side, delvis fordi dei finansierer miljøbevegelsen, ja, du får ikkje mange sponsorar i Zero trur eg, om du ikkje tar kraftselskapa med». Mantraet i Norge er at vi går mot eit energioverskot i Norge, og det energioverskotet må vi forbruke. Og det er ei veldig sterk drivkraft då, for å få selt kraft til høgast mogleg pris, og det er jo derfor vi ser mykje av desse kostbare prosjekta her.

Som sett ovanfor, sa også Kaski (2015) i Zero sa dei jobba tett opp mot kraftbransjen. Også Svein Sundsbø (2015) seier at kraftbransjen hadde ei klar rolle her.

Kraftbransjen har vore ein av dei fremste aktørane for elektrifisering. Dei har vore av dei fremste lobbyistane, fordi elektrifisering ville auke etterspørselen og prisen på kraft, mens kostnadane må berast av oljebransjen og andre forbrukarar.

Leif Sande (2015) seier at LO også jobba tett opp mot OED og Tord Lien for å få til ei anna løysing, og føler dei fekk ein god mottaking der. Tord Lien (2015) bekreftar at han og den politiske leiinga i OED hadde ein tett dialog med LO Industri og Fellesforbundet, og seier han var veldig glad for den «enorme støtta vi fekk frå fagbevegelsen». Han seier vidare at:

Stortinget framstod som eit møte i fagbevegelsen ei veker tid i fjor vår. Fellesforbundet, LO og Industri Energi - det krydra av dei på Stortinget, frå alle delar av landet. Frå Nord-Trøndelag og Hordaland, Agderfylka og Rogaland. Og det var sjølv sagt viktig for at saka fekk det utfallet som den fikk.

Ap sjølv nemner ikkje presset frå LO som avgjerande i saka. Amund Vik (2015) seier at:

LO er jo ikkje nokon einskapleg størrelse i den type spørsmål, sant. Og eg opplevde at det var intern ueinigheit også i LO-familien på dette. Vi hadde jo dialog med sentrale folk i LO, då vi jobba med denne saka, men så var det nokon i LO-familien som var litt skeptisk. Det viktigaste i Arbeidarpartiet er jo å gjennomføre den politikken som våre medlemmer har stemt fram gjennom fylkesmøte og landsmøter, og her er jo klimapolitikk ein sentral del av det, men også så for så vidt olje- og gasspolitikk.

Etter utsegna frå Aasland om, sa Statoil at dei var nøgde med at Ap hadde avklart saka (Sundberg og Lorentzen 2014), og Sande i LO Industri Energi at «jeg er glad for at Arbeiderpartiet snudde» (Industri Energi 2014). Han seier presset frå dei var veldig viktig

Om det var avgjerande veit eg ikkje, men eg er heilt overbevist om at det presset som kom frå oss og for så vidt andre LO-forbund var heilt...Hadde ikkje du fått det, hadde det ikkje skjedd, kan du seie det slik. Det er eg 100 prosent sikker på (Sande 2015).

Sande (2015) seier han meiner Jonas Gahr Støre har modifisert seg i etterkant av eit besøk på landsmøtet til LO Industri, etter Utsirasaka.

Han gjekk jo ganske friskt ut i forhold til den klimadebatten like etter han blei valt, og skulle ha nedlagt oljeverksemd og kull og masse sånne saker og ting. Og eg trur nok han har nyansert seg mange hakk etter dette her, så når han var ferdig med landsmøtet vårt og uttalte seg om for eksempel industriproduksjon i Norge og klima i forhold til det, og krafteksport, så har han vore mykje meir positiv enn når han fyrst kom til, for å seie det sånn.

Kaski (2015) i Zero meiner det kan diskuterast om Ap eigentleg snudde i Utsirsaken.

For di at det var jo, når ein la fram den fyrste einigheita 16.mai, så var jo Arbeidarpartiet tydelege då også på at dei ikkje ville, at dette var viktig at ein unngjekk forseinkingar. Men det var meir sånn at, då fekk dei eit veldig trøkk, og ein trengte liksom å formulere ut. Og det hadde vi også behov for, kva denne einigheita faktisk betydde, og kva det var mogleg å få til av formuleringar i Stortinget.

## Endeleg vedtak, men debatt i Stortinget

I juni vedtok Stortinget representantforslaget frå SV med følgjande forslag frå energi- og miljøkomiteen:

Komiteen ber om at regjeringen i den forbindelse stiller krav om at hele området kraftbehov skal dekkas av kraft fra land så raskt som mulig og senest i 2022. Det skal heller ikke gis tillatelse til produksjonsstart for byggetrinn to på Johan Sverdrup-feltet eller nye satellitter som ikke er omtalt i stortingsproposisjonen for første byggetrinn på Johan Sverdrupfeltet, uten at områdeløsningen for kraft fra land er satt i drift (Innst. 237 S (2013–2014), 2014).

I vedtaket stod det også at Oljedirektoratet skulle gi ei vurdering av kor raskt Utsira kunne elektrifiserast utan forseinkingar.

Til trass for at vedtaket blei samrøystes vedtatt, blei det heit debatt i Stortinget. Aasland (Ap) peika på at årsaka til at vedtaket kom, var at opposisjonen opplevde frustrasjon rundt manglande informasjon, sprik i kostnadsanalyser, og at det var vanskeleg å få tilstrekkeleg informasjon. I tillegg opplevde han at olje- og energiministeren eigentleg argumenterte i mot ei områdeløysing, samtidig som opposisjonen var for (Stortinget 2014b). Astrup (H) håpte at nokon hadde lært at ei så viktig sak for fellesskapet burde bli behandla i komiteen, og vektla at ein samla industri og fagbevegelse uttrykte stor bekymring over einigheita opposisjonen la fram 16.mai. Han meinte at dei sette politisk spel over omsynet til føreseielegheita som har prega myndigheitsarbeidet i petroleumssektoren dei siste 40 åra. Han var glad at Arbeidarpartiet snudde til slutt. Han understreka at regjeringa heile tida hadde hatt som mål å få til ei områdeelektrifisering, men at det rette tidspunktet å ta stilling til dette hadde vore ved PUD for fase 1 av Johan Sverdrup våren 2015. Då hadde ein visst lang meir om kostnadar, kraftbehov og tekniske løysingar.

Grimstad (Frp) peika på at det var svært uheldig at ein endra på rammevilkåra for sokkelen på denne måten, fordi ein då fjerna føreseielegheita for petroleumssektoren. Ropstad (KrF) sa han hadde større forventingar til OD si vidare behandling og faglege vurdering, fordi han meinte at Statoil si meining og vurdering ikkje var fasiten aleine. Det var ikkje det at han ikkje stolte på Statoil, men anerkjente at Statoil hadde andre interesser enn han som politiskar i nokre saker. «Og når det er sånn at det er Statoil som egentlig er fasit i en sak som dette, betyr det at vi som folkevalgte ikke kan gjøre noe annet» (ibid.). Ola Elvestuen (V) sa at sjølv om det var uvanleg å gjere denne typen vedtak via eit representantforslag, var ikkje Venstre i tvil om at i denne saka var det heilt nødvendig å komme med eit tydeleg vedtak no.

Selv om regjeringen har hatt som mål – som representanten Nikolai Astrup sier – at man skal ha en områdeløsning, er i hvert fall ikke jeg i tvil om, ut fra de signalene regjeringen har gitt, at det var nødvendig nå å gjøre vedtak (ibid).

Heikki Holmås (SV) anklaga Tord Lien for å villeie Stortinget i Utsira-saken og ikkje følge opp stortingsvedtak. Han meinte at når Tord Lien i pressemeldinga i januar sa at han ut frå dei rammevilkåra som var satt, ikkje ville krevje fullelektrifisering og let selskapa på forretningsmessig grunnlag vurdere kraftløysinga, ikkje kunne stå i Stortinget seinare og uttrykke at regjeringa arbeida med ei kraft frå land-løysing til Utsira og forventa at selskapa gjorde det same.

For det hadde selskapene allerede gitt beskjed om at de ikke gjorde [...] Det er da statsråd Tord Lien må bestemme seg. Er han Stortingets mann til å styre rammene for oljeindustrien, eller er han oljeindustriens løpegutt til Stortinget? (ibid)

Olje- og energiminister Lien svarte då at målet hadde vore å forsyne også dei mindre felta med kraft frå land, men at diskusjonen har gått om dei skal få det i den augneblinken Johan Sverdrup startar opp. Vidare peika også han på at leverandørindustrien og fagbevegelsen uttrykte sterk bekymring over det opposisjonen la fram 16.mai, og takka dei for at utfallet blei som det blei. Han sa vidare at angående det Aasland sa, om at informasjonen ikkje har vore god nok, så ville dette ha vore betre om saka kom med behandlinga av PUD i 2015. Då ville ein ha hatt mykje meir informasjon tilgjengeleg.

Arnstad (Sp) meinte at statsråden og Høgre måtte slutte å snakke om at ein burde ha venta til PUD, og at ein kunne ha tatt akkurat den same debatten då. «En vet jo utmerket godt at hvis en på det tidspunktet hadde sagt at en områdeløsning ikke er aktuell, så hadde Stortingets handlefrihet vært svært liten» (ibid.). Til dette svarte Lien at det var fullt mogleg at ein kunne lagt føringar for eit betre beslutningsgrunnlag i forbindelse med plan for utbygging og drift for fyste byggetrinn av Sverdrup for prosessen vidare – med byggetrinn to. Dette fekk Elvestuen (V) til å gå hardt ut.

Nei! Jeg mener statsråden tar feil når han sier at det vi vedtar nå, kunne vi gjort når saken kommer til Stortinget neste vår. For det vi nå vedtar, er ikke en føring inn mot fase to; det vi nå vedtar, er at de vilkårene som skal sikre en områdeløsning med kraft fra land, skal inn i vilkårene som skal vedtas neste vår, og da er det jo nettopp denne beslutningen nå som nødvendigjør det (ibid).

Grimstad (Frp) peika på at det var den raud-grøne regjeringa (Ap, SV og SP), som hadde lagt rammene for det arbeidet OED hadde gjort så langt, gjennom deira petroleumsmelding i 2011.

Skulle statsråden ta seg til å pålegge elektrifisering av sokkelen uansett tiltakskostnad, når same representant som står bak Dokument 8-forslaget, la til grunn rammevilkår på 450 kr tonnet? Skulle ein altså no, på bakgrunn av signal som har vore ulike frå parti til parti, køyre i gang eit arbeid nærmast uansett kostnad [...] Å kome her då på talarstolen og seie det, etter det forliket som vi no har inngått i komiteen, syntest eg mildt sagt var usmakeleg. Det minner om eit politisk spel som eg trudde ein ville halde seg for god til (ibid.).

Aasland (Ap) sa at det ville vore svært uklokt å vente til PUD for Johan Sverdrup fase 1 kom, fordi fullelektrifisering aldri hadde kome om tiltakskosten hadde overstige 450 kroner tonnet. «Statsråden sier i sitt svar til komiteen at om tiltakskosten hadde vært over 450 kr tonnet, ville han ikke krevd det. Nå er det en prinsipiell tilslutning til det» (ibid). Nikolai Astrup (H) minte då om at den førre regjeringa kunne ha fatta ei prinsippbeslutning om områdeelektrifisering av Utsirahøyden.

Det gjorde den ikke. I stedet vedtok man petroleumsmeldingen, som ga de overordnede føringer for petroleumspolitikken. [...] Når man likevel valgte ikke å gjøre det, oppfattet jeg at det var fordi den rød-grønne regjeringen også var opptatt av å ha et beslutningsgrunnlag før man tok stilling til elektrifisering eller ikke. Dermed hadde vi hatt et bedre beslutningsgrunnlag hvis vi hadde tatt stilling til dette i forbindelse med behandlingen av plan for utbygging og drift av Johan Sverdrups byggetrinn 1 (ibid).

Så blei det vedtatt at Utsirahøyden skulle fullelektrifiserast, ikkje frå fase 1 som opposisjonen fyrst kravde, men som eit kompromiss om at dette ikkje skulle føre til utsetjingar for industrien, i fase to, seinast i 2022.

#### Avsluttande kommentarar

Kaski (2015) i Zero seier at utfallet til slutt enda på 2022 fordi det viktigaste var å få til elektrifisering og eit fleirtalsvedtak, sjølv om ein eigentleg ville få det til frå fyrste dag. Ho seier vidare at «Det er jo liksom litt historisk i seg sjølv, at eg Stortinget tvinger gjennom ei anna løysing enn det oljeselskapa legger opp til sjølv, det har ikkje skjedd før.» Ho er likevel usikker på om det er eit permanent klimafokus. «Det går veldig i berg- og dalbane». Ho peikar på at regjeringskonstellasjonen var viktig.

I fjor var det ein ny dynamikk fordi det var ei ny regjering som prøvde å framstå miljøvennlig, samtidig som Arbeidarpartiet var der og pressa på. Så dei hamna i ein konkurransesituasjon med kvarandre, som er veldig gunstig

Rødningby (2015) i Venstre seier at Klimaforliket var veldig viktig her.

Så kom Klimaforliket og det har vore ei aukande klimabevisstheit i alle desse åra. Og så dei fyrste rapportane som blei presentert, så var det på ein måte ikkje, olje, lønnsemd og den type ting trumfa alltid klimaomsyn. Klima hadde ein heilt sånn, det er jo derfor ein elektrifiserer, det er jo mange andre gode grunnar til det også, men klima truma faktisk for fyrste gang andre omsyn, som alltid ligger i debattane.

Han understrekar at når ein låg så dårleg an på å nå klimamåla, var det

særdeles vanskeleg for oss, men også for dei partia som då blei med på det til slutt, å kunne forklare korleis ein kunne forsvare eit utslepp tilnærma like stort som heile Oslo da. Og samtidig hevde at ein tok klimapolitikken på alvor.

Han er likevel han usikker på kor mykje dette vil ha av betydning for endringar på klimafroneten framover.

Samuelsen (2015) i Statoil trur at også Klimaforliket var viktig her. «Eg trur at Klimaforliket er ein veldig viktig grunn og har pressa på for å få gjort dette prosjektet». Han trur også politikarane har tatt ei beslutning basert på at dei har ikkje tru på dei kostnadsestimata som har kome fram her. Aasheim er einig, og meiner at Statoil har blitt framstilt i eit veldig dårleg lys.

Det verkar jo som alle har gløymt at vi foreslo å elektrifisere fase ein. Det har dei gløymt heile tida. Det er ei veldig dyr løysing, det er klart, men likevel valte vi å gå ut å støtte den, til tross for det, så får vi peppar for at vi ikkje er aggressive nok. Eg er litt overraska over alle dei som har gitt oss veldig mykje peppar, det må eg seie. Vi blir framstilt i eit veldig negativt lys, og sitter igjen med eit spørsmålsteikn og lurar på kvifor det. At vi driver med noko skittent skyggespel, det berre ristar eg på hovudet av.

Samuelsen (2015) meiner også vedtaket ber preg av detaljstyring heller enn politisk føring.

Hadde ein gjort dette i tråd med normal praksis, hadde ein sagt at CO<sub>2</sub> er så viktig, at ein aukar CO<sub>2</sub>-avgifta. Og basert på det så ville operatørane hatt andre rammevilkår for å rekne ut om ein skal gå for elektrifisering eller ikkje.

Lien (2015) seier også at «myndighetene si rolle er å lage rammer, og så skal dei kommersielle beslutningane taksast av aktørane på sokkelen. Det er jo det som drukna i fjor vår da». Han seier avslutningsvis at Stortinget står friare til å gjere den typen ting enn myndighetene forøvrig, «men at det er eit brot på petroleumspolitiske prinsipp, er det jo ingen som helst tvil om». Aasheim stiller også spørsmål ved kostnadane for dette. «Kor mykje skal Noreg som nasjon betale for kostbare tiltak i Noreg, framfor å vere ein del av EU sitt kvoteregime?

### **4.3 Empirioppsummering**

Vi ser at politikarane gjekk inn i saka med ei tru på at dette no endeleg var gjennomførleg, og at ein skulle få kutte utsleppa og kome nærare måla i Klimaforliket, etter gjentekne elektrifiseringsfiaskoar sidan 1996. Med Klimameldinga i 2011 auka Stoltenberg-regjeringa CO<sub>2</sub>-avgifta, for å få auka bruk av kraft frå land, og Johan Sverdrup gjorde vidare ei samordning av felta på Utsira mogleg, til ein pris som i fyrste rapport såg gjennomførleg ut. I media gjekk det likevel tidleg rykte om koordineringsproblem mellom selskapa, og vi ser at OD meinte Lundin hadde gjort prosessen vanskeleg og ikkje følgd opp sine forpliktingar.

Hausten 2013, etter regjeringsskiftet, byrja den politiske striden rundt saka, samtidig som rykta gjekk vidare om koordineringsproblem mellom selskapa. Statoil konkluderte tidleg i 2014 med at berre Johan Sverdrup ville frå elektrifisering frå fase 1, og at resten ville bli avklart i forbindelse med fase 2. Årsaka var at prisen hadde auka til nær det dobbelte. Regjeringa støtta Statoil i konklusjonen, og ville ikkje pålegge ei fullelektrifisering. Opposisjonen, med Ap på laget, byrja då å jobbe for ei fullelektrifisering frå fase 1. Dei sådde tvil om talgrunnlaget for avgjerla, og meinte at selskapa hadde skrudd opp prisen for å sleppe å elektrifisere. Tord Lien

ville ikkje offentleggjere talla, og opposisjonen meinte då at han hadde blitt pressa av oljeselskapa. Heller ikkje KMD og MD fekk tilgang til talla, og stilte spørsmål ved kvifor dei hadde blitt så høge. Kraftbransjen publiserte ein rapport med ein vesentleg billigare pris, noko som underbygde opposisjonen sine mistankar, sjølv om Statoil avviste rapporten.

Ein fekk vidare ein diskusjon om elektrifisering som tiltak, der Norsk Olje og Gass, NHO og LO Industri Energi meinte det var sløsing av pengar, fordi ein ikkje ville få ned globale utslepp. Så fremja SV, i tett samarbeid med KrF, eit representantforslag om fullelektrifisering, som også ville kunne gi dei meir informasjon om talgrunnlaget. Opposisjonen kuppaa deretter behandlinga av dette gjennom ei pressemelding der dei sa at dei ville krevje ei fullelektrifisering frå oppstartsfasen. For dette fekk dei skarp kritikk frå NHO, Norsk Olje og Gass for å skape usikre rammevilkår på sokkelen, og LO kom også på bana for å unngå utsetjingar av prosjektet ved ei fullelektrifisering, som ville bety tap av arbeidsplassar for dei. Arbeidarpartiet gjekk til slutt inn for det som blei det endelege vedtaket, tvungen full elektrifisering i fase 2, innan 2022, men fekk sterk kritikk frå resten av opposisjonen for å ha brote avtalen dei hadde. Regjeringa, fagbevegelsen og Statoil var nógde med utfallet, men heile opposisjonen fekk kritikk for å skape utrygge rammevilkår for petroleumsindustrien, og for å gå utanom normal prosedyre for behandling av saker i Stortinget.





## 5 Analyse

Så, kvifor kom vedtaket om tvungen fullelektrifisering av Utsira innan 2022? I det følgjande analyserer eg empirien ut frå Olsen sine fire perspektiv på petroleumspolitik. Her vil vi sjå at det er hypotesane H3, interessehevding og forhandling, og H4, moglegheitsvindu med samanfall med andre hendingar og vedtak, som passar best for å forklare vedtaket. Vi finner også trekk som stemmer ved H1, rasjonell samfunnsplanlegging og H2, institusjonelle rutinar, utan at desse blir bekrefte.

### 5.1 Politikk som rasjonell samfunnsplanlegging

Denne hypotesen passar dårleg for å forklare kvifor vedtaket kom.

Det var den politiske leiinga, ved OED, som tok initiativ til å få selskapa til å elektrifisere, ut frå Stortingsvedtaket frå 1996 om at alle nye oljeutbyggingar skal utrede om kraft frå land kan erstatte gassturbinar på plattformane. Dette ser vi både gjennom den fyrste studien, før Johan Sverdrup kom, og også i den andre, då Johan Sverdrup blei inkludert i studien. Olje- og energidepartementet jobba ut frå dei eksisterande rammevilkåra for petroleumssektoren, der selskapa sjølve utgreier og konkluderer, under oppfølging av departementet. Ein kan her altså seie at måla og måten å løyse problemet på, var klare.

Vidare kan ein ikkje seie at deltakinga og prosessen har vore avgrensa og regulert. Saksbehandlinga låg etter normal, hierarkisk prosedyre i hovudsak hos OED, som skulle behandle saka som ei vanleg utbyggingssak, med høyringsrundar og innspel, mens Stortinget fyrst skulle koplast inn ved behandling av PUD, våren 2015. OED sitt standpunkt var klart at selskapa sine analyser ville føre fram til det svaret som skulle vere gjeldande; om elektrifisering var samfunns- og bedriftsøkonomisk lønnsamt innanfor dei verkemidla som er gjeldande, kvotekjøp og CO<sub>2</sub>-avgift, skulle det gjennomførast, viss ikkje ville det bli droppa. Dette er nettopp rasjonell samfunnsplanlegging. Men utover i prosessen blei svært mange aktørar deltakande som premissleverandørar i debatten, med forskjellige mål og løysingar. Dette var stortingspolitikarar, oljebransjen, miljøbevegelsen, kraftbransjen og fagbevegelsen. Fleire politikarar stilte spørsmål ved om Statoil burde utgreie og bestemme dette, og Energi Norge lagde også sine egne analyser, der dei føreslo sine egne løysingar, og meinte at Statoil sin konklusjon blei feil. Desse blei igjen vidare brukt av politikarar og andre, til å fremje sitt syn. Ein fekk forkjemparar frå begge sider, både for og mot elektrifisering. Medan Tord Lien og OED, som er saksstyrar, i tillegg til regjeringa og Statoil, og også Industri Energi, NHO og Norsk Olje og Gass heile tida haldt seg til regelverket om at elektrifisering skulle skje dersom

nettopp samfunnsøkonomiske lønnssemsskalkylar viste at det var lønnsamt, har du på den andre sida opposisjonspartia og deira samarbeidspartnerar, Zero og kraftbransjen, som meinte at klima i dette tilfellet burde gå over lønnssemsskalkylene og dei eksisterande rammene for petroleumsverksemda. Ein såg altså ikkje einigheit om valt løysing. Forslaget som OED, via Statoil, gjekk for, blei ikkje godtatt av opposisjonen på Stortinget. Faktisk blei det slik at stortingsrepresentantar sjølve la fram eit representantforslag, som var stikk motsett av det OED og regjeringa hadde godtatt.. Samtidig ser ein at det opphavlege representantforslaget, blei forhandla i ei meir samfunnsøkonomisk retning, ved at ein til slutt gjekk for ei løysing som innebar at det ikkje blei utsetjing av Johan Sverdrup, og dermed tap av arbeidsplassar og noverdiinntekter av oljen.

### Oppsummert

Det var den politiske leiinga ved regjeringa og OED, som tok initiativ til å elektrifisere, og selskapa skulle utrede og konkludere sjølve, under oppfølging av departementet. Stortinget skulle koplast inn våren 2015, i forbindelse med PUD-behandlinga for Johan Sverdrup. OED sitt standpunkt var at dette skulle gjennomførast om det var samfunns- og bedriftsøkonomisk lønnsamt. Dette blei ikkje tilfelle. Vi ser at opposisjonen, i allianse med Zero og kraftbransjen meinte at klima burde gå over lønnssemsskalkylane og dei eksisterande rammene for petroleumsverksemda. Dei kuppetta behandlinga av saka. Sjølv om det endelege vedtaket blei forhandla i ei meir samfunnsøkonomisk retning, er det var langt frå einighet om mål og middel i saka, og den har ikkje vore leiingsstyrt frå regjeringa/OED. H1 kan dermed ikkje seiast å stemme.

## **5.2 Politikk som institusjonelle rutinar og regelføring**

Dette hypotesen kan heller ikkje forklare kvifor vedtaket blei som det blei.

I dette kapitlet tek eg føre meg korleis saka har blitt behandla i OED, og viser at denne står i konflikt med KMD sitt verdisyn, som er klart svakast institusjonalisert her. OED og Oljedirektoratet ville elektrifisere om det var lønnsamt og innanfor eksisterande rammevilkår for petroleumsindustrien, medan KMD og Miljødirektoratet meinte at heile Utsirahøyden måtte elektrifiserast for å nå Noregs klimamål i Klimaforliket. Til slutt ser vi at det ikkje er OED sine rutinar og handlingsprogram, men heller misnøye med desse frå opposisjonen, som førte til at vedtaket om tvungen fullelektrifisering kom.

### Forskjellige verdisyn hos olje- og energidepartementet og klima- og miljødepartementet

Hovudbehandlinga og oppfølginga av saka har altså ligge hos OED og OD, sidan dette er snakk om utbygging av oljefelt. OED har klart handla ut frå eksisterande rutinar og reglar hos dei. Både Tord Lien, Svein Sundsbø og informantane i Statoil seier at OED og OD har halde seg til dei eksisterande rammevilkåra som ligger for oljesektoren, altså kvotepris og CO2-pris. Når prisen for ei fullelektrifisering frå fyrste fase i Johan Sverdrup viste seg å vere dyrare enn 450 kroner, ga regjeringa og OED dermed oljeselskapa grønt lys for å berre elektrifisere Sverdrup i fyrste fase, og ta resten av vurderinga i fase 2.

Sjølv om dette er oljepolitikk, er det likevel naturleg å anta at også KMD har hatt ei sterk rolle i samarbeid med OED her, sidan elektrifiseringstiltaket nettopp er klimapolitikk. Eg har som nemnt ikkje fått snakka med verken Miljødirektoratet eller Klima- og miljøminister Tine Sundtoft, og fagdirektør for energispørsmål i KMD, Elen R. Alstadheim kunne ikkje seie noko om den konkrete saka, men vi ser likevel er det ein del ting som tyder på at dei ikkje har hatt så mykje å seie her. Alstadheim seier at dei var inne i to runder av saka, fyrst i høyringa til programmet, der dei seier kva som bør dekkast i konsekvensutredninga, og så i høyringrunnda til konsekvensutredninga, der dei kommenterer på dei utbyggingsløysingane som er valt og seier kva dei syns burde endrast eller korleis dei meiner ting bør gjerast. Vi ser at verken KMD eller MD fekk innsyn i talla som Statoil hadde grunnlagt sine beslutningar på i høyringsrunnda. Dette uttalte dei seg kritisk til, fordi dei då ikkje kunne forstå valet av løysing, noko som hadde store konsekvensar for norske klimagassutslepp. MD stilte også spørsmål ved at kostnadane hadde blitt så høge i forhold til den fyrste rapporten Statoil la fram. Dei var også redde for at ei områdeløysing ikkje ville bli gjennomført, om ein gjekk for ei tofasa utbygging, fordi at ei vidare utbygging i fase 2 ville krevje ei ny, stor investering, som utbyggerane, når den tid kom, kunne velje bort.

Mange av informantane mine seier også at dei føler KMD har hatt ei lita rolle her, og faktisk har lite kunnskap om elektrifisering. Og også at olje- og energidepartementet klart er den sterke part her, og at deira syn på dette, er at elektrifiseringa skulle veljast om det var kostnadseffektivt. Dette stadfestar både tidlegare rådgivar i OED, Svein Sundsbø, og også Hans Jørgen Samuelsen i Statoil seier at tiltakskost heile tida var det rådande prinsippet i OED og OD.

Til saman tyder dette på at det er ein strid mellom to institusjonelle verdisyn her, der OED var mest opptatt av kostnadseffektivitet i utbyggingane, medan KMD er meir opptatt av klimadelen og utsleppa utbygginga fører med seg. Likevel er det ingen tvil om at klimaomsynet ikkje har vege tyngst hos sakseigar OED, og at KMD ikkje fekk ta veldig stor del i avgjerslene her. Vi ser dermed at den institusjonelle hypotesen må forkastast, fordi det departementet som pusha

på for elektrifisering er svakast institusjonalisert i saka, og at det forslaget som OED kom med, ikkje var det som førte til at vedtaket om tvungen elektrifisering blei vedtatt.

### Misnøye med eksisterande institusjonelle rutinar

Vi ser også at Stortinget greip inn i og ikkje var nøgde med dei eksisterande handlingsprogrammet og rutinane OED hadde for å følgje opp saka, før PUD-behandlinga kom til Stortinget. Ropstad (KrF) peika på at med det eksisterande systemet, måtte ein legge sin lit til at dei talla oljeselskapa sjølve utreda, var korrekte, og han trudde ikkje OED og OD hadde gjort ein god nok jobb med å følgje dei opp. Han meinte vidare at når Stortinget kom så seint inn i prosessen med å godkjenne PUD, så hadde dei i praksis ingen reell makt eller kunne føreslå endringar, for då hadde oljeselskapa kome så langt i prosessen. Det at oljeselskapa tidleg i 2014, over eit år før dei skulle legge fram PUD for Stortinget, sa at det ville medføre utsetjingar om dei måtte endre på kraftløysinga, understrekar det. Misnøya gjekk også på hemmelegaldet av talla, og at politikarane ikkje fekk sjå grunnlaget som beslutninga var tatt på før i forbindelse med PUD-behandlinga. Dette meinte heile opposisjonen var problematisk, fordi dei då ikkje kunne sjekke om OED og OD hadde gjort jobben sin med å følgje opp det Stortinget tidlegare hadde vedtatt. Dette heng sjølvsagt klart også saman med at opposisjonen var villige til å stille strengare krav overfor utbyggarane, medan regjeringa haldt på dei eksisterande rammene, altså at dette skulle vere kostnadseffektivt om det skulle gjennomførast.

Tord Lien forsvarte det eksisterande systemet og dei institusjonelle rutinane, og sa at ein ikkje hadde laga eit system der politikarane skulle ta kommersielle beslutningar på vegne av selskapa, og at ein dermed måtte ha tiltru til det dei la fram. Han sa at OD sine tall var innhenta til intern bruk, og at det ikkje var vanleg praksis å offentleggjere dei. Han peika vidare på at Stortinget no greip inn i rammer som dei tidlegare sjølv hadde vore med på å vedta, og at dette skapte usikkerheit for petroleumsnæringa.

Vi ser altså at misnøye med at dei eksisterande rutinane var noko av det som gjorde at opposisjonen greip inn, fordi dei gjennom dei følte at Stortinget ikkje hadde nok makt i behandlinga av saka. Det at fullelektrifisering blei fremja som eit representantforslag, var også uvanleg, fordi ein då gjekk i mot den vanlege praksisen med at det er OED som har saksbehandlinga av ei petroleumsutbygging og legger den fram for Stortinget, som fyrst stemmer over den då. Vidare blei behandlinga av forslaget også kuppet av opposisjonen før behandling i energi- og miljøkomiteen, då dei ved pressemeldinga 16.mai sa at dei kom til å stemme for fullelektrifisering frå oppstartsfasen.

## Oppsummert

Denne hypotesen passar ikkje for å forklare kvifor vedtaket om fullelektrifisering kom. Ein ser ein strid mellom institusjonelle verdisyn i saka, mellom OED/OD og KMD/MD, og at eigaren av saka, OED, sine omsyn vog tyngst, og dermed ikkje kravde ei fullelektrifisering. Stortinget greip inn i og var ikkje nøgde med dei eksisterande rutinane og reglane som OED hadde for å følge opp saka, og kuppa altså saksbehandlinga. Det var heller altså *misnøye* med den institusjonelle praksisen som gjorde at vedtaket kom.

### **5.3 Politikk som interessehevding og forhandling**

Denne hypotesen forklarar langt meir av prosessen.

Vi ser at det etter regjeringsskiftet hausten 2013 blei stor usemje om saka, og at den frå då av er prega av interessekampar og forhandlingar. Då klima- og miljøminister Tine Sundtoft uttalte at det var forhandlingar om elektrifisering, byrja presset frå opposisjonen, og SV og Venstre kravde at regjeringa måtte forvente ei elektrifisering frå oljeselskapa. Dette presset auka på i januar 2014, då Tord Lien sa at OED ikkje ville krevje at oljeselskapa forsynte alle felta frå land, fordi kostnadane blei så høge, og vidare når Statoil i sitt konseptval sa at dei berre gjekk for elektrifisering av Johan Sverdrup i fase 1, og ville vurdere resten i fase 2. I den følgjande prosessen fram mot vedtaket kom, utspelte det seg mange ulike interessekonfliktar, der ein kan seie at det var to frontar mot kvarandre: Opposisjonspartia, kraftbransjen og miljøbevegelen, mot regjeringspartia H og FrP, oljebransjen og fagbevegelsen. Samtidig ser ein at det også var intern strid i desse to gruppene, og at vedtaket til slutt blei eit slags kompromiss, der det blei vedtatt tvungen fullelektrifisering, men ikkje før i andre fase, innan 2022. I det følgjande tek eg føre meg dei ulike konfliktane eg ser rundt mål og løysingar mellom desse gruppene, i tillegg til dei interne ueinigheitene i dei ulike gruppene.

## Klima mot kostnad

Vi ser ei klar ueinigheit mellom regjeringspartia og opposisjonspartia om kva som skal vege tyngst av klimaomsynet eller kostnaden for elektrifisering. Det gjentakande argumentet hos opposisjonspartia er at ein ikkje ville nå Noregs klimamål om ein ikkje fullelektrifiserte. Dei poengterer at dette ikkje er snakk om å kutte eksisterande utslepp, men å sikre at Noreg ikkje slepper ut ein million *nye* tonn, i tillegg til alle dei eksisterande. Rødningsby (V) uttaler for eksempel at med alle dei ulike rapportane som kom med forskjellige tall, var opposisjonspartia sikre på at vedtaket ville vere innanfor rimelegheitas grenser, og at det ikkje var eit uansvarleg vedtak å ta. Regjeringa på si side har sagt at dette er eit spørsmål om kostnadar, og at å

elektrifisere for ein kvar pris ikkje ville vere fornuftig. Dei har heile tida halde seg til dei eksisterande rammene og verkemidla som tidlegare har vore gjeldande for petroleumsutbyggingar, altså at dette berre burde gjennomførast om prisen ikkje oversteig CO2-avgift + kvotekostnader, som er cirka 450 kroner per tonn CO2 i dag. Å krevje at dei skulle betale mykje meir enn dette, meinte regjeringa også ville føre til ustabile rammer for oljenæringa, og gjere det risikofylt å operere på norsk sokkel.

### Klima mot arbeidsplassar

Samtidig ser vi at Ap var avgjerande for at ein til slutt fekk ei tofasa fullelektrifisering, og ikkje ei elektrifisering frå første utbygningsfase av Johan Sverdrup, som resten av opposisjonen var opptatt av. Utover i prosessen byrja Ap å argumentere med at det viktigaste for dei var at ein fekk ei fullelektrifisering, og at også dei la stor vekt på at ein ikkje fekk utsetjingar på Johan Sverdrup, og dermed tap av arbeidsplassar. Den same argumentasjonen brukte regjeringspartia, og her låg altså etterkvart Ap nærmare dei. Ap sjølv meinte at regjeringa aldri hadde sagt at dei ville ha fullelektrifisering, og at vedtaket var viktig fyrst og fremst for å sikre det. Det er likevel ikkje til å kome vekk i frå at pressemeldinga dei sendte ut 16.mai 2014 klart seier at kraft frå land skulle etablerast oppstartsfasen av Johan Sverdrup. Ap sjølv meiner likevel at dei ikkje snudde, og får støtte frå Kari Elisabeth Kaski i Zero for det, mens både SV og KrF klart meiner at Ap gjekk tilbake på avtalen om oppstartsfasen. Audun Rødningsby (V) seier at Ap heile tida var ekstremt opptatt av at det ikkje måtte bli utsetjingar for leverandørindustrien og kontraktsinngåingar. Mange av informantane, inkludert Leif Sande sjølv i LO Industri Energi, nemner presset frå LO som avgjerande for at Ap «snudde». Både Tord Lien og dei andre frå regjeringa har uttalt at dei var veldig glade for den støtta dei fekk frå fagbevegelsen. Det kan altså sjå ut som at Ap i dette gjekk høgt ut, men til slutt ikkje kunne gå heilt ut, for å ikkje la forholdet til LO og interessegruppene knytt til dei, bli skadelidande. Dette tyder også på vikarierande motiv hos Ap, der klimapolitikk fyrst er viktig når ein har sikra næringsinteresser.

### Tiltru til oljeselskapa sine tall og mistanke om samrøre med OED

Ei anna konfliktlinje var tiltrua til at oljeselskapa sine tall stemte. Vi ser at tala frå dei ulike rapportane som blei publisert om saka varierte veldig. Både Zero, Venstre, SV og KrF meinte at selskapa eigentleg ikkje ville elektrifisere, og at det var ueinigheit mellom selskapa som gjorde at dei skrudde opp kostnadane. Dei trudde ikkje at talla kunne vere så høge, og stilte særleg spørsmålsteikn ved at Statoil sine kostnader auka så mykje på eitt år. At Tord Lien ikkje ville offentleggjere Oljedirektoratet sine tall, som det gjekk rykte om at var mykje lågare,

meinte dei underbygga dette. Dei meinte Lien hadde late seg presse av selskapa og ikkje hadde gjort ein god nok jobb med å få til fullelektrifisering. At Oljedirektoratet i det endelege vedtaket har fått i oppdrag å utgreie kor fort ei elektrifisering kan skje utan forseinkingar, kan også vise at tiltrua til oljeselskapa sine tall er lav.

Det er også interessant at også Miljødirektoratet stilte spørsmål ved kostnadane, og dette viser at korta mellom OED og Statoil har vore tette. Medieoppslaga om at det var ueinigheiter og koordineringsproblem mellom selskapa, og at Lundin fekk kritikk frå Oljedirektoratet for å ha trenert prosessen, underbygde nok også trua på at det var andre årsaker enn kostnadar som var årsaka.

Statoil meiner også at politikarane tok ei beslutning på at dei ikkje hadde tru på kostnadsestimata, og viser til at Statoil hadde svært gode estimat på tall, betre enn nokon andre. Dei stiller seg svært utanforståande til at politikarane ikkje hadde tiltru til dei, og Ivar Aasheim peikar på at det verkar som alle hadde gløymt at dei faktisk føreslo å elektrifisere fase ein, og at dei gjekk inn for å støtte løysinga, sjølv om den var dyr. Dei understrekar også at OED og OD har vore med og visst om alt som skjedde i prosessen heile tida, og seier dei heile tida har halde seg til rammevilkåra petroleumsmeldinga, som seier at CO<sub>2</sub>-avgift og kvotekjøp er verkemidla som skal få ned CO<sub>2</sub>-utslepp i petroleumsektoren. Tord Lien meinte at Stortinget aldri hadde vore så informert om ei utbyggingssak så tidleg i prosessen før, og meinte at openheit hadde prega prosessen. Eg kan verken motbevise eller bevise at det har vore samrøre eller oppsiktsvekkande tall, men vi ser at opposisjonen har brukt dette som argument for å få til elektrifisering, og truleg tatt avgjersla basert på det.

#### Politisk behandling av PUD og moglegheiter for å ha noko å seie

Vanleg praksis ved utbyggingssaker, er altså at Stortinget fyrst får innsyn i saka ved behandling av PUD. Fram til då er det OED som har saksførebuinga, og som saman med selskapet følgjer opp konsekvensutredningar og høyringsinnspel. Ved vanleg praksis hadde altså ikkje Stortinget hatt noko rolle før behandlinga kom opp der. Det ein derimot såg, og som er spesielt ved Utsirasaka, var at opposisjonen gjekk inn i departementets saksutgreiing over eit år før saka skulle leggjast fram i Stortinget. Bakgrunnen for å gjere det var at opposisjonen ville ha ei fullelektrifisering av heile området på Utsirahøyden, og meinte det ville vere for seint å krevje det i 2015, når saka blei lagt fram i Stortinget, fordi Statoil allereie hadde byrja å detaljplanlegge prosjektet.

Dette synleggjorde også ein større debatt, om Stortingets generelle makt i utbyggingssaker. Det er her interessant å sjå at Geir Nordvik i Statoil seier PUD-behandlinga er sandpåstrøing, og at om Stortinget vil ha reell makt, må kome inn mykje tidlegare. Dette tok også Ropstad (KrF) sterkt til orde for. Det er svært problematisk, meiner han, at Stortinget kjem inn så seint at ein i realiteten ikkje kunne endre på noko som selskapa hadde bestemt, fordi ein då alltid risikerte store økonomiske konsekvensar og utsetjingar. Han meiner at oljeselskapa dermed stort sett får det som dei vil. Rødningsby (V) seier at dei, SV og Miljøpartiet De Grønne såg denne problemstillinga også utanfor Utsira, og Zero er også einige med dei her.

Ap, på si side, understreka at det for dei var eit eingongstilfelle å gripe inn, og at det vil vere uheldig om Stortinget skal gripe inn og gjere detaljvurderingar i kvar utbygging. Vik seier likevel at det er ei utfordring for Stortinget å vere konkret i kva ein ser føre seg, når ein vedtek dei heilskaplege rammene for petroleumsverksemda. Her meiner han det var rett å gripe inn, fordi dei opplevde at OED og Tord Lien, og for så vidt selskapa ikkje hadde tatt Stortingets vilje til følgje i det ein hadde skrive i dei generelle dokumenta og desse føringane.

Tord Lien at systemet ikkje var bygd for at politikarar og forvaltinga skulle ta kommersielle vurderingar, og meiner det bør vere slik. Han meiner at alle opposisjonspartia her gjekk vekk frå dei stabile rammevilkåra ein har hatt politisk einigheit om i petroleumpolitikken «i 40 år», og understreka at OED og Stortinget ikkje skulle ta kommersielle beslutningar på vegne av selskapa, dei var ressursforvaltarar. Både Venstre og KrF anerkjenner også dette med at selskapa er dei som skal ta investeringane. Men, som KrF understrekar, er dette likevel problematisk, fordi oljeselskapa ikkje alltid vel det som er det beste for samfunnet som fellesskap. Og då blir det problematisk at ingen andre enn selskapa sjølv kan kome med tall, og at det er vanskeleg å ettergå utrekningane. Venstre seier, som Ap, at det er rammene som bør vere grunnlaget for dette, men meiner dei bør endrast, for eksempel gjennom ei høgre CO<sub>2</sub>-avgift eller strengare krav til selskapa. Misnøya med måten å behandle dette på, er likevel ei stor stridigheit, og også noko av grunnen til at opposisjonen greip inn.

#### Politisk spel om klimamakt og egentlege motivasjonar

Prosessen inneber eit klart aspekt av politisk spel rundt klimapolitikken, og ein kan stille spørsmål ved om det er andre underliggende motiv enn berre å nå Klimaforliket som har vore viktige her. Eg argumenterer her for at det er ting som tyder på at Arbeiderpartiet har stor motivasjon for å «ta regjeringa», men for det meste eigentleg var einige med den linja regjeringa



køyrt, medan SV og KrF i større grad ønskjer eit oppgjer med systemet mellom OED og oljeselskapa og politikken overfor oljeselskapa generelt

Fleire av informantane mine, frå begge sider av saka, seier at det Ap prøvde på her, var å prøve å framstå klimavennlege, og at det difor også var viktig for dei å påføre regjeringa eit nederlag nettopp her. Vi ser frå partiprogrammet til Arbeidarpartiet at dei vil legge til rette for framleis høg aktivitet og verdiskaping frå petroleumsverksemda, og at den viktigaste føresetnaden for å løyse klimaproblema er eit sterkt internasjonalt avtaleverk. Dette samantfall med både Høgre og FrP sine syn. I klimameldinga var verkemiddelet deira for å få meir kraft frå land å auke CO<sub>2</sub>-avgifta, heller enn å pålegge selskapa å gjere det. Dette kan tyde på at Ap eigentleg understøttar dei rammevilkåra som petroleumsektoren har i dag, ønskjer å oppretthalde systemet som det er, og ikkje vil pålegge dei mange ekstra kostnader. Vi ser vidare at det var Ap som til slutt gjekk for elektrifisering innan 2022, som altså er to år etter ein skulle oppnå Klimaforliket. Klimaforliket som argument blir dermed svekka, og når vi legg til det vi såg også over, at klimapolitikken ser ut til å kome i andre rekke for dei, etter at ein har sikra landindustrien arbeidsplassar, underbyggjer dette at motivasjonen for å vere med på å krevje fullelektrifisering også er å framstå meir klimavennlege enn regjeringa. Vi ser også at Ap for det meste angreip Tord Lien i saka, og ikkje oljeselskapa.

SV, på si side, står klart for å redusere utvinningstempoet i petroleumssektoren, og vi ser at dei gjennomgåande i denne saka har argumentert for at oljeindustrien her øydelegg for at Noreg skal nå sine klimamål. Dei argumenterer for ei auka skattlegging og sterkare styring av oljesektoren, med auka innsyn og politisk kontroll slik at selskapa sitt jag etter profitt ikkje skal gå på bekostning av fellesskapet, og klimautsleppa. Dei har altså ein stor motivasjon i å stille oljeselskapa til veggs i saka. For KrF og Venstre, er det også viktig å få gjennom sine ønskjer for klimapolitikken overfor samarbeidspartnerane i regjeringa og forsvare sin plass og beskytte sine stemmer, og dei gjekk difor på lag med Ap, til trass for samarbeidsavtalen med regjeringa. Regjeringa fekk fyrst vite gjennom pressemeldinga 16.mai at Venstre og KrF var med på avtalen. Som SV, tek også KrF til orde auka politisk og samfunnsmessig styring av oljesektoren, og vi ser at Ropstad argumenterte for ei strengare oppfølging av talla oljeindustrien leverte og at Stortinget måtte tidlegare inn i oppfølginga av utbyggingsplanane. Dei ønsker også at alle nye utbyggingar skal basere seg på utsleppsfri kraft frå land, og at ein må stille større krav til kutt i klimagassutslepp frå petroleumsverksemda. Både dei og SV har dermed ein sterk motivasjon for å endre systemet og krava overfor petroleumsindustrien. Venstre er ikkje like

klarttalende, men seier også at dei vil krevje kraft frå land frå alle nye utbyggingar, og at dei vil gjere petroleumsskattlegginga meir miljøriktig.

Dette kan tyde på at motivasjonane i opposisjonsgruppa altså er forskjellige og at alle har andre motivasjonar enn å «berre» oppnå måla i Klimaforliket. Alle ønskjer sjølvsagt å vise tenner mot regjeringa, men for Ap er dette truleg den einaste tilleggsmotivasjonen, medan Sv, KrF og delvis Venstre også ønskjer ei endring i maktstrukturen og politikken overfor oljeselskapa generelt.

### Stridande næringsinteresser som pushfaktor

I tillegg til dei politiske interessekonfliktane, såg ein også at det var stridande næringsinteresser i saka. Kraftbransjen, ved Energi Norge, ivra for elektrifisering, fordi dei, som Sundsbø, Grimstad og Aasheim understrekar, får ein storforbrukar av straum, og kanskje også auka straumprisar. ABB støtte konklusjonen til ABB om at talla var lågare, men dei vil sjølvsagt også få gjennom elektrifisering for å få selt sine produkt og tenestar til utbygginga. Vi ser at miljøsidea, ved Zero, bygde alliansar med dei, og vidare jobba tett med opposisjonen. På den andre sida har du LO Industri Energi, som driv med kraftkrevjande industri på land, og dermed både er redd for høgre straumprisar og for lite straum i området om det blir elektrifisering. Fellesforbundet og LO sentralt pressa også på mot elektrifisering, i den grad det førte til utsetjing av Johan Sverdrup-utbygginga, og dermed tap av kontraktar og arbeidsplassar. Samtidig ligg det mykje arbeidsplassar i å bygge ut ei kraftløysing, og ein ser at dei ikkje direkte var i mot elektrifisering, men berre var redde for at å fullelektrifisere frå oppstarten ville føre til utsetjingar. Dette ser vi ved at både Fellesforbundet og LO sentralt uttrykte at dei var nøgde med løysinga, etter at Arbeidarpartiet hadde avgjort at det blei elektrifisering fyrst i andre fase.

Både NHO og Norsk Olje og Gass, oljeselskapa si interessegruppe, kritiserte også vedtaket, og var her redde for rammevilkåra og føreseielegheita til oljebransjen. Elektrifisering utover det Statoil sjølv hadde føreslått, betydde for dei auka kostnader. Alle desse har klart vore premissleverandørar inn i debatten, og vi ser at alle har gått gjennomslag, ved at løysinga blei eit kompromiss.

### Godt eller dårleg klimatiltak som vikarierende argument

Vi ser vidare at spørsmålet og argumenta om elektrifisering var eit godt klimatiltak eller ikkje, blei mest brukt av desse ulike næringsinteressene. Her går striden på at sidan ein er innanfor kvotemarknaden, så vil ikkje elektrifisering føre til at globale utslepp går ned, men at ein berre

flyttar kvoter og dermed utslepp, til andre stadar i verda. Å elektrifisere i Noreg blir då eit veldig dyrt tiltak, med liten eller ingen effekt. Motargumentet er at kvotesystemet i dag ikkje fungerer fordi ein har overskot på kvoter, og at dette argumentet dermed ikkje gjaldt, og at det ville hjelpe å kutte kvoter nasjonalt. Dei som hadde lidande økonomiske interesser i dette, Norsk Olje og Gass, NHO og LO Industri Energi køyrte hardt på at dette var eit dårleg klimatiltak. Aasheim i Statoil sa også at det var lokal ekstremспорт, etter at opposisjonen forlanga fullelektrifisering. På den andre sida ser vi også at kraftbransjen, som nettopp tener på å selje straumen og presse opp prisane, argumenterte for dette var eit bra tiltak, gjennom at dei leverte ein rapport som sa at prisen på tiltaket var veldig lav, berre 40 kroner per kutta tonn CO<sub>2</sub>.

På den politiske sida ser vi at opposisjonen argumenterte med at dette var store, nye utslepp, og at det dermed ikkje var snakk om å frigjere utslepp som allereie var medrekna i kvotesystemet. Dei brukte også argumentasjonen om at kvotesystemet ikkje fungerer, og at alle land måtte ta sine utslepp for å få dei ned. Vik (Ap) uttalar sjølv at ein her tona ned viktigheita av kostnadsaspektet som elles var lagt inn i Klimaforliket, fordi at ein her såg det som vanskeleg å nå klimamåla om ein slapp ut ein million ekstra tonn CO<sub>2</sub>. Dei var villige til å betale for tiltaket, sjølv om det var dyrt, for at Noreg skulle nå sine klimamål. Samtidig ser vi at dei heile tida meinte prisane var pressa opp. Hadde ein fått ein lågare pris, hadde det vore enklare for dei å argumentere for fullelektrifiseringa. Her ser ein likevel at det at Noreg ikkje når sine nasjonale klimamål, var viktigare enn spørsmålet om dette var eit godt globalt klimatiltak eller ikkje.

Høgre haldt heile tida på at ein burde elektrifisere om det var kostnadseffektivt, og uttalte aldri at dei var i mot elektrifisering fordi det ikkje var eit godt klimatiltak globalt. For dei var kostnadsspørsmålet som avgjorde. FrP, på den andre sida, var klare på at dette ikkje fekk ned globale utslepp, men kunne altså vere med på det om det var kostnadseffektivt.

Ut frå dette ser ein at argumentet om dette var eit godt eller dårleg klimatiltak, i stor grad blei brukt som eit vikarierende argument hos dei med økonomisk interesse i saka, og i liten grad direkte var avgjerande og eit stridspunkt på det politiske planet.

### Ueinigheit mellom oljeselskapa?

Det ser også ut som det var ein interessekamp internt i oljeselskapa. Det var usemje om kva kraft som skulle leggjast til grunn, kven som skulle betale og kva løysingar som skulle veljast. Lundin blei skulda for å stikke kjeppar i hjula, og fleire kjelder peikar på at samarbeids- og koordineringsproblem har vore utfordrande. Aasheim peikar likevel på at dette ikkje er noko nytt når ein skal samarbeide og forhandle på sokkelen. Eg har som tidlegare nemnt ikkje

grunnlag for å konkludere med enten eller her, men rykta om usemje mellom oljeselskapa ser ut til å ha fått ein del av opposisjonen styrka i trua på at dei talla selskapa la fram, ikkje stemte, og lure på om selskapa prøvde å lure seg unna elektrifiseringa. Samtidig har vi også sett at SV, KrF og Venstre har ein motivasjon for å spele på dette, for å presse på for større politisk styring av petroleumssektoren.

### Vegen mot vedtaket i Stortinget – Ap frå kupp til kompromiss

Til slutt ser ein likevel at ei tvungen fullelektrifisering blei samrøystes vedtatt i komiteen og på Stortinget, innan 2022, altså i forbindelse med fase 2 og ikkje fase 1 av Johan Sverdrup-utbygginga. Vedtaket er heilt klart eit kompromiss, med Arbeiderpartiet som den avgjerande brikka. Dei kan støtte vedtaket, fordi det ikkje går på bekostning av utsetjingar for deira næringsinteresser, og kan i tillegg hevde at regjeringa aldri hadde gått inn for fullelektrifisering utan at vedtaket frå opposisjonen kom. Klimamakt, check. Regjeringa kan også støtte det, fordi det er innan for kostnadsrammene som Statoil hadde lagt fram og føreslått, altså ei tofasa utbygging, samtidig som dei også kan hevde at opposisjonen snudde frå det opphavelige vedtaket og tok til fornuft etter press frå dei og fagbevegelsen. Dei kan framleis seie at dei uansett ville jobba for ei fullelektrifisering i fase 2, og dermed vise kostnadseffektiv handlingskraft i klimapolitikken. Det blir ord mot ord. Resten av opposisjonen har fått ei fullelektrifisering, ikkje frå dag 1, og er kanskje dei største taparane i vedtaket. Fleire av dei meiner at dei har blitt lurt av Arbeiderpartiet, men dei har likevel fått gitt eit signal til Statoil om at dei ikkje sjølve kan velje om det blir fullelektrifisering i fase 2, det har opposisjonen bestemt at dei skal gjere. Dermed har dei vist oljesektoren at dei ligger under politisk styring, og ikkje berre kan gjere som dei sjølve vil.

Argumentet til opposisjonen, om at det å nå klimamåla var det viktigaste her, blir likevel svekka og eit paradoks, særleg for Arbeidarpartiet, sidan ein til slutt gjekk inn for ei fullelektrifisering frå 2022, altså to år etter klimamåla skal vere oppnådd, i 2020.

### Oppsummert

Denne hypotesen forklarar godt kvifor vedtaket kom. Vi ser ei klar koalisjonsbygging og interessekamp med ulike mål og løysingar mellom opposisjonspartia, miljøbevegelsen og kraftbransjen på den eine sida, og regjeringspartia, med støtte frå oljenæringa, NHO og LO på den andre. Vi ser også at kraftbransjen, oljenæringa, NHO og LO, som ikkje jobbar med klimapolitikk som saksområde på heiltid blir aktivert, fordi dei blir påverka av vedtaket. Dei var i stor grad med på å definere saka. Dette forskauv maktgrunnlaget mellom aktørane, og vi

såg at opposisjonspartia kuppet saksbehandlingen til OED og regjeringen i saken. Ressurssmessig ser vi at representanter som Holmås (SV), Ropstad (KrF), Elvestuen /Rødningby (V), Aasland/Vik (Ap) og Kaski (Zero) la mykje arbeid i saka, og var avgjerande for presset for at utfallet blei som det blei. Samtidig ser vi også at særleg fagbevegelsen gjennom LO og også oljebransjen var ei viktig støtte for regjeringsspartia, for å presse på at vedtaket ikkje skulle føre til utsetjingar.

Det endelege vedtaket er klart eit resultat av kompromiss og forhandlingar, der ein ikkje fekk elektrifisering frå oppstartsfasen, som opposisjonen i utgangspunktet sa då dei kuppet prosessen. Årsaka til det er fyrst og fremst at Arbeidarpartiet, som hadde flest mandat og dermed den sterkaste stemma i Stortinget og blant opposisjonen, gjekk inn for at fullelektrifiseringa skulle skjje innan 2022. Dette fordi dei ikkje kunne gå inn for noko som førte til utsetjingar på prosjektet, og tap av kontraktar til den norske leverandørindustrien. Vi ser også at motivasjonen for vedtaket truleg er meir enn å få til ei fullelektrifisering og å oppnå dei nasjonale klimautsleppsmål. Ap ønskjer gjerne å vise klimamakt over regjeringen, og resten av opposisjonen vil gjerne vise tenner mot oljeindustrien og skjerpe krava til dei.

#### **5.4 Politikk som tolking av situasjonsbestemte hendingar**

Også denne hypotesen forklarar vedtaket godt, og vi skal i diskusjonen sjå at eg argumenterer for at det er ein nødvendig betingelse for H3, og dermed vedtaket. Vi ser at Klimaforliket har ei klar kopling til saka, at regjeringsskiftet og leiarskiftet i Arbeidarpartiet var viktig og at det er mykje som tyder på at vedtaket var eit eingongstilfelle.

##### Klimaforliket – aukande fokus på klima

For det fyrste ser vi altså at vektlegginga av Klimaforliket, altså eit tidelegare vedtak og ei dagsaktuell sak, og det at Noreg må nå nasjonale utsleppsmål, har fått stor merksemd, særleg hos opposisjonen og deira allierte. Ein ser klart at dei var villige til å ofre eksisterande rammevilkår og prinsipp om kostnadseffektivitet i klimapolitikken og petroleumpolitikken, for å nå Noreg sine mål om utsleppsreduksjonar. Dette påpeikar fleire av informantane mine frå begge sider, at klima for fyrste gong no trumfa oljeinteresser. Opposisjonen uttaler at dei hadde svært vanskeleg for at ein no skulle tillate nye CO<sub>2</sub>-utslepp, fordi det ville kome på toppen av dei Norge allereie sleit med å kutte.

##### Regjeringsskiftet

Eit anna viktig hending, er at ein i det tidsrommet som saka pågjekk, fekk eit regjeringsskifte frå ei fleirtalsregjering av Ap, SV og SP til ei mindretalsregjering med Høgre og FRP hausten

2013. Her var den nye regjeringa avhengig av støtte frå samarbeidsavtalen med Venstre og KrF, for å få gjennom sine saker. Dette har vore svært avgjerande i denne saka, sidan desse to partia, når dei ikkje fekk gjennomslag for sine ønskjer om fullelektrifisering hos regjeringa, gjekk til Ap og resten av opposisjonen, for å få det gjennom likevel. Regjeringsskiftet ga KrF og Venstre klare moglegheiter for innflytelse, samtidig som nødvendigheita for å få gjennom sine saker, er større, både for å legitimere for sine veljarar at dei er med i samarbeidsavtalen og støttar regjeringa og for å få gjennom sine saker. Samarbeidspartia var likevel klart avhengig av å få Ap, med sine mange mandat, til å stemme for dette i Stortinget, for å få fullelektrifisering gjennom.

Fleire av informantane mine peikar vidare på at dette aldri ville ha gått gjennom om Ap satt i regjering sjølv. Dette ser vi også gjennom at dei til slutt ikkje gjekk for fullelektrifisering i fase 1, for å sikre næringsinteressene, som er eit stort grunnlag for stemmene deira. Å gå frå å vere i posisjon til å vere i opposisjon, gir klart moglegheiter for å føre ei hardare linje, så vi ser her at regjeringsskiftet førte til eit endra moglegheitsrom for å framstå om klimavennlege, utan at det ville koste for mykje. SV har også eit heilt anna moglegheitsrom for å marknadsføre sin politikk i opposisjon, fordi dei då i mindre grad enn tidlegare må lage kompromiss med Arbeidarpartiet. Vi ser at dei har vore ei veldig sterk stemme her, og har gått langt i å kritisere både oljeselskapa, OED og Tord Lien og regjeringa. .

Vi ser altså klart at moglegheitsrommet for kva ein kan få gjennom, har endra seg på grunn av valresultatet. Interessene til partia er framleis dei same, men moglegheitene for å stå hardt på krava, og å drive politisk spel, er større med ei mindretalsregjering.

#### Ap med ny leiar, og i ei meir klimavennleg retning

Eit anna moglegheitsrom, ser vi også hos Ap, i det at dei fekk eit leiarskifte i partiet medan elektrifiseringssaka gjekk, frå Jens Stoltenberg til Jonas Gahr Støre, våren 2014. Dette, kombinert med at mange meiner partiet anerkjente at dei hadde tapt valet hausten 2013 på klima, gjorde at ein no lettare kunne gå i ei ny, meir klimavennleg retning. Fleire av informantane mine, på begge sider av saka, peikar på at Jens Stoltenberg, som ofte også blir kalla kvotesystemets far, aldri ville ha godtatt at Ap gjekk så langt i elektrifiseringsvedtaket, fordi han hadde veldig trua på at det måtte internasjonale mekanismar til for å få bukt med klimaendringane. Dette leiarskiftet kan altså seie å vere avgjerande for at Ap gjekk så langt i forhandlingane i elektrifiseringssaka, og dermed for at vedtaket blei som det blei.

#### Eingongstilfelle eller permanent endring mot klimastyrt petroleumspolitik?

Noko som stadfestar at vedtaket var situasjonsbestemt, er også at sjølv om fleire av informantane mine peikar på at dette var eit vedtak som understreka viktigheita av å vise handling i klimapolitikken og å følgje opp Klimaforliket, så det usikkert om dette er eit permanent handlingsfokus på området. Kaski i Zero seier at klimafokuset i politikken går veldig opp og ned. Rødningsby (V) er usikker på kor mykje vedtaket vil ha å seie vidare. Sande i LO Industri Energi peikar vidare på at Ap med Jonas Gahr Støre gjekk hardt ut klimamessig, men no har moderert seg etter korreksjon frå dei. Kaski peikar også på at det var dynamikken og konkurransesituasjonen mellom Ap og regjeringa som var gunstig for å få til vedtaket. At Ap gang på gang understreka at det å gripe inn i petroleumspolitikken på denne måten, var eit eingongstilfelle, understrekar dette. Det kan dermed sjå ut som at dette var eit moglegheitsrom som kom no, men som ikkje nødvendigvis vil føre til ein konsensus og ei permanent endring i klimapolitikken overfor petroleumsindustrien.

### Oppsummering

Denne hypotesen forklarar også ein stor del av prosessen. Vi ser at Klimaforliket frå 2008, og målet om at Noreg må nå nasjonale utsleppsmål har vore vektlagt i stor grad, særleg frå opposisjonen si side. Vidare ser vi også at regjeringsskiftet hausten 2013 ga saka ein ny karakter, gjennom at KrF og Venstre, to parti som kan seiast å vere meir klimavennlege enn petroleumsvennlege, fekk nye moglegheiter for innflytelse, samtidig som Ap og SV no var i opposisjon, og kunne presse sterkare og gå lenger enn då dei var i regjering. Dette er klart eit nytt moglegheitsrom. Også det at Jonas Gahr Støre var ny leiar i Arbeidarpartiet, og med friskt blod kunne føre partiet i ei meir klimapolitisk retning enn det tidlegare leiar Jens Stoltenberg kanskje ville godtatt, er eit slikt moglegheitsrom. I tillegg ser vi at det er stor usikkerheit om at dette er ei permanent endring mot ein meir klimastyrte petroleumspolitikk, særleg fordi Arbeidarpartiet, den sterkaste parten i dette, understreka at det var eit eingongstilfelle. Dette stadfestar at dette passar under det situasjonsbestemte perspektivet.





## 6 Diskusjon og konklusjon

Etter analysen, er statusen til dei ulike hypotesane altså følgjande:

*H1: Elektrifiseringsvedtaket kom som følgje av rasjonell samfunnsplanlegging, å elektrifisere sokkelen er samfunnsøkonomisk lønnsamt. – stemmer ikkje*

*H2: Elektrifiseringsvedtaket kom som følgje av eksisterande institusjonelle rutinar, reglar, rammeverk eller handlingsprogram hos behandlande departement – stemmer ikkje*

*H3: Elektrifiseringsvedtaket kom som følgje av ulike interesser, maktkoalisjonar og forhandlingar, der aktørane har inngått kompromiss for å oppnå resultatet, og den sterkaste koalisjonen vann fram - stemmer og forklarar mykje*

*H4: Elektrifiseringsvedtaket kom som følgje av eit moglegheitsvindu, med samanfall med aktuelle hendingar eller andre vedtak – stemmer og forklarar mykje*

Oppsummert kan ein dermed seie at det er to hypotesar, H3 og H4 som skil seg ut og forklarar saka, samtidig som det er nokre trekk ved H1 og H2 som også har ei viss forklaringskraft, sjølv om hypotesane ikkje kan seiast å stemme.

### 6.1 Kvifor kom vedtaket?

Det enkle svaret er jo at det blei fleirtal og til slutt einigheit i Stortinget om tvungen fullelektrifisering av Utsira. Vegen fram mot vedtaket er likevel kompleks, og forholdet mellom H3 og H4 er særleg avgjerande. For å gi svar på problemstillinga, dreg eg fyrst fram funna frå dei to hypotesane som ikkje stemmer, før eg diskuterer forholdet mellom dei to bekrefta hypotesane, og konkluderer vidare med at at H4 er ein nødvendig betingelse for H3.

Forholdet mellom H1 og H2, beskriver godt dei *planane* regjeringa hadde for elektrifiseringssaka. Regjeringspartia snakka heile tida om at kostnadseffektivitetsanalyser, eller rasjonell samfunnsplanlegging, var det som skulle bestemme om tiltaket skulle gjennomførast eller ikkje. Dette ser ein også har vore grunnlaget for oppfølginga til Olje- og energidepartementet. Hadde dette vore ein normal saksgang, ville OED ha følgd opp saka fram til PUD-behandlinga i Stortinget våren 2015. Dette blei altså ikkje tilfelle, og ein ser at både det rådande regimet om kostnadseffektivitet OED si behandlinga av saka, blei kuppet av opposisjonen. Vi ser også at OED har vore den sterke part her, og at det kan sjå ut som at Klima- og miljødepartementet har hatt lite å seie i prosessen. Dette stadfestar det institusjonelle perspektivet, med strid mellom ulike verdisyn, der eigaren av saka, OED, har hatt mest å seie, og at oljeinteressene klart har vore sterkast institusjonalisert. Vi ser likevel ikkje at det

dominerande verdisynet var det som førte til fullelektrifisering. At klimaomsynet her fekk for lite å seie, er truleg også noko av årsaka til at opposisjonen greip inn, med Klimaforliket som peikefinger. Misnøye med eksisterande institusjonelle rutinar og vilje til å ofre rasjonell samfunnsplanlegging, forklarar altså også noko av grunnen til kvifor vedtaket kom. H1 og H2 blir dermed avkrefta.

I forholdet mellom H3 og H4, ser vi at Klimaforliket har ligge som eit situasjonsbestemt bakteppe heile tida, og at den gjentakande argumentasjonen hos opposisjonen, er at ein ikkje når dei nasjonale utsleppskuttmåla, om ein ikkje fullelektrifiserer Utsirahøyden. Ein kunne ikkje sleppe ut så mange nye millionar tonn CO<sub>2</sub>, som ville kome i tillegg til dei eksisterande CO<sub>2</sub>-utsleppa ein allereie sleit med å kutte i Noreg, og likevel hevde at ein tok klimamåla seriøst. Vidare ser vi at det er regjeringsskiftet frå ei fleirtalsregjering til ei mindretalsregjering som skapte eit moglegheitsrom for at ein kunne få til ein ny forhandlingsituasjon. Sjølv om regjeringspartia har støtte frå samarbeidsavtalen med partia Venstre og KrF, var dette ei sak dei ikkje kunne bli einige om, og KrF og Venstre søkte dermed støtte hos resten av opposisjonen i Stortinget, der Arbeiderpartiet stod klar til å køyre på mot regjeringa. Vi ser at fleire av informantane peikar på at det var når Arbeidarpartiet kom inn og var villige til å gå for representantforslaget til SV, at saka verkeleg byrja å rulle. Og det er klart at saka aldri hadde blitt så stor, utan Arbeidarpartiet si støtte og mange mandat på Stortinget.

Arbeidarpartiet stod likevel på ein del punkt også nærmare regjeringa, og skapte intern ueinighet på opposisjonssida. Dei understreka for eksempel at dette ville vere eit eingongsinngrep overfor rammevilkåra til petroleumssektoren, som Høgre og FrP også var svært opptatt av. Vi ser også at Ap var dei som var avgjerande for at ein til slutt likevel ikkje kravde fullelektrifisering i fase 1, men frå fase 2. Årsaka til dette er truleg at dei måtte ta innover seg uroa og presset frå fagbevegelsen, om å unngå kostbare utsettingar på Johan Sverdrup, og tap av arbeidsplassar og kontraktar til norsk industri, noko Høgre og FrP også la vekt på heile tida. For dette fekk Ap kritikk av KrF og SV, som meinte at den opphævelege avtalen mellom dei klart var fullelektrifisering frå oppstartsfasen. KrF meinte også at regjeringa i heile tida hadde vore klare på at ein kunne få til ei fullelektrifisering, i fase to. Dette avviste Arbeidarpartiet, og trudde at det aldri ville ha kome ein fullelektrifisering, om dei ikkje hadde gripe inn no. Ein kan dermed seie at regjeringsskiftet førte til at Ap både var avgjerande for at tvungen fullelektrifisering blei forhandla om, og for at det endelege vedtaket blei eit kompromiss.

Vi ser også at regjeringkonstellasjonen mogleggjorde eit politisk spel, der ein kan stille spørsmål ved dei om det var fleire motivasjonar enn å oppnå måla Klimaforliket. Uroa for Klimaforliket er nok heilt klart reell, men SV, KrF og Venstre er også opptatt av å stille sterkare krav til oljeindustrien og å endre dei eksisterande rammevilkåra overfor dei. Særleg SV har ei sterk stemme mot oljeindustrien, og meiner at dei har alt for stor makt, og alle desse tre partia mistenke samrøre mellom OED og oljeselskapa. Å svekke denne makta har nok dermed også vore ein stor motivasjon for dei. Arbeiderpartiet på si side, er i mykje større grad enn både KrF, Venstre og SV eit «oljeparti», og vi såg av partiprogrammet deira at dei vil legge rette for framleis høg utvinning frå petroleumssektoren, og tradisjonelt, gjennom Jens Stoltenberg, har vore opptatt av å spele på dei internasjonale mekanismane i klimapolitikken. Dermed er det litt oppsiktsvekkande at Arbeidarpartiet gjekk så langt i å ville pålegge petroleumssektoren fullelektrifisering, og å gå bort i frå dei eksisterande rammevilkåra, som dei sjølv hadde vedtatt i petroleumsmeldinga. At dei til slutt vedtok fullelektrifisering frå 2022, for å sikre industrien arbeidsplassar, kan vise at klimapolitikken kjem i andre rekke for dei, og svekker også argumentet om å nå måla i Klimaforliket innan 2020. Dette igjen underbyggjer at motivasjonen for å vere med på å krevje fullelektrifisering også truleg var å påføre regjeringa eit nederlag, og vise klimamakt. Her ser også at leiarskiftet, med tidlegare leiar og sosialøkonom Jens Stoltenberg, kvotesystemets far, ute av biletet og regjeringsskiftet no gjorde at ein kunne gå lenger i og presse meir på i klimapolitikken enn ein hadde gjort før.

Vidare er dei politiske standpunkta i dei ulike sidene av mindretalsregjeringkonstellasjonen viktig, og set i sving ein del mekanismar. Det at det var FrP og Høgre som sat i regjering og var i mindretal, var avgjerande. FrP, er som vi har sett, eit parti som for det fyrste ikkje set klimapolitikk veldig høgt, og som for det andre sterkt argumenterer for internasjonale mekanismar, og ikkje nasjonale avgifter, når dei likevel skal gjere ein innsats for klimaet. Høgre er også forkjempar for dei internasjonale mekanismane, og har argumentert hardt for at klimatiltak skal vere kostnadseffektivt. Dette gjorde at dei blei eit lett bytte for opposisjonen, som her var villige til å gå lenger og utover kostnadseffektivitetsprinsippet, for å få dette gjennomført. Det same presset for å få gjennomført tiltaket ville dermed truleg ikkje, på bakgrunn av Høgre og FrP sine politiske standpunkt, kome om det var Arbeiderpartiet som sat i ei regjering. Vi ser vidare at mange også sår tvil om at Arbeiderpartiet ville ha køyrt saka så hardt om dei sjølv sat i regjering. Dei måtte då i større grad ha halde seg til dei rammevilkåra dei har satt for petroleumsvirksemda.

Til saman viser dette forholdet mellom dei to hypotesane at H4 er ein nødvendig betingelse for H3, fordi forhandlingsmekanismene ein såg her, truleg ikkje ville vore til stades om ein ikkje hadde fått regjeringsskiftet, leiarskiftet til Arbeidarpartiet og om Klimaforliket og dei norske utsleppa ikkje hadde hatt så stor betyding. H4 er ikkje ein tilstrekkeleg betingelse for H3, for det er ikkje sikkert at H3 ville skjedd sjølv om ein hadde H4, regjeringsskiftet. Det blir hypotetisk.

## 6.2 Oppsummering og konklusjon

Vedtaket om tvungen fullelektrifisering av Utsirahøyden innan 2022, kom altså fordi situasjonsbestemte hendingar som regjeringsskiftet, Ap sitt leiarskifte og Klimaforliket skapte eit moglegheitsrom for politisk interessehevding og forhandling om klimapolitikk overfor petroleumssektoren. Etter regjeringsskiftet hausten 2013 utgjorde FrP og Høgre ei mindretalsregjering, med ein samarbeidsavtale med KrF og Venstre. I spørsmålet om å tvinge gjennom ei fullelektrifisering, var ikkje dei fire partia einige, og KrF og Venstre fekk då med seg Arbeiderpartiet på laget, som gjennom partileiarskiftet og opposisjonsrolla også hadde eit nytt moglegheitsrom for å presse hardare på (og vinne stemmer) i klimapolitikken. Klimaforliket og målet om å kutte nasjonale klimagassutslepp har vidare vore ein klar pushfaktor for vedtaket, og blei av opposisjonen stilt over dei eksisterande rammevilkåra og verkemidla for petroleumssektoren, CO<sub>2</sub>-avgift og kvotekjøp.

Klimaaspektet ved saka, gjennom Klima- og miljødepartementet si stemme, har vore svakast institusjonalisert, sett opp mot Olje- og energidepartementet, som det ser ut som tenderer til å sjå på klimapolitikk i eit kostnadseffektivitetsperspektiv. Vidare ser vi at *misnøye* med den institusjonelle måten å gjennomføre dette på, gjennom nettopp OED si oppfølging av saka og PUD-behandlinga der Stortinget kjem for seint inn for å kunne ha noko å seie, også var ei årsak til at kravet om fullelektrifisering kom, særleg frå Venstre, KrF og SV.

Likevel ser vi at det endelege vedtaket om fullelektrifisering er eit kompromiss, truleg fordi næringsinteressene i Arbeiderpartiet vog tyngre enn klimainteressene. Dei kunne ikkje tvinge gjennom ei fullelektrifisering frå oppstartsfasen, fordi dette ville føre til utsetjingar av Johan Sverdrup-utbygginga og dermed tap av kontraktar og arbeidsplassar for leverandørindustrien.

Vi ser her at funna mine støtter Sjur Kasa sin konklusjon om konflikhtar mellom næringsinteresser og klimapolitikk med nasjonale kuttambisjonar. Næringsinteressene til petroleumssektoren er klart sterkast institusjonalisert i denne saka, og det er dermed heller ikkje overraskande at gjennomslaget for elektrifisering må skje gjennom eit moglegheitsrom, som

H4 viser. Så står det att det å sjå vidare, om dette var eit eingongstilfelle som styrkar H4, eller om det har blitt eit politisk fleirtal for strengare klimakrav overfor petroleumsindustrien, som styrkar H3. Arbeidarpartiet si understreking av at dette var eit eingongstilfelle og at dei sette næringsinteressene så høgt, og regjeringa sine standpunkt til det, gjer sistnemnte heller tvilsamt, og styrkar at dette vedtaket berre var nettopp eit moglegheitsrom på eit gunstig tidspunkt, med mindretalsregjering og moglegheit for politisk spel om klimastemmer.

### **6.3 Vidare forskning**

Konklusjonen min om at det her måtte eit moglegheitsvindu til for å få gjennom elektrifiseringsvedtaket, gjer det openbart interessant å sjå vidare på korleis andre nasjonale klimakutt blir behandla i tida framover, særleg innanfor den utsleppsintensive industrien. Ein slit framleis med å få ned dei nasjonale utsleppa ein har forplikta seg til å kutte, så slike saker vil truleg kome. Eit relevant spørsmål her, er å sjå korleis Arbeidarpartiet, Høgre og Frp, som sitter med 2/3 av mandata på Stortinget, vil handle. I denne saka er det openbart at det er vanskeleg for dei å la klimaet gå før næringsinteresser og økonomi. Kva vil skje vidare om vi får ei nytt stort oljefunn på norsk sokkel? Kva vil Arbeidarpartiet, og for så vidt Høgre og FrP, gjere då? Blir det, frå Ap si side, eit nytt eingongstilfelle, eller er Jonas Gahr Støre fastspent i ei tvangstrøye frå LO?



## 7 Litteraturliste

### Informantar

*Intervjua er gjennomført i perioden april-juni 2015*

- **Amund Vik**, politisk rådgivar for energi- og miljø, Arbeiderpartiet.
- **Audun Rødningsby**, politisk rådgivar for miljø, Venstre.
- **Elen Richter Alstadheim**, fagdirektør Klima- og miljødepartementet.
- **Geir Nordvik**, tidlegare Electrical Lead, Statoil (2007-2013).
- **Hans Jørgen Samuelsen**, prosjektleiar i Statoil for studien om kraft frå land til Utsirahøyden
- **Ivar Aasheim**, Statoil sin sjef for feltutvikling i Norge.
- **Kari Elisabeth Kaski**, tidlegare nestleiar for Zero.
- **Kjell Ingolf Ropstad**, tidlegare energi- og miljøpolitisk talsmann, Kristelig Folkeparti.
- **Leif Sande**, leiar av LO Industri Energi.
- **Oskar Grimstad**, energi- og miljøpolitisk talsmann, Fremskrittspartiet.
- **Svein Sundsbø**, politisk rådgivar for tidlegare olje- og energiminister Ola Borten Moe (2011-2013), Senterpartiet.
- **Tord Lien**, Olje- og energiminister (2013-d.d), Fremskrittspartiet.

### Faglitteratur

Allison, G. og Zelikow, P. (1999). *Essence of Decision. Explaining the Cuban Missile Crisis* (2.utg.). New York: Longman.

Hancké, B. (2009). *Intelligent Research Design. A Guide for Beginning Researchers in the Social Sciences*. Oxford: Oxford University Press.

Jacobsen, D.I. og Thorsvik, J. (2013). *Hvordan organisasjoner fungerer* (4.utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Kasa, S. (2013). Elitepreget klima- og bærekraftspolitik. I Almås, R., Smedshaug, C.A., Campbell, H. og Bjørkhaug, H. (Red), *Fram mot ein berekraftig og klimatilpassa norsk landbruksmodell*. Oslo: Akademika.

Moses, J. W. og Knutsen, T.L. (2012). *Ways of knowing. Competing methodologies in social and political research*. New York: Palgrave.

Olsen, J.P. (1989). *Petroleum og politikk. Det representative demokratiets møte med oljealderen*. Oslo: Tano.

Osmundsen, P. (2014). Elektrifisering som klimatiltak? En samfunnsøkonomisk analyse. *Samfunnsøkonomen* 2012(1), 17-19.

Rosendahl, K.E. (2014). Elektrifisering og klimapolitikk. *Samfunnsøkonomen* 2014(5), 14-17.

Sandberg, E. (2011). *Elektrifisering av sokkelen som klimatiltak: Når hensynet til kostnadseffektivitet blir satt til side*. Masteroppgåve, Universitetet i Oslo, Oslo.

### Offentlige publikasjoner

Dokument 8:58 S (2013–2014). (2014). *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Heikki Eidsvoll Holmås om å sikre kraft fra land-løsning for hele Utsirahøyden*. Henta frå <https://www.stortinget.no>

Dokument nr.15:372 (2013-2014). (2014). *Skriftlig spørsmål fra Heikki Eidsvoll Holmås (SV) til olje- og energiministeren*». Henta frå <https://www.stortinget.no>

Innst. 356 S (2011-2012). (2012). *Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om utbygging og drift av Edvard Grieg-feltet*. Oslo: Energi- og miljøkomiteen. Henta frå <https://www.stortinget.no>.

Innst. 305 S (2012-2013). (2013) *Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om utbygging og drift av Ivar Aasen-feltet*. Oslo: Energi- og miljøkomiteen. Henta frå <https://www.stortinget.no>.

Innst. 306 S (2012-2013). (2013). *Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om utbygging og drift av Gina Krog-feltet*. Oslo: Energi- og miljøkomiteen. Henta frå <https://www.stortinget.no>.

Innst. 237 S (2013-2014). (2014). *Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Heikki Eidsvoll Holmås om å sikre kraft fra land-løsning for hele Utsirahøyden*. Oslo: Energi- og miljøkomiteen. Henta frå <https://www.stortinget.no>



Klima- og forurensningsdirektoratet. (2013). *Utslipp av klimagasser 1990 – 2010. Trender og drivkrefter*. Oslo: Klima- og forurensningsdirektoratet. Henta frå

<http://www.miljodirektoratet.no>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2013). *Stortingsvalget*. Oslo: Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Henta frå <https://www.regjeringen.no/>

Meld. St. 28 (2010-2011). (2011) *En næring for framtida – om petroleumsvirksomheten*. Oslo: Olje- og energidepartementet.

Meld. St. 21 (2011–2012). (2012). *Norsk klimapolitikk*. Oslo: Miljøverndepartementet

Miljødirektoratet. (2015a). *Utslipp av klimagasser fra olje- og gassvirksomhet*. Henta frå <http://www.miljodirektoratet.no>

Miljødirektoratet. (2015b). *Kvotepris for beregning av årlig CO<sub>2</sub>-kompensasjon*. Henta frå <http://www.miljodirektoratet.no>

Oljedirektoratet. (2012). *Elektrifiseringsvurderinger for midte nordsjø*. Rapport. Oslo: Oljedirektoratet. Henta frå <http://www.npd.no>

Oljedirektoratet og NVE. (1997). *Elektrisitet fra land til olje- og gassvirksomheten*. Rapport. Oslo: Oljedirektoratet

Oljedirektoratet og NVE. (2002). *Kraftforsyning fra land til sokkelen. Muligheter, kostnader og miljøvirkninger*. Rapport. Oslo: Oljedirektoratet.

Oljedirektoratet, NVE, Statens Forurensingstilsyn og Petroleumstilsynet. (2008). *Kraft fra land til norsk sokkel*. Rapport. Oslo: Oljedirektoratet. Henta frå <http://www.npd.no>

Olje- og energidepartementet. (2014a). *Kraft fra land til Utsirahøyden*. Oslo: Olje- og energidepartementet. Henta frå <https://www.regjeringen.no>.

Olje- og energidepartementet. (2014b). *Konseptvalg for Sverdrup-funnet*. Oslo: Olje- og energidepartementet. Henta frå <https://www.regjeringen.no>

Statsbudsjettet. (2013). *CO<sub>2</sub>-avgift – petroleumsvirksomheten*. Oslo: Finansdepartementet. Henta frå <http://www.statsbudsjettet.no/>

St.meld. nr. 41 (1994-95). (1996). *Norsk politikk mot klimaendringer og utslipp av nitrogenoksider (NO<sub>x</sub>)*. Oslo: Miljøverndepartementet.

Stortinget. (2014a) *Representantforslag*. Henta frå <https://www.stortinget.no>

Stortinget. (2014b). *Møte torsdag den 12.juni 2014 kl.10. Sak 6: Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Heikki Eidsvoll Holmås om å sikre kraft fra land-løsning for hele Utsirahøyden*. Henta frå <https://www.stortinget.no>

St.prp.1 (1990-91). (1990) *Miljøverndepartementets budsjett for 1991*. Oslo: Miljøverndepartementet.

## Avis- og nettsideartiklar frå dokumentstudien

### **Nettsideartiklar**

Add Energy. (2014). *Kraft fra land til Utsirahøyden*. Oslo: Energi Norge. Henta 30.mars 2015, frå [http://www.energinorge.no/getfile.php/FILER/NYHETER/ENERGIPRODUKSJON/Kraft\\_fra\\_land\\_til\\_Utsirahoyden\\_Add\\_Energy.pdf](http://www.energinorge.no/getfile.php/FILER/NYHETER/ENERGIPRODUKSJON/Kraft_fra_land_til_Utsirahoyden_Add_Energy.pdf)

Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti & Venstre (2008). *Avtale om klimameldingen*, Henta 02.november 2014, frå [http://www.regjeringen.no/Upload/MD/Vedlegg/Klima/avtale\\_klimameldingen.pdf](http://www.regjeringen.no/Upload/MD/Vedlegg/Klima/avtale_klimameldingen.pdf)

Arbeiderpartiet. (2013). *Vi tek Noreg vidare. Arbeidarpartiet sitt program 2013-2017*. Henta 20.mai.2015, frå [http://arbeiderpartiet.no/file/download/6394/78722/file/Partiprogrammet\\_2013-2017\\_nynorsk.pdf](http://arbeiderpartiet.no/file/download/6394/78722/file/Partiprogrammet_2013-2017_nynorsk.pdf)

Arbeiderpartiet. (2014). *Elektrifisering av hele Utsira-området*. Henta 15.mars.2015, frå <http://web.retriever-info.com/services/webdocument?documentId=00245720140115195875105&serviceId=2>

Bellona. (2011). *Elektrifisering mye billigere enn antatt*. Henta 03.mars 2015, frå <http://bellona.no/nyheter/olje-og-gass/2011-09-elektrifisering-mye-billigere-enn-antatt>

Fellesforbundet. (2014). *Full elektrifisering må ikke føre til utsettelse*. Henta 20.mars.2015, frå <http://web.retriever-info.com/services/webdocument?documentId=00255820140516204619776&serviceId=2>

Fremskrittspartiet. (2013). *Handlingsprogram for perioden 2013 - 2017*. Henta 20.mai 2015 frå <https://www.frp.no/~ /media/files/politiske-dokumenter/handlingsprogram-2013-2017.pdf?la=nb-no>

Høyre. (2013). *Nye idear, betre løysingar. Høgres stortingsvalprogram 2013-2017*. Henta 12.mai.2015, frå [https://www.hoyre.no/admin/filestore/Filer/Politikkdokumenter/Stortingsvalprogram/Hyresstortingsvalprogram2013-2017nynorsk\\_web.pdf](https://www.hoyre.no/admin/filestore/Filer/Politikkdokumenter/Stortingsvalprogram/Hyresstortingsvalprogram2013-2017nynorsk_web.pdf)

Industri Energi. (2014). *Truer norske arbeidsplasser*. Henta 23.mars 2014, frå <http://web.retriever-info.com/services/webdocument?documentId=00351220140603205768880&serviceId=2>

Kristeleg Folkeparti. (2013). *Kristeleg Folkeparti. Politisk program 2013-2017*. Henta 13.mai 2015 frå <http://www.krf.no/globalassets/vedlegg/politiske-dokumenter/politisk-program-2013-2017-nynorsk-pdf.pdf>

Miljøpartiet De Grønne. (2013). *Arbeidsprogram 2013-2017*. Henta 13.mai 2015, frå [https://www.mdg.no/content/uploads/2014/11/MDG\\_Arbeidsprogram\\_nynorsk.pdf](https://www.mdg.no/content/uploads/2014/11/MDG_Arbeidsprogram_nynorsk.pdf)

NHO. (2014). *-Rokker ved forutsigbarheten*. Henta 23.mars 2014, frå <http://web.retriever-info.com/services/webdocument?documentId=00351820140516204632856&serviceId=2>

Norsk Olje og Gass. (2014). *Norsk sokkel kan svekkes*. Henta 23.mars 2015 frå <http://web.retriever-info.com/services/webdocument?documentId=00649420140516204619794&serviceId=2>

Senterpartiet. (2013). *Prinsipp- og handlingsprogram 2013-2017*. Henta 13.mai 2015, frå <http://www.senterpartiet.no/getfile.php/Bilde Galleri/Fellesfiler/Prinsipp-%20og%20handlingsprogram%202013-2017%2017x24%20nn.pdf>

Sosialistisk Venstreparti. (2013). *Del goda! Arbeidsprogram for Sosialistisk Venstreparti 2013-2017*. Henta 20.mai 2015, frå [http://www.sv.no/wp-content/uploads/2013/12/Arbeidsprogrammet\\_NN.pdf](http://www.sv.no/wp-content/uploads/2013/12/Arbeidsprogrammet_NN.pdf)

Statkraft. (2015). *Vannkraft*. Henta 01.mai 2015, frå <http://www.statkraft.no/Energikilder/Vannkraft/>

Venstre. (2013). *Frihet. Fremtid. Fellesskap. Venstres stortingsvalgprogram 2013-2017.*

Henta 20.mai 2015, frå

[http://www.venstre.no/files/sentralt/program2013/stortingsvalgprogram\\_2013\\_web.pdf](http://www.venstre.no/files/sentralt/program2013/stortingsvalgprogram_2013_web.pdf)

### **Avisartiklar**

Berstad, M., Endresen, R. og Gjerstad, T. (2012, 06.oktober). Lundin starter med gass. *Dagens Næringsliv*, s. 12.

Bertelsen, M. (2012, 02.november). Statoil satser på strøm. *Dagens Næringsliv*, s.18.

Blindheim, A. M. og Lode, V. (2014, 13.februar). -Er i realiteten skrinlegging av planene. *Dagbladet.no*.

Brækken, G. (2014, 12.mars). Ja til fornuftige klimatiltak. *Klassekampen*, s.23.

Gjerde, R. (2014, 29.mai). Ap avlyser stortingskupp om Utsira. *Aftenposten.no*.

Gjerstad, T. og Skarv, K. (2012, 26.april). Han får makten som SV frykter. *Dagens Næringsliv*, s.8.

Haugan, B. (2014, 07.mars). Klima-gapet, *VG*, s.4.

Haugan, B. og Johnsen, A.B. (2014, 19.mai). Historisk angrep på Statoil. *VG*, s.6.

Holmås, H. (2014, 10.mars). Utsira: Profitt eller klima? *Klassekampen*, s.18.

Krekling, D. V., Brekke, A og Sandvik, S. (2014, 16.mai). Opposisjonens krav: Full elektrifisering av Utsirahøyden. *NRK.no*.

Lewis, H.Ø. (2014a, 17.januar). Krever bevis på kostnadsøking for elektrifisering av Utsirahøyden. *Aftenbladet.no*.

Lewis, H.Ø. (2014b, 02.april). Turbo-Tord satt til veggs om elektrifisering. *Aftenbladet.no*.

Lewis, H. Ø. (2014c, 16.mai). Helge Lund: - Vi har presentert en god løsning, *Aftenposten.no*.

Lie, Ø. (2014a, 02.april). Ny rapport: Utsira kan elektrifiseres for bare 40 kroner per tonn CO2. *Tekniskukeblad.no*.

Lie, Ø. (2014b, 02.april). -Får ikke ut nok olje med omformer på stigerørsplattform. *Tekniskukeblad.no*.

Lie, Ø. (2014c, 13.mai). Miljødirektoratet vil elektrifisere Utsirahøyden i ett jafs. *Tekniskukeblad.no*.

Lie, Ø. (2014d, 14.mai). Klima- og miljødepartementet har ikke sett Utsira-tallene. *Tekniskukeblad.no*.

Løvås, J. (2014a, 15.mars). Enklere å gå alene. *Dagens Næringsliv*, s.12.

Løvås, J. (2014b, 13.mai). Kaller krav ekstremt. *Dagens Næringsliv*, s.21.

Martiniussen, E. og Løvås, J. (2014, 09.mai). Kraftkampen. *Dn.no*.

Myrset, O. (2013, 24.juli). 10 milliarder for land-kraft til Utsirahøyden. *Stavanger Aftenblad*, s. 14.

NTB. (2013, 12.desember). Venstre: Klimamålet ryker uten kraft fra land. *NTBTekst*.

NTB. (2014a, 10.februar). KrF vil ha ny vurdering av Utsira-kostnader. *Dn.no*.

NTB. (2014b, 02.april). Ap krever Utsira-avklaring. *Siste.no*.

NTB. (2014c, 16.april). Nektet innsyn. 16.april. *Offshore.no*

NTB. (2014d, 16.mai). Opposisjonen: Hele Utsira må ha kraft fra land. *Tekniskukeblad.no*

NTB. (2014e, 16.mai). LO gir Utsira-løsning tommelen opp. *NTBTekst*.

NTB. (2014f, 16.mai). Lien: -Regjeringen er enig i intensjonen. *Fvn.no*

NTB. (2014g, 21.mai). Oljestastråden i stuss over Utsira-avtale. *Dagbladet.no*

Qvale, P., Ramsdal, R og Taraldsen, L. (2013a, 17.desember). Edvard Grieg-plattform ikke forberedt på elektrifisering tross krav fra myndighetene. *Tekniskukeblad.no*.

Qvale, P., Ramsdal, R. og Taraldsen, L. (2013b, 19.desember) - Plattformen er 100 prosent klar til å kjøre på strøm fra land, *Tekniskukeblad.no*.

Qvale, P., Ramsdal, R. og Taraldsen, L. (2014, 10.februar). Hemmelig dokument kan vise at elektrifisering er mye billigere enn selskapene påstår. *Tekniskukeblad.no*.

Qvale, P. og Taraldsen, L. (2014, 17.mars). Statoil lovet Stortinget elektrifiserings-tall. Så gjorde de helomvending. *Tekniskukeblad.no*.

Ramsdal, R. (2014, 31.mars). Lien nekter å gi Utsira-dokumenter til Stortinget. *Tekniskukeblad.no*.

- Sande, L. (2014, 12.mars). Symboler redder ikke klima. *Klassekampen*, s.23.
- Stenberg, I.J. og Oppedal, M. (2013, 20.desember). Usemje om gigantfunn. *NRK.no/rogaland*.
- Sundberg, J. D. og Lorentzen, M. (2014, 27.mai). Statoil glad for Utsira-avklaring. *E24.no*
- Taraldsen, L. (2013), 20.desember. Statoil benekter forsinkelser og uenigheter i Sverdrup-lisensen. *Tekniskukeblad.no*.
- Taraldsen, L. (2014a, 15.januar). Venstre og KrF: Å droppe elektrifisering er langt fra avgjort. *Tekniskukeblad.no*.
- Taraldsen, L.(2014b, 13.mai). Norges største industriprosjekt kan bli utsatt av Stortinget. *Tekniskukeblad.no*.
- Taraldsen, L. (2014c, 14.mai). -Sverdrup-utsettelse vil være et radikalt inngrep fra Stortinget. *Tekniskukeblad.no*.
- Taraldsen, L. (2014d, 21.mai). Tord Lien slår tilbake mot opposisjonen etter Utsira-kravet. *Tekniskukeblad.no*.
- Tjelta, S. (2012, 25.april). -Klimameldingen gir forutsigbarhet. *Offshore.no*.
- Tollaksen, T.G. (2013, 20.desember). Griper ikke inn. *Stavanger Aftenblad*, s.18.
- Tollaksen, T.G. (2014a, 15.januar). Regjeringen krever ikke elektrifisering av hele Utsirahøyden. *Aftenbladet.no*.
- Tollaksen, T.G. (2014b, 18.februar). Fire av 63 fikk kraft fra land. *Aftenbladet.no*.
- Viseth, E. og Sandvik, S. (2014, 27.mai). SV og KrF: Ap må velge side i Utsira-saken. *NRK.no*.

## **Vedlegg**

### Vedlegg 1: Intervjuguide

- 1) Kva er synet ditt på elektrifisering av Utsira generelt - ulemper og fordelar knytt til kostnadar og klimagassutslepp?
- 2) Kva har vore dei største problema og uenigheitene i prosessen?
- 3) Korleis har Olje- og energidepartementet og Oljedirektoratet sine roller vore i prosessen?
- 4) Korleis har Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet sine roller vore i prosessen?
- 5) Korleis har forholdet mellom OED og KMD vore i prosessen?
- 6) Kva roller har oljeindustrien, fagbevegelsen, kraftbransjen og miljøbevegelsen hatt i prosessen?
- 7) Kva aktørar (politiske og andre) har vore dei viktigaste i prosessen?
- 8) Ser du andre, dagsaktuelle hendingar som kan ha påverka vedtaket?
- 9) Kvifor kom vedtaket om tvungen elektrifisering av Utsirahøyden no?